





FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL
Miljøvernavingdelinga
 Fylkeshuset, 6400 Molde

	Rapport nr: 2/98
	Tilgjengeleg: Open
Tittel: Villrein, inngrep og forstyrningar i Ottadalen villreinområde	Dato: 20.03.98
Forfattar: Ola Betten, Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Sidetal: 120 + kart
<p>Samandrag:</p> <p>Det er gjennomført ei registrering og vurdering av ulike tekniske inngrep og forstyrrende faktorar som kan påverke villreinen i Ottadalen villreinområde. Data for området er samla inn frå kommunar, villreinforvaltning og ulike organisasjonar som brukar Ottadalsområdet.</p> <p>Inngrep og forstyrningar er vurdert ut frå konfliktnivå no og i framtida, og det er foreslått tiltak for å førebygge og rette opp ulemper. Her har ein også sett opp kva verkemiddel som kan brukast, og kven som bør ta ansvar for å gjennomføre tiltak.</p> <p>Konklusjonane er at området så langt er lite påverka av inngrep og forstyrningar, og at dei mest uheldige aktivitetane ligg i ytterkanten av villreinområdet. Framtidige uheldige inngrep kan vere ny kraftline i samband med evt. utbygging av Øvre Otta og bygging av Handspikvegen. Elles ligg dei største farane for reinen i menneskeleg forstyrning frå fjellvandrarar, utfart frå hytteområde eller uheldige effektar av turisme og reiseliv. Det er viktig å organisere villreinjakta slik at presset på reinen vert så lite som råd.</p> <p>Rapporten tek til orde for eit godt samarbeid mellom forvaltarar og brukarar av området. Ein bør evaluere verknaden av gjennomførte tiltak etter nokre år.</p> <p>Rapporten er utarbeidd i tett samarbeid med ei referansegruppe frå kommunar og brukarinteresser. Fire av gruppemedlemmane har ein særmerknad til delar av rapportinnhaldet.</p>	<p>Rapporten omfattar:</p> <p>Norddal Rauma Stranda Stryn Luster Skjåk Lom Vågå Dovre Lesja</p>
<p>Emneord: Ottadalen villreinområde Tekniske inngrep Forstyrningar Konfliktløysing</p>	<p>ISBN 82-7430-106-4 ISSN 0801-9363</p>
<p>Fagansvarleg:</p> <p> Trond Haukebø (seksjonsleiar)</p>	<p>For administrasjonen:</p> <p> Per Fredrik Brun (fylkesmiljøvernsjef)</p>

Villrein, inngrep og forstyrningar i Ottadalen villreinområde

Forord	5
Særmerknad	6
1. Bakgrunnen for prosjektet.....	7
2. Generelle konflikhtar mellom villrein og menneskeleg aktivitet.....	8
3. Ottadalsområdet og arbeidsmetodane i prosjektet.....	11
3.1 Menneskeleg bruk av området.....	11
3.2. Reinen sin bruk av området	12
4. Nasjonale og lokale krav til forvaltninga av villrein og areal i Ottadalsområdet.....	15
4.1 Nasjonale krav.....	15
4.2 Lokale krav og føringar for forvaltning av området.....	17
5. Kommunevis status for arealforvaltninga	19
5.1 Dovre kommune.....	19
5.2 Vågå kommune	20
5.3 Lom kommune	21
5.4 Skjåk kommune	22
5.5 Lesja kommune.....	24
5.6 Rauma kommune.....	25
5.7 Norddal kommune.....	26
5.8 Stranda kommune.....	27
5.9 Stryn kommune	28
5.10 Luster kommune	29
6. Inngrep og forstyrningar uavhengig av kommunegrenser.....	30
6.1. Militær aktivitet på bakken.....	30
6.2. Lågtflyging	30
6.3 Friluftsliv	31
6.4. Jakt, fiske og villmarksturisme	32
6.5. Kraftutbygging og -overføring.....	36
6.6. Utmarksbeite	37
6.7. Tamreindrift.....	38
6.8. Ymse aktivitetar.....	38
7. Aktuelle verkemiddel i forvaltninga av Ottadalsområdet.....	39
7.1 Juridiske verkemiddel	39
7.2 Administrative verkemiddel.....	41
7.3 Økonomiske verkemiddel.....	43
7.4 Andre verkemiddel.....	44
8. Påviste konflikhtar i Ottadalsområdet og framlegg til løysingar	46
9. Konklusjonar og vidare arbeidsoppgåver.....	110
10. Kjelder, litteratur	113

Vedlegg: Konfliktkart

Forord

Ottadalen Villreinområde er mellom dei viktigaste villreinområda i landet når det gjeld avkastning og kvalitet på stammen. Store delar av området har liten ferdsel og få tekniske inngrep. Området har det nest største arealet i Sør-Noreg med inngrepsfri natur; dvs. område som ligg minst 5 km frå tekniske inngrep som veg, busetnad eller kraftanlegg. Trass i dette er det mange menneskelege inngrep og aktivitetar som har eller kan gje negativ verknad på villreinen. Vi har forsøkt å ta ut dei viktigaste konfliktane mellom rein og menneskeleg aktivitet, og har arbeidd vidare med desse.

Vi valde å legge prosjektet svært breitt opp, og utgreiinga har skjedd i løpande kontakt med andre styresmakter, private organisasjonar, enkeltpersonar og -foretak. Det daglege arbeidet er utført av førstekonsulent Ola Betten med fagleg støtte av viltforvaltar Ulf Lucassen. Dette har skjedd i nært samarbeid med ei utvald arbeidsgruppe som har halde 6 møte i planarbeidet. Følgjande har delteke:

Grethe Andersen, Rauma kommune
 Sigurd Avdem, Villreinutvalet i Ottadalen
 Knut Granum, Villreinutvalet i Ottadalen
 Tore Rolf Lund / Jan Olav Nybo, Den Norske Turistforening
 Syver Mølmshaug, Villreinnemnda i Ottadalen
 Odd Rønningen, Stryn kommune
 Per Magnar Volden, Norges Jeger- og Fiskerforbund
 Stig Aaboen, Skjåk kommune og Skjåk Reiselivslag

Rapporten står for fylkesmannen sitt faglege syn, men under arbeidet har 4 av gruppemedlemmane uttrykt eit avvikande syn på delar av innhaldet i rapporten. Dette gjeld bruk av naturvernlova som verkemiddel til å sikre leveområda til villreinen, forholdet til kommunal og grunneigarforvaltning, og forholdet til friluftslivet. Dette går fram av ein særmerknad på neste side. Ut over dette sluttar ei samla gruppe seg til innhaldet i rapporten.

Rapporten er inga lærebok i villreinøkologi, og nokon vil kanskje sakne ei grundigare vurdering av enkeltområde. Til desse vil vi vise til den litteraturen som har kome dei siste åra, og litteraturlista bak i rapporten vil kunne vere til hjelp her.

Rapporten har vore på ei omfattande høyring i 1997, og mange av merknadane i samband med dette er teke inn i rapporten.

Vi håpar og trur at dei etatane, organisasjonane og enkeltpersonane som rapporten har forventningar til, verkeleg tek eit ansvar for å hindre ei negativ utvikling for villreinen i området. Rapporten har sett opp forventa framdrift og aktuelle verkemiddel for å nå dette målet, og vi reknar med at alle interesserte passar på og ser til at tiltaka vert gjennomført. I kvart underkapittel i kap. 8 er det sett inn eit felt for eigne notatar. Her er det tillate for brukarane av rapporten å setje inn sine eigne stikkord for utviklinga i området, eigne tiltak osv. Vi håpar at rapporten blir bruka så aktivt!

Vi vil takke alle som har lånt ut bilete og gjeve opplysningar, nyttige tips og konstruktiv kritikk. Ein spesiell takk må rettast til arbeidsgruppa!

Villrein, inngrep og forstyringar i Ottadalen villreinområde

Merknad frå representantane frå Villreinutvalget, Villreinnemnda og Skjåk kommune

Svært store delar av Ottadalen villreinområde har få tekniske inngrep og liten ferdsel. Dette blir også dokumentert i rapporten. Dette tyder på at den lokale forvaltninga har teke godt vare på interessene til villreinen fram til i dag. Vi kan ikkje sjå så alvorlege trugsmål mot villreinen, i overskueleg framtid, at eit sterkare vern enn det vi har i dag er nødvendig. I ei rekkje av konfliktane i rapporten er det foreslege å setja i verk «vern etter naturvernlova». Å oppretta ein nasjonalpark er eit svært alvorleg inngrep i den lokale forvaltninga. Vi meiner at det finst sterke nok verkemidlar i anna plan- og lovverk, som kan ta vare på desse områda på ein tilfredsstillande måte. Det at enkelte kommunar ikkje har vore sitt ansvar bevisst og gjennomført ein kommuneplanprosess må ikkje føra til at ein nasjonalpark blir innført i heile området. Da må det setjast press på den enkelte kommune, noko fylkesmannen må vera den rette til å gjera.

Ei lokal forvaltning av desse områda vil vera det beste for villreinen, fordi interessa og omtanken for reinen sit så djupt i «folkesjela» her. Det gode samarbeidet mellom kommunane og også dei forskjellige grunneigarinteressene har vorte eit mønster for andre villreinområde. Offentlege styresmakter har derimot vist liten vilje til handling i villreinen si interesse i enkelt-saker, t.d. «Danskehytta». Det må ikkje bli slik at store, tunge organisasjonar som DNT vinn fram berre fordi dei har ei stor medlemsmasse i ryggen. Det må vera like viktig å sikra villreinen mot alle inngrep, og da er den tunge ferdselen inn mot turisthyttene i området eitt av dei store trugsmåla. Blir ein nasjonalpark innført, vil dette bli forsterka ytterlegare. Ein ny nasjonalpark vil verka som ein magnet på fotturistane.

Etter vår meining er det fokuseringa på allemannsretten, og den offentlege opprioriteringa av friluftsliv, som i tida framover vil vera det største trugsmålet mot villreinen. I rapporten er effekten av auka turistferdsel i fjellet etter vårt syn for lite vektlagt i høve til dei til dels kritiske merknadane som vert reist mot tradisjonell bruk av utmark, og lokal forvaltning og næringsutøving.

Syver Mølmschaug
(sign.)

Knut Granum
(sign.)

Stig Aaboen
(sign.)

Sigurd Avdem
(sign.)

1. Bakgrunnen for prosjektet

Dei norske villreinstammene har dei siste tiåra vorte utsett for eit aukande press gjennom menneskelege inngrep og forstyrningar. Det har vorte ei prioritert miljøvernoppgåve å unngå ei slik negativ utvikling. Dette er mellom anna vist i «Tiltaksplan for norske villreinområder 1993-1999», der ein har prioritert eit prosjekt på kartlegging av inngrep og forstyrningar i Ottadalsområdet. Direktoratet for naturforvaltning løyvte difor i 1994 kr. 260.000,- til Fylkesmannen i Møre og Romsdal for å gjennomføre dette.

Etter ein kort høyringsrunde og drøfting i den utnemnte arbeidsgruppa, kom ein fram til følgjande mandat for arbeidet:

Prosjektet skal kartlegge eksisterande og planlagte/sannsynlege fysiske inngrep og forstyrningar som kan påverke villreinen i Ottadalen Villreinområde. Dette gjeld også inngrep utanfor villreinområdet som vil kunne ha ein effekt innanfor. Kartlegginga skal baserast på eksisterande kunnskap om området.

Prosjektet skal vurdere effekten av desse inngrepa på villreinen og villreinområdet, og det skal leggjast fram aktuelle tiltak for å redusere negative verknader av utførte inngrep, samt å unngå nye, skadelege inngrep og forstyrningar. Tiltaka kan utførast i regi av prosjektdeltakarane, det kan vere innspel til kommunale planprosessar, eller framlegg til statlege tiltak.

Prosjektet skal få sett i gang enkle, kortsiktige tiltak innan prosjektperioden. For langsiktige tiltak skal det setjast opp framdriftsplanar og ansvarleg pådrivar i tida etter prosjektperioden.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er fagleg ansvarleg og skal leie prosjektet. Arbeidet skal skje i eit løpande samarbeid med ei fagleg arbeidsgruppe. Andre interessentar/styresmakter i området utgjer eit referansenett, og vil bli dregne inn i prosjektet ved behov. Prosjektleiinga vil halde referansenettet løpande orientert.

Prosjektet skal rapporterast i ein fagrapport frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, der fylkesmannen sitt syn vil vere berande. Evt. andre synspunkt frå medlemmar i arbeidsgruppa skal komme fram i rapporten.

Prosjektet har teke utgangspunkt i at Ottadalsområdet har få fysiske inngrep og forstyrningar samanlikna med dei mest belasta villreinområda, men området kan dessverre stå framom store endringar. I arbeidet har vi difor lagt stor vekt på tiltak som kan forebygge skader og ulemper frå ny aktivitet og utviding/ending av eksisterande. Ein har heile tida forsøkt å halde seg til eit «føre-var»-prinsipp.

Vi forsøker å samanstille kunnskap om villrein og området på ein kortfatta måte, og på samme vis er det heller ikkje rom for å presentere alle verkemiddel i forvaltninga av området på ein uttømmende måte. Rapporten skal innehalde forholdsvis konkrete råd til bestemte etatar, organisasjonar og enkeltpersonar/-føretak, men vi legg også vekt på å få til gode prosessar og rutiner for framtida.

2. Generelle konflikter mellom villrein og menneskeleg aktivitet

Konfliktane mellom villrein og menneske kan grovt sett delast i 2 hovudtypar:

- a) Faste, fysiske inngrep/innretningar som hindrar bruk av/tilgang til område.
- b) Forstyring frå menneske, husdyr og køyretøy.

Reduksjon i beiteareala vil gje ei lågare bereevne for stammen, anten ved at det er beitegrunnlag for færre dyr, eller at dyra får mindre kroppsvekt. Det siste gjev lågare kalveproduksjon og større naturleg dødelegheit.

Forstyringar svekkar energibalansen til dyra ved at fôropptaket kan bli redusert gjennom redusert beitetid. Dyra brukar også meir energi til gåing og løping. Eit dyr som går brukar omlag dobbelt så mykje energi som eitt som ligg og drøvtygg eller står. Eitt som spring brukar 4 gonger så mykje. Forstyringane tappar dermed dyra for ressursar, og gjev dyr med dårlegare kondisjon.

Store og konsentrerte forstyringar kan føre til at reinen sluttar å bruke område, anten ved at området vert mindre attraktivt for reinen, eller at tilkomsttrekka vert sperra.

Fysiske inngrep

Rein reagerer lite på faste, lydlause innretningar i fjellet så lenge dette ikkje vert sett i samband med menneske. Som regel er det den auka menneskelege aktiviteten som følgjer med inngrepa som er mest skadeleg.

Fysiske naturinngrep kan redusere levegrunnlaget for villrein på 2 hovudmåtar. Det kan gje direkte konkurranse om areala gjennom nedbygging til vegar, hytteområde og andre bygningar, og areal går tapt ved neddemming av beiteareal til kraftverksmagasin. Aktiviteten knytt til slike inngrep gjev også soner rundt og langs inngrepet som ikkje blir brukt av reinen.

Ved neddemming i samband med kraftutbygging, vil ein ofte tape svært viktige beiteareal. Våtmarker kring vatn er gode barmarksbeite, og er svært viktige i ei tid då reinen skal bygge opp kroppsreservane.

Endå viktigare er at fysiske inngrep kan sperre viktige trekkvegar og hindre at reinen kan bruke areal utan inngrep. Vegar og jernbane kan vere døme på dette. Dersom det er stor trafikk, vil reinen ofte ikkje finne lang nok tid mellom bilane til at han rekk å passere vegen. Om vinteren vil høge brøytekantar vere ei ekstra hindring.

Kraftleidningar vert også hevda å hindre villreintrekk. Reimers (1984) meiner at materialet på området inneheld for lite dokumentasjon, og er basert mykje på personlege oppfatningar. Det er likevel kjent at kraftleidningar gjev støy under visse vêrforhold (coronaeffekt og vindstøy). Vidare blir det hevda at reinen lettare kryssar leidningar i skog enn i ope lende. Det vert også hevda at reinen kan venne seg til leidningane. I det vidare arbeidet legg vi til grunn at reinen reagerer mest på kraftleidningstrasèar der det også er annan aktivitet (trafikk, menneskeleg ferdsel elles).

Totalt sett meiner vi at barriereeffektane under elles like vilkår er størst der reinen har minst trong til å bruke arealet på andre sida av hindringa. Dette gjer at dei minst brukte areala i eit villreinområde er mest utsett for å gå ut av bruk.

Forstyrringar

Reinen har godt syn og god hørsel, men det er særleg luktesansen han stolar på for å oppdage fiendar. Dette gjer at reinen prøvar å trekke mot vinden under forflyttingar.

Mennesket er den einaste naturlege fienden vaksen rein har utanom dei store rovdyra. Reinen har ei naturleg frykt for menneske, men graden av redsel er i stor grad tillært. Gjennom tamreindrift kan ein venne av mykje av denne frykta, medan hard jakt gjennom t.d. reduksjons-avskytingar verkar motsett.

Det er stor individuell variasjon i menneskefrykt og skyheit hos rein, og det blir hevda at mykje av dette er arveleg. Under villreinjakta vert gjerne dei minst skye dyra skotne, og jakta er såleis ein faktor som selekterer fram ein skyare rein (Skogland 1994). Dei minst skye villreinsstammene er dei som har opphav i tamrein, og der det har gått kort tid sidan utsetting/forvilling. Reimers (1984) hevdar at instinktiv redsel har låg arvbarheit, og at fryktreaksjonane er tillærte. Jakta vil såleis gjere reinen skyare. Han avviser likevel ikkje at jakta også kan selektere fram ein skyare rein.

Andre arbeid og erfaringsmateriale syner variasjon i skyheit ut frå flokksamansetnad. Små flokkar er skyare enn store, og simler med kalv er skyare enn bukkar. Dyr som er på trekk reagerer lettare enn dyr som står eller ligg.

Reinen vil reagere på ein mogeleg fiende på ein så rasjonell måte som råd. Dyra vil ikkje springe langt av garde dersom dei merkar fienden på langt hald, men nettopp ut frå instinkt og erfaring vil dei først auke oppmerksomheita og stoppe beiting, evt. reise seg, og etterkvart trekke saman i ein tettare flokk. Dei vil først trekke unna når fienden kjem nærare enn ein kritisk avstand, evt. kjem så raskt imot at det vert oppfatta som eit åtak. Dyra vil stoppe opp etter forholdsvis kort tid, og dersom dei ikkje merkar meir til faren, vil dei roe seg ned, evt. fortsette til eigna beite- eller kvileområde. Denne oppførselen er tilpassa ei økonomisering med kroppsreservane. Skal dyra springe unødige ofte og langt, vil mindre av dei opptekne ressursane bli brukt til oppbygging av protein og feitt, og det vil på sikt redusere overlevings- og produksjonsevnen.

Turgåarar / skiløparar / syklistar

Villreinen vil ikkje kunne reagere annleis på ein fotturist enn på ein jeger. Denne frykten er ikkje berre knytt til jakttida, sjølv om ein ser ein sesongvis variasjon. I eit arbeid (Reimers m.fl., 1994) er ulike villreinstammar samanlikna med tanke på kor nær eit menneske kan kome før dei flyktar, og kor langt dei flyktar. Reinen var vârare og flykta lenger om vinteren enn om sommaren. Her var det også klåre forskjellar mellom opphavelag villrein frå Rondane / Snøhetta og forvilla tamrein i Ottadalen. Ottadalsreinen flyktar på ein tredjedels avstand og spring då berre ein femtedel av det Rondane / Snøhettareinen gjer. Det blir frå lokalt hald hevda at Ottadalsreinen er skyast i sør.

Rein som vert støkt på kort hald, reagerer kraftigare enn rein som oppdagar menneske på forholdsvis langt hald i oversiktleg terreng.

Hundar

Ulv og jerv (der dei finst) er dei viktigaste naturlege fiendane til reinen. Mange hunderasar er så nær i slekt med ulven at ein må rekne med at desse utløyser samme reaksjonsmønster som ein ulv ville gjere. Også andre hjortedyr kan reagere kraftig på syn eller lukt av ulv, jf. forsøk med stoff frå ulveurin som skremsel for å hindre elg i å krysse veg/jernbane.

Mange lause hundar vil kunne jage rein, noko som vil gje auka energiforbruk. På uheldige tidspunkt kan svake og nyfødde dyr ta skade av dette. Problemet vil vere størst på vårvinteren, men også enkelte jakthundar kan jage rein under småviltjakta.

Snøscooter og andre terrengkøyretøy

Reinen reagerer forholdvis lite på terrengkøyretøy som ikkje kan assosierast med menneske, så lenge avstanden er tilstrekkeleg og køyretøyet ikkje har retning mot dyra.

Snøscooteren gjer at fleire menneske når lenger ut i terrenget enn dei elles ville gjere, og dette kan føre til større aktivitet inne i villreinområda. I tillegg vil scooterløyper kanalisere ein del skitrafikk i same sporet.

Fly/helikopter

Det er gjort omfattande undersøkingar av verknaden av fly og helikopter på rein/caribou. Reimers (1984) og Kaltenborn (1988) refererer fleire undersøkingar. Det verkar som om reinen reagerer kraftigare på helikopter enn på småfly, og det er høgda over bakken som er avgjerande for responsen. Også årstid og aktiviteten til reinen er avgjerande, og reinen er mest utsett i sterke kuldeperiodar, i kalvingstida, og dyr på trekk reagerer sterkare enn dyr som er i ro. Fleire siterte forfattarar tilrår minimumshøgder på 300 meter over bakken, og det er også foreslått ei minimumshøgde på 600 m.o.b. i perioden frå kalving til brunst.

Bil, tog, traktor, anleggsmaskinar

Verknaden av køyretøy som passerer etter faste trasèar vil vere avhengig av trafikktettleiken dersom veg eller bane ikkje utgjør noko fysisk hindring for å passere.

Dyra vil bli forstyrre av passerande køyretøy, og trekkjer seg attende til eit nytt utgangspunkt for vidare framrykk mot vegen/banen. Intervalla mellom køyretøya må vere så lange at dyra rekk å krysse før neste køyretøy kjem. Dei bør helst ha komme så langt unna at dei ikkje blir vesentleg forstyrre av neste køyretøy, slik at dei ikkje assosierer veg/bane med negative opplevingar neste gong dei skal passere.

Båt

Båtar på fjellvatna vil sjeldan kome i kontakt med rein, og rein som passerer langs stranda vil neppe sette båten i samband med menneske utan at reinen kjenner menneskelukt.

3. Ottadalsområdet og arbeidsmetodane i prosjektet

Ottadalsområdet ligg nord og sør for Ottadalen. Villreinområdet vert avgrensa i nordaust og aust av Romsdalen og Gudbrandsdalen over Lesja og Dombås til Sel grense, over Jønndalen til Slådalsvegen, sørover mot Vågå og vidare langs Ottavassdraget til grensa mellom Lom og Skjåk, langs denne til fylkesgrensa mot Sogn og Fjordane, vestover mot Jostedalen i Luster, og langs austsida av Jostedalsbreen over Hjelledalen i Stryn til Geiranger og vidare til Tafjord, langs Valldal og over mot Innfjorden før ein kjem attende mot Romsdalen. Området strekkjer seg såleis over 3 fylke og 10 kommunar.

I dette arbeidet har vi trekt grensa for planområdet ned til busetnaden i dalføra rundt villreinområdet, for mange tiltak nede i bygdene kan påverke bruken av sjølve villreinområdet. Vi har såleis vurdert eit areal på omkring 6.000 km².

Arbeidet har skjedd i løpande samarbeid med ei arbeidsgruppe med utvalde representantar for kommunar og organisasjonar som har interesser i området. I tillegg er andre organisasjonar trekt inn i arbeidet etter behov.

Data frå området er dels samla inn ved fylkesmannen sine synfaringar og private opphald i området, dels ved samtalar med kjentfolk og andre ressurspersonar, samt ved studiar av aktuell litteratur. Spesielt viktig har vore gjennomgangen av kommuneplanane i området. Meir generelle opplysningar er også samla inn ved samtalar og litteraturstudiar.

3.1. Menneskeleg bruk av området

Mennesket har utnytta Ottadalsområdet heilt sidan villreinen etablerte seg i området for 8–10.000 år sidan. Villreinen tok stadig i bruk dei områda som smelta fram etterkvart som innlandsisen trekte seg attende. Dei første menneska i området baserte mykje av levegrunnlaget sitt på fangst av villrein, og området har rike minne etter den gamle reinfangsten. Reinen vart fanga i dyregraver og større fangstanlegg, dyra vart jaga ut på vatn og avliva der, eller dei vart jaga utom skrentar og fjellstup. Dyra vart også avliva direkte med spyd eller pil og boge. Denne jakta var basert på at jegrar posterte bak steinmurar, såkalla bågastøer, og så vart reinen driven mot desse av andre. I tilknytning til slike anlegg var det mura opp lange leiegjerde, og det var gjerne rydda trasèar der ein ønskte å få reinen fram. Ein finn også bu- og opphaldsplassar etter fangstfolka i store delar av området (Mølmen, 1991).

Denne gamle reinfangsten gjekk gradvis ut, og fangstgravene vart forbodne på slutten av 1800-talet. I takt med folketalsauken vart jordbruket viktigaste leveveg. I dag har ein busetnaden i dalføra, dels som spreidd landbruksbusetnad, dels som kommunesenter med meir tenesteyting og noko industri. Turistnæringa er viktig i området.

Fjellområda vert i dag utnytta til sau- og litt storfebeite. Det er gjennomført fleire større reguleringsinngrep i vassdraga, og i samband med desse er det ført fram anleggsvegar og kraftliner. Det er også laga ein del setervegar og bomvegar som går inn i området.

Området er viktig i friluftslivssamanheng. Det vert jakta både villrein og småvilt i fjella, og det vert drive sportsfiske etter aure både i vatn og elver. Området vert nytta til utfart både av turistforeiningane og uorganiserte grupper.

3.2. Villreinen sin bruk av området

Ottadalsområdet har svært mange gode kvalitetar som villreinområde, og fordelinga på areal for bruk til ulike årstider er god.

I tidlegare tider har området vore ein del av eit større, samanhengande villreinområde frå grensestroka mot Sverige i aust og til fjordområda i vest- og sørvest. Menneskeskapte inngrep kombinert med terrengformasjonar har «sett reinen på bås» og skapt villreinområda slik vi kjenner dei i dag.

Hard jakt og tamreindrifft tidleg på 1900-talet førte til at villreinstammen i Ottadalsområdet så å seie vart utrydda kring 1930. Det vart drive med tamrein i området fram til 1964, då drifta av A/L Trio Tamreinlag vart avvikla. Restane av Trioreinen og tamrein henta frå andre tamreinlag er utgangspunktet for villreinstammen i dag.

Ein har no 3 ulike delstammar med rein i området, og desse utnyttar kvar sine område med svært lite overlapping. Grensene mellom delstammeområda er delvis skapt av menneskeleg aktivitet, og avgrensinga av heile Ottadalsområdet mot andre villreinområde skuldast også menneskelege inngrep og topografi som forsterkar denne effekten. Pr. dato har ein ein delstamme på ca. 1800 vinterdyr i området nord for Ottadalen med ei vestgrense kring aksen Billingen-Tafjord, ein delstamme på ca. 350 vinterdyr vest for den og sørover mot aksen Bråtådalen-Styggevatnet, og til slutt ein delstamme på ca. 350 vinterdyr søraust for denne att til kommunegrensa Lom/Luster og Skjåk/Lom. Vi viser til kartvedlegg a).

Dei viktigaste vinterbeiteområda er sentralt og aust i dei ulike delområda. Dette er områda rundt Lordalen, mot Aursjoen og austover til Finndalen for nordstammen, områda sør og nordvest for Grotli når det gjeld veststammen, og rundt kantane på fjellmassiva mellom Liavatnet og Lundadalen for sørstammen.

Sommararbeitebruken er meir variert, og reinen brukar større delar av området sommarstid. Ein del av bukkane brukar også dei meir frodige områda vest- og sørover i Rauma, Norddal, Stranda, Stryn og Luster. Reinen følgjer vanlegvis vegetasjonsutviklinga oppover i høgda ettersom snø og is smeltar av.

Reinen følgjer gjerne spesielle trekkruter når han skiftar beiteområde, og desse trekka kan vere svært så regelbundne når det gjeld både tidspunkt og trasé.

Ottadalsreinen brukar faste kalvingsområde. Kalvinga skjer spreidd over eit litt større areal, og særleg høgda over havet for kalvingsplassane vil variere noko med vêr- og snøforhold. Vi har også markert viktige kalvingsområde på kartvedlegget.

Totalt sett har ein sett ei markert endring i bruken av området. Reinen brukar eit meir konsentrert område enn tidlegare, og kalvingsplassar og vinterbeiteområde lengst i aust og vest har ikkje vore i bruk dei siste åra.

Eit godt døme på dette er den såkalla «Ulvådalsstammen». Ein del av reinen i nordområdet hadde tilhald i Ulvådalstraktene heile året. Dette var truleg dyr med opphav i dei første utsettingane på Trollstigen. Under jakta i 1978 trekte dyra austover og blanda seg med dyra lenger aust i nordområdet. Samstundes var det eit ekstra stort jaktuttak i grenseområda mellom Lesja og Rauma. Den samla flokken fortsette deretter austover, og etter dette har ein ikkje hatt dyr med fast tilhald i Rauma.

Noko liknande hevdar ein skjedde i Lusterområdet. Vinteren 1976 vart det slakta omlag 100 umerka rein på Bøverkinnhalsen, og dette vert rekna til å vere villrein frå sørområdet. Frå villreininteressene i Luster vert det hevda at områda i Luster vart merkbart mindre brukte etter dette. I dag er dette sommarbeiteområde for bukkar, og det er simler inne i Luster berre reint sporadisk.

Ut frå dette verkar det som om det er svært vanskeleg å få fostringsflokkane til å ta i bruk meir marginale område dersom tradisjonen for å bruke desse fell bort.

Ein ser tendensar til at reinen har ein roterande bruk av vinterbeita; dvs. at han beiter konsentrert i nokre område enkelte vintrar, for så å ta i bruk andre område når laven byrjar å bli nedbeita. I nordområdet har reinen skifta på å bruke områda på sidene av Lordalen, i Finndalen og rundt Aursjoen/ Aukarsvatnet. Dette kan vere ei økologisk tilpasning for å utnytte lavproduksjonen på best mogeleg vis. Samstundes kan dette vere med på å få teke i bruk uutnytt område, og utvide beiteområda til reinen over tid.

Ein skal difor vere svært varsam med å avskrive område som aktuelt reinbeite, og i det vidare arbeidet har vi lagt vekt på at dei tidlegare beiteområda kan ha ein framtidig verdi.

Beiteområda, kalvingsområda og viktige trekkruter er vist på kartvedlegget.



Aust i Ottadalsområdet nord som her langs Slådalsvegen i Lesja er det nedbørfaltige område med gode lavbeite. (Foto: Ola Betten)

Lengre vest i området finn vi botnar med gode sommarbeite som her i Veslebotn inntil i Lundadalen i Skjåk. (Foto: Ola Betten)



4. Nasjonale og lokale krav til forvaltning av Ottadalsområdet

4.1. Nasjonale krav

Mange av dei generelle krava til norsk høgfjellsforvaltning går direkte fram av lovverket og forarbeida til dette. Elles vil ulike tema bli tekne opp som stortingsmeldingar og behandla i Stortinget. Dei årlege prioriteringane til Regjeringa kjem fram i dei ulike budsjettproposisjonane, og særleg viktig er den til Miljøverndepartementet. Også andre arbeidsdokument frå Regjeringa signaliserer målsettingar og arbeidsformer i miljøvernarbeidet, til dømes den nasjonale handlingsplanen om bevaring og berekraftig bruk av biologisk mangfald.

Generell høgfjellsforvaltning

I Stortingsmelding nr. 29 (1996–97), «Regional planlegging og arealpolitikk», er sikring av store, samanhengande naturområde sett opp som eit prioritert område. Regjeringa konstaterer at dei urørte utmarksareala har vorte splitta opp av ulike inngrep ved at dei ulike samfunnssektorane har planlagt berre ut frå eigne målsettingar.

I Stortingsmelding nr. 58 (1996–97), «Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling», trekkjer Regjeringa fram fjellområda som ein naturtype som er viktig for det biologiske mangfaldet.

Villreinforvaltning

Eit utval som har utarbeidd handlingsplanen for forvaltning av hjortevilt mot år 2000 tilrår at norske villreinstammar skal ha berekraftige bestandar, dvs. eit dyretal som står i høve til beitegrunnlag og andre samfunnsinteresser. Stamma skal ha ein biologisk forsvarleg samansetnad, dvs. at alle kjønns- / aldersgrupper skal vere godt representerte. Villreinstamma skal ikkje truget biologisk mangfald, og dei skal ha ein god helsetilstand. Leveområda til villreinen skal sikrast i eit langsiktig perspektiv ved å unngå irreversible inngrep og forstyrringar.

Denne planen er ikkje følgd opp politisk, men måla er i samsvar med den villreinforvaltninga som blir driven i dag.

Rovviltforvaltning

Nesten heile nordlege delen av Ottadalsområdet er med i eit kjerneområde for jerv i Dovrefjell-Rondane regionen. Området vert avgrensa i sør av Ottadalen og i vest av riksveg 63. Området fortset nordover inn i Dovrefjell, og går austover heilt til Rondane. I kjerneområdet vil ein i sterkare grad prioritere forebyggjande tiltak framom felling av skadegjerande dyr enn i områda utanfor.

Forvaltninga av jerv har skapt debatt lokalt, først og fremst pga. tap av sau, men det er også reist spørsmål om kor mykje jerven kan drepe av reinskalvar og vaksne dyr.

Friluftsliv

Dei statlege måla for friluftslivet kjem fram i Stortingsmelding nr. 40 (1986–87) om friluftsliv og i forslaget til revidert handlingsplan for friluftsliv mot år 2000. Dei viktigaste momenta for fjellområda i handlingsplanen er målet om styrking av allemannsretten, målet om auka tilgang på jakt og fiske for ålmenta og reduksjon av konflikter mot andre friluftaktivitetar, innarbeiding av friluftsliv i plansamheng, samt målet om tilgang på større samanhengande naturområde for oppleving av fri natur og stillheit i alle delar av landet.

Handlingsplanen peikar også på faren for at auka konsentrert ferdsel kan gje slitasje på naturen og forstyrning av dyrelivet.

Friluftsløva gjev alle høve til å ferdist til fots i utmark heile året på ein omsynsfull måte (allemannsretten). Det samme gjeld også med ride-/kløvhest, trøsykkel eller liknande, men her kan grunneigaren forby ferdsel på visse strekningar ved friluftsnemnda sitt samtykke.

Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd mål og retningsliner for stiar og løyper i fjellet (DN 1994). Ein vil redusere konflikter mellom fotturistar og t.d. villreininteresser gjennom ei sonering av fjellområda og kanalisering av ferdsel utanom sårbare område. Det skal opprettast fylkesvise kontaktforum mellom miljøvernstyresmaktene, grunneigar- og friluftsgesamtningane.

Naturvern

Det er store naturverdiar innan Ottadalen villreinområde. Dette gjeld landskapsformer, vassdrag/brear og ikkje minst villreinstammen. Området er også mykje brukt til friluftsliv, med villreinjakt og turvandring som viktige aktivitetar.

Jostedalsbreen nasjonalpark ligg heilt i ytterkanten av området. Denne vart oppretta i 1991. Det føreligg planar om ytterlegare 3 større verneområde (St. meld. nr. 62 (1991–92)):

I Breheimen/Mørkrisdalen er det framlegg om eit verneområde på ca. 400 km². Den mest aktuelle verneformen er landskapsvernområde. Også i Geiranger-Herdalområdet er det aktuelt med eit landskapsvernområde i eit 500 km² stort areal.

I nordre delen av villreinområdet er det framlegg om Reinheimen nasjonalpark med fleire landskapsvernområde ikring. Totalt sett utgjer arealet ca. 3.000 km².

Inntil vernet er avklart, skal det ikkje gjennomførast tiltak som vil redusere/øydelegge verneverdiar i områda. Miljøverndepartementet ber i brev av 18.09.92 om at nasjonalparkplanen vert oppfatta som ei rikspolitisk retningsline med føringar for all arealplanlegging i områda. Prosessen fram til eit evt. vern er svært omfattande, med fleire høyringsrundar på lokalt og sentralt nivå. Ein kan rekne 4–5 år på dette. Etter den oppsette framdriftsplanen starta arbeidet med Reinheimen i 1997, og er forventa ferdig etter år 2000. Breheimen–Mørkrisdalen og Geiranger–Herdal følger deretter.

Vassdragsforvaltning

Det er gjennomført fleire vasskraftutbyggingar i området. I Rauma er delar av Verma utbygd, og i Skjåk er Aursjoen, Rauddalsvatnet og Breidalsvatnet regulert. Det er også gjennomført omfattande reguleringar i Fortunselva og Jostedøla i Luster, og Tafjordvassdraget i Norddal. Vi viser til kapittel 6.5 for nærare omtale av reguleringar og kraftoverføringsanlegg.

Gjennom Verneplanane for vassdrag (I–IV) er fleire vassdrag i området verna mot kraftutbygging. I tillegg skal ein sikre vassdrag og nedbørfelt mot inngrep som kan redusere verneverdien til vassdraget. Dette har vore intensjonen til Stortinget, og det er no nedfelt i rikspolitiske retningsliner av 10.11.94 for verna vassdrag. Her er det særleg peika på å sikre ei sone på 100 meter på kvar side av vassdraget, samt spesielt viktige område i nedbørfeltet.

Følgjande vassdrag innan villreinområdet er verna mot kraftutbygging:

Finna
 Skjøli
 Ostri m/Tundra
 Lora
 Mørkrisdalselvi
 Strynevassdraget
 Bygdaelva (austre delfelt)
 Geirangelva oppstraums Storfossen
 Vesteråselv
 Norddalsvassdraget
 Valldøla
 Istra
 Rauma

Samla plan for vassdrag er ei prioritering eller utbyggingsrekkefølge for prosjekt i ikkje-verna vassdrag. Ved prioriteringa er det lagt vekt på økonomi og miljøkonsekvensar, men enkelte prosjekt er innplassert meir politisk.

Det viktigaste prosjektet er Øvre Otta. Her er ulike utbyggingsalternativ vurdert og innplassert. I dei mest aktuelle vert elvene i Grotliområdet tekne inn på ein tunnel som går frå Billingen og rundt Grotli til Glittervassområdet, og ført til Glitra kraftverk. Prosjektet er vurdert som lite konfliktylt i Samla plan. Konesjonssøknaden er så langt avslått av Regjeringa, men det er varsla at søkar vil anke avgjerda. Utbyggingsprosjektet vert presentert nøyare i kapittel 6.5.

Samla plan omfattar elles kraftutbyggingsprosjekt i Innfjordelva og Eidsdalselva rett utanfor villreinområdet.

4.2 Lokale krav og føringar for forvaltninga av området

Både kommunane og grunneigarane kan fastsetje målsettingar for forvaltninga av området og villreinstammen der.

Kommunane kan syne dette i kommuneplanen, både i arealdelen og som målsettingar og retningsliner i den langsiktige delen elles. I området er det særleg Dovre som har slike uttala målsettingar om villreinen, men dei andre kommunane med kommuneplan har også ei meir restriktiv forvaltning av areala i fjellet enn elles.

Kommunane signaliserer også sine lokale prioriteringar og vurderingar i samband med fråsegner i ulike høyringar. Kommunane i området hadde ulikt syn på vern av delar av området etter naturvernlova (NOU 1986:13 Ny landsplan for nasjonalparker). Her gjekk kommunane Rauma, Lom og Lesja inn for nasjonalpark og landskapsvernområde på visse vilkår. Vågå ønskjer å sikre området med lokale vedtekter etter plan- og bygningslova og ulike særlover. Skjåk, Norddal og Stranda var i mot etablering av nasjonalpark og/eller landskapsvernområde. Dei tre siste peikar på at forvaltninga av området må skje lokalt, og dei ser på forvaltninga av områda så langt som tilfredsstillande. Skjåk peikar spesielt på at nasjonalparkstatus kan føre til auka trafikk og ferdsel i området, og dermed meir forstyrring og stress for villreinen.

Villreinetvalet i Ottadalsområdet har vedteke driftsplan for området for perioden 1994–98. Hovudmålet i denne er å sikre ein produktiv og livskraftig villreinstamme i balanse med eit lite påverka høgfjellsøkosystem. Eit viktig delmål er å hindre inngrep og forstyrringar i området som reduserer produksjonsevnen og arealbruken til stammen. Dette kan gjelde hyttebygging/ turisme, kraftutbygging, anna anleggsverksemd, motorisert ferdsel og turgåing/ utfart.

5. Kommunevis status for arealforvaltninga

Vi har sett opp kommunevise oversyn over forhold som påverkar villreinen i området. Først har vi gått gjennom evt. kommuneplanar og ein del reguleringsplanar, og sett på korleis planane sikrar leveområda til reinen. Vidare har vi skaffa oss eit grovt oversyn over korleis kommunane har følgd opp kommuneplanen i ettertid.

Vi har gått gjennom kva fysiske inngrep som er gjort i området, og kor stort omfanget er av motorferdsel, ferdsel til fots og annan aktivitet. Bygging og andre inngrep dei siste 10 åra er trekt ut som ein illustrasjon på kommunane si faktiske arealforvaltning i området.

Til slutt har vi vurdert dei ulike kommuneplanane / arealforvaltningspraksisen i høve til målet om å sikre villreinen med leveområde.

Når ein vurderer materialet for kvar kommune, er det viktig å vere merksam på at både totalarealet og den delen som ligg inne i villreinområdet varierer sterkt. Såleis vil t.d. Skjåk ha heile fjellarealet sitt inne i området, medan kommunar som Dovre, Vågå, Stranda og Stryn har med lite av totalarealet. Slike rammefaktorar vil vere viktige i arealplanlegging og for lokalisering, men ein måtte kartlegge heile arealet i kvar kommune for å gje ei god vurdering av dette. Dette ligg utanfor mandatet til prosjektet. Vi har funne følgjande areal i dei ulike kommunane (Kommunenøkkelen 96–97):

<u>Kommune</u>	<u>Teljande villreinareal i Ottadalsområdet</u>	<u>Totalareal</u>
Dovre	65 km ²	1431 km ²
Vågå	93 «	1310 «
Lom	291 «	1951 «
Skjåk	1685 «	2141 «
Lesja	833 «	2219 «
Rauma	438 «	1501 «
Norddal	456 «	941 «
Stranda	134 «	867 «
Stryn	106 «	1382 «
Luster	445 «	2702 «

5.1. Dovre kommune

Kommuneplanstatus

Dovre har kommuneplan frå 1992 som vart revidert i 1995. I villreinområdet er arealet sett av som landbruks-, natur- og friluftsområde med forbod mot bustad-, ervervs- eller fritidshus. Det er opna for noko spreidd busetnad nede i dalen opp mot 5-700 m.o.h., og elles er byggeområda lokalisert til Dombås, Dovre og Dovreskogen.

Fysiske inngrep

Det går vegar inn til nedlagte setrer på Hardeggen og Ulekleivsætra, og inn gjennom Jønndalen. Telenor har ein sendar på Jetta. Dette anlegget vert også brukt som startområde for hanggliderar. Elles er det 3–4 jakt- og fiskebuer i området.

Det er gjort svært lite i området dei siste 10 åra. To av hyttene er sett opp i perioden. Ein grunneigar har planar om oppdyrking til beite ved Kroksetra.

Ferdsel og annan aktivitet

Dovre kommune har fastsett kommunale bestemmelsar for motorferdsel i sårbare område i utmark som er meir restriktiv enn den nasjonale forskrifta. Storparten av områda over skoggrensa er klassifisert som sårbare område.

Det foregår knapt motorisert ferdsel i utmarka ovanfor skoggrensa mot Ottadalsområdet.

Det beiter vel 4.000 sauer og noko storfe i området.

Vurdering

Dovre har forholdsvis få fysiske inngrep og liten ferdsel i området. Det har skjedd få nye inngrep dei siste åra, og gjennom kommuneplan og bestemmelsar for motorferdsel har kommunen skaffa seg verkøy for å styre dei inngrepa og den ferdselen kommunen har heimel til.

5.2. Vågå kommune

Kommuneplanstatus

Vågå har i 1995 vedteke kommunedelplan som dekkjer området. Her er området avsett som landbruks-, natur- og friluftsområde med forbod mot bygge- og anleggstiltak. Det er varsla ein streng dispensasjonspraksis. I tillegg er fjellområda nord og sør for Finndalen bandlagt med tanke på avklaring av vern etter naturvernlova.

Fysiske inngrep

Det er fleire setergreider i området, både i Slådalen og på Nordheradsfjellet. Tre setrer er i drift i dag, og på nokre fleire vert graset slått og køyrt til bygda. Det er ei serveringsverksemd i Slådalen og 3 private hytter.

Det går ein veg frå Vågåmo til Lesja, Slådalsvegen. Det går også ein bomveg inn til Vangen i Finndalen, og det er ein godt køyrbar veg fram til eit dyrkingsfelt ved Milthaugen nord for Skårvangen. Det er laga veg frå Vågåsida opp til Televerket sitt anlegg på Blåhø, jf. Dovre kommune. Desse vegane vert ikkje vinterbrøytt.

Ferdsel og annan aktivitet

Det er svært lite snøskuterkøyning i området, og det er svært sjeldan søknader om køyning der. Tidvis vert det køyrt opp skiløyper 3–4 km innover Finndalen og mot Huldrebu i Slådalen. Kommunen har utarbeidd plan for preparerte skiløyper i kommunen, og her er det ikkje lagt opp til nye løyper i området.

Det er ein monaleg biltrafikk sommartid over Slådalsvegen, og vegen gjev meir uorganisert camping og utfart i området. Det er liten trafikk inn Finndalsvegen. Camping langs desse vegane er ikkje regulert.

Kommunen har ein forskrift for bruk av motorbåt på vassdrag og landing av luftfartøy. Det er ikkje innført føresegnar for terrengkøyning eller reguleringar av køyning i sårbare område.

Det beiter inntil 4000 sauer og 6–700 storfe i området.

Vurdering

Kommuneplanen sikrar godt villreininteressene. Kommunen manglar styringsverktøy for camping langs Slådalsvegen. Dette bør samordnast med Lesja. Dei har heller ikkje nokon ekstra heimel for å styre motorferdsel med terrengkøyretøy i utmark, men omfanget er så lite at kommunen synest å handtere dette tilfredsstillande ved enkeltløyve. Evt. ny aktivitet med løyve direkte i forskrifta vil vere utanfor kommunen sin kontroll.

5.3. Lom kommune

Kommuneplanstatus

Lom har kommuneplan frå 1995. Ottadalsområdet er bandlagt med tanke på avklaring av vern etter naturvernlova. Jordbruks- og skogområda på nordsida av Otta er avsett til LNF-område i 2 kategoriar; ein med og ein utan løyve til oppføring av anna enn landbruksbusetnad.

I planen er det eit generelt forbod mot hyttebygging i heile kommunen.

Fysiske inngrep

Det er bygd bomveg inn Finndalen til setrene ved Vangen. Det er 5 seterstolar i Lom sin del av Finndalen og 14 setrer i Liafjellet. Det finst om lag 10 hytter i Finndalen og 20 buer og hytter oppe på snaufjellet. Dei fleste hyttene ligg rundt Honnsjoen.

To-tre av hyttene er bygd eller fullrestaurentert dei siste 10 åra. Finndalen fjellstyre har tidlegare hatt planar om å bygge ny hytte ved Råkåvatnet.

Ferdsel og annan aktivitet

Det er lite motorferdsel i utmark. Det vert brukt snøskuter til å køyre ut saltsteinar før beitesesongen. Idrettslaget køyrer opp og merkar ei skiløype i nedre del av Liafjellet. Trasèen for denne er flytta austover f.o.m. vinteren 1995, og går no opp i snaufjellet på strekninga Søre Storteppingi–Liasætrin. Det er gjeve løyve til samla inntil 8 snøskuterturar pr. sesong, med atterhald om ny vurdering om omsynet til viltet skulle tilseie dette. Liafjellet er eit vanleg brukt skiområde, og det er lagt ut ein registreringspost på Skaihø.

Elles vert snøskuter brukt i drifta av Lom Tamreinlag i grenseområda mot sørområdet.

Lom har kommunal forskrift som regulerer motorferdsel i sårbare område.

Det beiter om lag 1200 sauer og 250 storfe i området, og i tillegg beitar ca. 2.200 tamrein i grenseområda til villreinområdet.

Vurdering

Lom sin kommuneplan sikrar villreinområdet på ein så god måte som kommunen har heimel til å gjere. Kommunen verkar også å ha motorferdselen i utmark under kontroll, men passasjen inn på Liafjellet er eit sårbart område som krev ekstra omsyn.

5.4. Skjåk kommune

Kommuneplanstatus

Skjåk har kommuneplan frå 1991. Etter denne skal nybygging i hovudsak skje nede i Ottadalen eller i Bråtådalen. Det er eksisterande hytteområde ved Nysæter, i vestenden av Aursjoen og langs Liavatnet. I byggeområda for hytter i Hamsevika og på Grotli er det framleis ledige tomter og areal. Det er også sett av eit hyttefelt i Heimdalen, men utbygginga her er utsett inntil vidare.

Det er krav om reguleringsplan før bygging eller frådeling i byggeområda i kommuneplanen. Kommunestyret kan dispensere frå dette i særlege høve, og krevje bebyggelsesplan i staden. Det er tidlegare stadfesta reguleringsplanar for hyttefelt på Grotli og i Hamsevika. Elles er fjellområda sett av til LNF-område med forbod mot spreidd bustad- og hyttebygging.

Kommunen arbeider med ein utmarksplan.

Fysiske inngrep

Til no er det bygd godt over 50 hytter i Hamsevika på til saman 66 tomter, og det er sett av areal til ytterlegare ca. 10 hytter. Hyttefeltet på Grotli har om lag 200 hyttetomter, og av desse er ca. 150 teke i bruk. Det er om lag 30 hytter ved Aursjoen. Skjåk Almenning har 10 jaktbuer/ oppsynshytter i fjellet. I tillegg finst det om lag 100 setrer og privathytter i utmark utanom hyttefeltet i kommuneplanen.

Mindre hytter og buer kan vere attraktive for opprusting og utviding. Skjåk kommune har ein praksis der dei godkjenner utviding av buer i fjellet opp til 20 m² totalareal. Dette er ikkje nedfelt i kommuneplanen.

Det er eit hotell ved Grotli, og her er det eit skitrekk. Ved Sota er det ei betjent turisthytte, og det er også 3 andre turistbedrifter på strekninga Grotli - Pollfoss.

Arealet i Skjåk vert delt av RV 15. I tillegg er det vegar for sommartrafikk m.a. frå Grotli til Videsæter (Gamle Strynefjellsvegen), til Rauddalsvatnet, Mysubytta, Tundradalssætri, heimste Lundadalssætri og til dammen på Aursjoen.

Hyttene på Grotli og Hamsevika (ca. 200 stk.) er oppført frå slutten på 1980-talet og til no. Det er oppført 2 nye turistforeningshytter i Skjåk i same periode. Etter at kommuneplanen vart vedteken, har det vorte gjeve løyve til oppføring av 4 bygg i LNF-områda med forbod mot spreidd busetnad. To av desse er oppsyns-/jaktbuer, og vert sett på som stadbunden næring. Dei 2 siste bygga utgjer ei ny seter, og er rekna som landbrukstiltak i samsvar med planen.



Skjåk kommune har forsøkt å hindre motorferdsel inn i fjellet i Hamsevika. (Foto: Ola Betten)

Store grunneigarar som Skjåk Almenning kan styre motorferdsel i eiga utmark. (Foto: Ola Betten)



Ferdsel og annan aktivitet

Kommunen har forskrift for båtar og luftfartøy, men denne omfattar ikkje snøskuter. Det er mest køyring av grupper som har løyve direkte etter motorferdsellova, som t.d. idrettslag, hjelpekorps, politi og utanlandske militæravdelingar. Det er årvisst utanlandske styrkar som øver i området Grotli - Heggjebotn, og desse brukar også motorkøretøy.

Skjåk Almenning har innført ei registreringsordning for å få betre oversyn og kontroll med snøskuterbruken.

Det beiter om lag 5000 sau og 1000 storfe i utmarka i Skjåk. Det er framleis drift ved nokre av setrene.

Vurdering

Kommuneplanen sine LNF-område gjev kommunen heimel til å styre anna bygging enn visse landbrukstiltak. Det er likevel uheldig at kommunen har sett av så store hytteområde i og rett ved villreinområdet, der dei naturlege bruksområda for hytteigarane ligg i villreinareal. Planen er også så omfattande at det framleis står att mykje ledige tomter og delfelt. Kommunen burde også innføre retningsliner for påbygging av eksisterande hytter / buer, og oppføring av bygg til bruk for oppsyn og utøving av reinsjakt. Vi kan ikkje sjå at alle slike saker er behandla som dispensasjonar frå kommuneplanen.

Kommunen bør skaffe seg betre styringsverktøy for motorferdsel i utmark. Ein treng ei forskrift som definerer sårbare område og ferdselsreglar som regulerer snøskuterbruken. Kommunen si utmarksplan tek opp dette, og bør bli ei viktig plattform for arbeidet.

5.5. Lesja kommune

Kommuneplanstatus

Lesja har kommuneplan frå 1991. Byggeområde og LNF-område sone 2 med høve til bygging av fritidsbustader ligg på nordsida av Lågen og i Rånå. Det er sett av ei LNF-sone 3 på sørsida av Lågen der ein kan tillate bustadbygging inntil 200 m frå Vestsidevegen og i Rånå, men med forbod mot fritidsbustader. Vidare er det sett av ei LNF-sone 4 i høgfjellet med forbod mot anna enn landbruksbusetnad. Ved neste revisjon av planen skal ein vurdere å opne for fritidsbustader i LNF-sonene 3 og 4 der det er små konflikstar.

Kommuneplanen har målsettingar om å sikre Nord-Ottadalsområdet som i dag, og også gjennom tidlegare arealplanar har ein halde ei restriktiv line i høve til t.d. hyttebygging i området.

Fysiske inngrep

I området er det vel 80 setrer og om lag 30 hytter. Hyttene finst i hovudsak i Lordalen og langs Slådalsvegen, men Lesja fjellstyre og andre organisasjonar har ca. 15 hytter spreidd i fjellet.

Slådalsvegen går frå Lesja til Vågåmo. Elles er det bomveg inn til Nysætri i Lordalen. Den nedre delen av denne vert brøytta for tømmertransport m.v.

Det er bygd nokre få felleshytter i området dei siste 10 åra. Det er planar om 2-3 hytter og naust

ved vatna i Lordalen statsallmenning, men Fylkesmannen i Oppland har gått mot nybygging ved vatn der det ikkje er bygningar frå før.

Ferdsl og annan aktivitet

Ein større parkeringsplass ved Rånå er utgangspunktet for utfart til Asbjørnsdalen, og Lordalsvegen skaper også ferdsel inn i villreinområdet.

Lesja har fastsett ferdselsreglar for bruk av motorkøyrerøy på vinterføre.

Det beiter om lag 4.000 sauer og ein god del storfe i denne delen av kommunen. Det er framleis mjølkeproduksjon ved 5–6 setrer i Lordalen, og mjølka vert henta i tankbil.

Flyplassen på Bjorli skaper noko flyging med småfly over området.

Vurdering

Kommuneplanen gjev kommunen eit godt grunnlag til å styre inngrep dei har heimel til. At kommunen skal vurdere å opne for hyttebygging i LNF-områda ved neste revisjon av planen, kan evt. føre til ei vesentleg svekking av vernet av villreinområda. Samanhengande urørte område kan bli oppdelte, og det vert meir utfart og ferdsel i områda, med fare for auka forstyrringar.

Dei kommunale reglane for motorferdsel på vinterføre vil kunne forenkle saksbehandlninga og styre denne aktiviteten på ein god måte.

Kommunen manglar heimel til å styre langtidsparkering / camping langs Slådalsvegen. Dette bør kunne samordnast med Vågå kommune.

5.6. Rauma kommune

Kommuneplanstatus

Rauma reviderte kommuneplanen i 1995. Områda som er med i utkastet til nasjonalpark er bandlagt i påvente av avklaring av verneplanen. Subsidiær arealbruk her og arealbruken i resten av villreinområdet er LNF-område sone 2, dvs. område med forbod mot bygging og anlegg som ikkje har tilknytning til tradisjonelt jordbruk, skogbruk, jakt og fiske. Busetnaden er konsentrert til dei ulike bygdesentra, og som landbruksbusetnad i sjølve Romsdalen. Heile villreinområdet har tidlegare vore bandlagt på ulike vis i påvente av evt. vern.

Fysiske inngrep

Det er eit felt med ca. 15 hytter på Tunga, og setrene i Vermedalen og på Slettafjellet vert også delvis brukt som hytter. Elles er det kring 10 hytter ved vatn både i Grytten statsallmenning og på privat grunn. Turistforeningshyttene Pyttbua og Vakkerstøylen ligg i området.

Det går ein sommaropen veg over Trollstigen til Valldal, og her er det svært stor turisttrafikk. Det er bomveg inn Brøstdalen, og det er veg med variabel standard inn Vermedalen til Langvatnet. Den siste vegen er ikkje tilgjengeleg for andre enn grunneigarane.

Pga. ulike bandleggingar i fylkesplanvedtekt, kommuneplan og no Miljøverndepartementet

sine rikspolitiske retningslinjer for områda i nasjonalparkplanen har det skjedd svært få inngrep i området dei siste 10 åra. Det er oppført 2 nye felleshytter. Grunneigarane har lagt fram planar for nytt hyttefelt i Vermedalen, og det har også kome fram ønskje om å bygge/bygge på hytter i Brøstdalen. Grytten fjellstyre har søkt om å få bygge ei hytte i Slettflybotn.

Ferdsel og annan aktivitet

Ein person har løyve til leigekøyring med snøskuter i Brøstdalen, og 3 har løyve i Vermedalen. Det foregår ein del køyring som er tillate direkte etter lova, m.a. har ein del utanlandske styrkar vinterøvingar i Vermedalen og Brøstdalen. Kommunen har ikkje registrert noko problem med ulovleg køyring.

I Ulvådalen beiter ca. 2.000 sauer med organisert tilsyn. I tillegg beiter ca. 1.200 andre sauer i området. Det beiter også litt storfe i området, og ei seter er i drift på Kabben.

Vurdering

Bandlegginga og dei rikspolitiske retningslinjene gjev ein mellombels heimel for sikring mot skadelege inngrep.

Kommunen kunne med fordel ha skaffa seg endå betre kontroll med motorferdselen i utmarka, t.d. gjennom å utarbeide kommunale ferdselsreglar. Dette vil bli viktigare ved evt. auke i snøskutertal og ønskje om bruk av desse i utmark.

5.7. Norddal kommune

Kommuneplanstatus

Norddal har kommuneplan gjeldande frå 1996. Heile villreinområdet ligg i landbruks-, natur- og friluftsområde med forbod mot bygging utanom stadbunden næring.

Fysiske inngrep

Busetnaden i kommunen er konsentrert om 5 bygdесentra langs sjøen. I tillegg er det jordbruks-eigedommar oppover dalane. Det er større seterstølar på Øvste- og Nedstestølen i Valldal, og Herdalssetra i Norddal. Det er bygd fritidshus ved stølane i Valldal, og i tillegg har ein spreidde fritidshus m.a. ved Langvatnet og Slettvikane. Det er utarbeidd reguleringsplan for fleire hytter ved Øvstestølen.

Det har vore gjort svært få inngrep i snaufjellet dei siste 10 åra. Det er oppført ei ny turisthytte ved Viksvatnet, og ei anna ved Tjørnane i Valldal er flytta nokre hundre meter. Elles er det bygd ei privathytte ved Langvatnet og det er oppført samla 4-5 hytter på Nedstestølen og Kaldhussetra. Fylkesplanvedtekt og no rikspolitiske retningslinjer for Reinheimen og seinare Geiranger-Herdalområdet har ført til restriksjonar på bygging og andre inngrep i området.

Ferdsel og annan aktivitet

Storparten av motorferdselen er Tafjord Kraft sitt rutinemessige tilsyn med anlegg og snøforhold. Annan motorferdsel er svært avgrensa, og går mest på transport til turistforeiningshyttene i området. Det vert også køyrt opp skiløyper frå Øvstestølen og Slettvikane.

Det er fellesbeite og seter i drift på Herdalssetra. Elles beiter det 1500 sauer, 500 geiter og ca. 100 storfe og hestar i området.

Den store trafikken over Trollstigen gjev mykje tilfeldig rasting og overnatting langs vegen.

Vurdering

Dei rikspolitiske retningslinene for nasjonalparkplanen gjev heimel for sikring mot skadelege inngrep. Dette omfattar ikkje heile villreinområdet, og før kommuneplanen kom, hadde kommunen for dårleg styring med områda utanfor. Dette galdt m.a. området ved Viksvatnet der «Danskehytta» vart oppført.

Kommunen har for dårleg kontroll med motorferdselen i utmarka. Ut frå at det er få aktørar, burde betre kontakt og informasjon ha ført til ein annan praksis.

5.8. Stranda kommune

Kommuneplanstatus

Stranda har kommuneplan frå 1992. Villreinområdet er lagt ut som LNF-område med byggeforbod for anna enn jordbruk og skogbruk.

Fysiske inngrep

Det er svært få fysiske inngrep i området. Det går ein anleggsveg opp til Kolbeinsvatnet der det også er 3 hytter, og eit køyrespor fortset vidare forbi vatnet. Elles er det 8–10 nedlagte setrer i området. Det går ein sommaropen veg frå Geiranger til Grotli, og det er også ein bomveg til toppen av Dalsnibba. Ved Djupvatnet ligg ein serverings- og overnattingsstad, og dei siste somrane har ein hatt ein «samecamp» som sel ulike suvenirar til turistane.

Statens vegvesen har bygd ein større rasteplass på Korsmyra, toppen av stigninga på «Ørnefjellsvegen». Fjellområda vest for denne var godkjent som teljande villreinareal, men vert ikkje brukt av rein no. Denne rasteplassen ligg på ein av dei få plassane eit evt. reinstrekk måtte gå. Det er elles meir uformelle planar for 2 nye rasteplassar mellom Geiranger og Grotli.

Ferdsel og annan aktivitet

Det er svært lite motorferdsel i området. Det er gjeve 1 løyve for leigekøyning.

Området er vanskeleg tilgjengeleg før vegen til Geiranger vert brøyta i slutten av mai.

Det beiter ca. 2.000 sauer og 50 storfe i området.

Vurdering

Området vert omfatta av Miljøverndepartementet sine rikspolitiske retningsliner. Det verkar lite aktuelt med vesentlege inngrep eller annan menneskeleg aktivitet i området. Motorferdsel i utmark ser ikkje ut til å vere noko problem i kommunen.

5.9 Stryn kommune

Kommuneplanstatus

Stryn manglar kommuneplan, men arbeidet er starta opp. Det er utarbeidd eigen reguleringsplan for Tystigenområdet.

Fysiske inngrep

Mesteparten av Stryn sin del av villreinområdet er vanskeleg tilgjengeleg, og pga. skredfaren kan det heller ikkje byggast alle aktuelle plassar. Største aktiviteten er knytt til Stryn Sommarski A/S ved Tystigbreen. Her er fleire skitrek opp på breen, og det er tilbod om både alpint i brehellina og langrenn oppe på breplatået. Det er bygd eit servicebygg med servering og rastemulegheiter, og det er eit større parkeringsanlegg der. Sesongen er frå slutten av mai til september. Senteret har planar om vesentlege utvidingar, men sjølve skiaktivitetane vert i samme område som før. Det er først og fremst kapasiteten som er tenkt auka, m.a. på servering og parkering.

Lenger ned i dalen har ein eit sommarhotell på Videsæter. Det er ein gammal seterstøl i Skjerdingsdalen, og i tillegg er det berre 8–10 enkeltbygningar spreidd i området.

Heilårsvegen frå Grotli til Stryn går i 3 lange tunnelar på strekninga Langvatnet–Videsæter. Gamlevegen RV 258 vert brøytta i løpet av mai/byrjinga av juni; avhengig av snøforholda, og det går ein god del turisttrafikk her. Denne vegen er med blant 4 vegstrekningar som Vegdirektoratet har rusta opp som opplevingsvegar for turistar. Tilrettelegginga så langt er lita.

Dei siste 10 åra har det vore ei viss utviding av aktiviteten ved Sommarskisenteret, og ei anleggshytte ved Gamle Strynefjellsvegen er pussa opp.

Ferdsel og annan aktivitet

Det er lite motorferdsel i området. Det er stort sett berre Stryn Sommarski som brukar snøskuter etter vegtraséen frå aust før vegen blir brøytta, og til å køyre opp skiløyper oppe på platået til Tystigbreen.

Det beitar 11–1200 sauer og ca. 100 storfe i Skjerdingsdalen og Videdalen.

Vurdering

Stryn manglar styringsverktøy for fysiske inngrep i området ved at det ikkje er laga kommuneplan. Pga. naturforholda (bratt, rasfare) er aktiviteten liten utanom skisenteret. Det bør likevel snarast utarbeidast kommuneplan/kommunedelplan for området.

Kommunen manglar også ferdselsreglar for motorferdsel i utmark.

5.10. Luster kommune

Kommuneplanstatus

Luster har kommuneplan frå 1991. Villreinområdet er avsett til LNF-område med byggeforbod. I ein kommunedelplan for friluftsliv som er på høyring er det sett av eit hyttefelt i sørenden av Åsetvatnet nord for Skjolden. Det er krav om reguleringsplan før vidare frådeling eller bygging kan skje.

Fysiske inngrep

Det ligg 4 turistforeiningshytter her, men elles er det svært lite hytter og andre bygningar i Luster sin del av villreinområdet.

Det går anleggsveggar opp til demninga ved Styggevatnet i Jostedalen og til Nørstedalen, Breiddalen og Vesldalen i Fortunsdalen. Alle desse vegane er opne for allmenn ferdsel.

Det er elles planar om å utgreie ein sommarveg over Handspiken frå Styggevatnet til Mysubytta i Skjåk. Dette forprosjektet er ikkje starta opp pga. manglande finansiering, og vegen er ikkje sett av på kommuneplanen.

Jostedalsreguleringa er det desidert største inngrepet dei siste 10 åra. I samband med denne er det bygd 2 nye hytter til erstatning for ei gammal turistforeiningshytte. Utover kraftutbyggingsinngrepa er det gjort lite i området.

Ferdsel og annan aktivitet

Luster har fastsett kommunale retningsliner for motorferdsel i utmark som skjerpar omsynet til mellom anna villrein og andre viltinteresser.

Det vert brukt helikopter til transport av varer til vanskeleg tilgjengelege turisthytter. Kommunen har godkjent ein fast landingsplass for helikopter ved hyttefeltet Osen ved Åsetvatnet.

Mesteparten av motorferdselen er tilsynsarbeid på kraftverk og i nedbørfelt i regi av Hydro Energi og Statkraft.

Det beiter ca. 4.000 sauer i området.

Vurdering

Luster har den nødvendige heimelen for å styre ein del byggetiltak i området ved kommuneplanen. Motorferdselen i området vert utført av få aktørar, og verkar å vere under kontroll. Kommunen sitt løyve til helikopterlandingsplass kan vere uttrykk for ei mindre restriktiv haldning til motorferdsel i utmark enn i nabokommunane.

6. Inngrep og forstyrningar uavhengig av kommunegrenser

6.1. Militær aktivitet på bakken

Ottadalsområdet har ikkje vorte brukt til større militærøvingar dei siste åra, og ut frå verneverdiane er det neppe aktuelt med øvingar inne i villreinområdet. Lokale avdelingar kan bruke områda etter dei busette dalsføra, og det er forlegningar på Setnesmoen ved Åndalsnes og på Dombås.

Dei einaste som brukar området årvisst, er ein del britiske avdelingar. Desse driv vintertrening i januar–februar i Vermedalen og delvis Brøstdalen i Rauma, og i området frå Grotli mot Billingen/Heggjebotn i Skjåk. Dei er forlagt på Setnesmoen og Grotli.

Øvingane vert planlagt og gjennomført i nær kontakt med norske liaisonoffiserar. Desse kontaktoffiserane samarbeider med mellom anna kommunale viltstyresmakter og jaktretts-havarar. I Skjåk flyg ein over øvingsområdet med helikopter for å registrere evt. rein før ein startar øvingane. I tillegg har ein lagt vekt på å bruke område der det er lite sannsynleg å finne rein på denne årstida.

I stortingsmelding nr. 21 (1992-93) Handlingsplan for miljøvern i Forsvaret er det lagt opp til klare samarbeidsrutiner mellom Forsvaret og miljøvernstyresmaktene i samband med øvingar. Det vil vere viktig å kunne gjennomføre desse intensjonane.

6.2. Lågtflyging

Lågtflyging over reinen i sårbare periodar kan vere skadeleg (Reimers 1984, Kaltenborn 1988). Ottadalsområdet blir lite brukt til sivil lågtflyging. Det foregår noko landing med helikopter i samband med drift og vedlikehald av kraftanlegg, og helikopter vert brukt til varetransport til nokre turisthytter i området.

Luftforsvaret brukar heller ikkje området spesielt mykje til vanleg trening. Vi har døme frå dei siste vintrane på at militære fly og helikopter har drive lågtflyging over viktige vinterbeiteområde i samband med øvingar.

I dei generelle reglane for luftfart tilrå Luftfartsverket at det vert vist stor aktsemd ved flyging over villreinområde, og dei seier at flyging bør foregå i høgde på minst 300 m.o.b. i periodane ca. 15.04.–ca. 15.06. og ca. 25.08.–ca 31. 10. for område der det er rein. Eit liknande regelverk finst i «Bestemmelser for Luftforsvaret». Etter desse er det ikkje generelle restriksjonar på lågtflyging i området, noko som gjer at militære fly kan gå ned til 200 fots høgde, dvs. knappe 70 m.o.b., utanom dei to sårbare periodane.

Luftfartsverket arbeider med eit nytt pilotkart som gjeld både sivil og militær luftfart. Her skal det bli vist kva område som er sårbare for lågtflyging.

Lågtflyging (under 300 m.o.b.) kan forbyast over område verna etter naturvernlova, og er med i verneforskriftene for fleire større verneområde.

6.3 Friluftsliv

Turistruter og -hytter

Den Norske Turistforening og den lokale medlemsforeninga Ålesund-Sunnmøre Turistforening har til saman 16 hytter inne i villreinområdet eller rett utanfor. Desse hyttene heng saman i eit turstinett som går vidare til andre område. Nokre av rutene er anten berre sommar- eller vinter-ruter. Rutene er merka med vardar og raude T-ar. Kring påsketider vert nokre ruter merka med kvistar. I dette området gjeld det ruta frå Sota Sæter over Fortundalsbreen til Nørdstedalseter, og vidare frå Nørdstedalseter mot Sognefjellet. Dette turstinettet er vist på kartvedlegget.

Det finst også både merka og umerka stiar som ikkje inngår i DNT sitt rutenett. I Skjåk er det merka opp 3 turstiar som går opp i snaufjellet. I fleire kommunar er det tradisjonelle stiar i fjellet som vert brukt til turgåing. Fleire idrettslag har sett ut postar i fjellet der folk kan registrere seg, og dette er med på å kanalisere utfart til bestemte område.

Det finst ulike allmenings- og grunneigarlagshytter som står opne eller kan leigast ut. Til slutt er det fleire private overnattingsstader som ligg slik til at dei kan vere «endestasjonar» for rutenettet.

DNT har følgende hytter:

Torsbu	Torsvatnet, Skjåk	14 senger	Sjølvbetjent
Skridulaupbu	Rauddalsvatnet, Skjåk	4 senger	Sjølvbetjent
Slæom	Mysubyttalen, Skjåk	20 senger	Sjølvbetjent
Sota Sæter	Liavatnet, Skjåk	60 senger	Betjent
Sprongdalshytta	Jostedalen, Luster	12 senger	Sjølvbetjent
Arentzbu	Rausdalen, Luster	14 senger	Sjølvbetjent
Fast	Åsetvatnet, Luster	7 senger	Sjølvbetjent
Nørdstedalseter	Fortunsdalen, Luster	27 senger	Betjent sommar
Trulsbu	Lundadalen, Skjåk	12 senger	Sjølvbetjent

ÅST har desse hyttene:

Tjønnebu	Valldal, Norddal	10 senger	Ubetjent
Vakkerstøylen	Ulvådalen, Rauma	26 senger	Sjølvbetjent
Pyttbua	Pyttbudalen, Rauma	53 senger	Sjølvbetjent
Veltdalsbu	Veltdalen, Skjåk	38 senger	Sjølvbetjent
Reindalsseter	Tafjord, Norddal	95 senger	Betjent sommar
Danskehytta	Viksvatna, Norddal	16 senger	Sjølvbetjent
Kaldhusseter	Tafjord, Norddal	42 senger	Betjent sommar

Overnattingsstala for hyttene går fram av vedlegg. Samla ligg ein kring 15.000 overnattingar pr. år. Tala varierer frå ca. 4.000 overnattingar på Sota Sæter til ca. 300 for Slæom og ca. 100 for Tjønnebu.

Skjåk Almanning har ca. 10 hytter. Desse vert hovudsakleg brukt om sommaren, og spesielt i reinsakta. Grytten fjellstyre har 4 hytter, Lesja fjellstyre har 5 hytter og Finndalen fjellstyre har 3–4 steinbuer. Grunneigarlaga og sauesankarlaga har også eit titals hytter som står opne. Elles finst det fleire gamle steinbuer og andre krypinn, men desse vert berre brukt sporadisk av heilt lokalkjente, og kan ikkje seiast å påverke ferdsele i fjellet.

Allmennings- og felleshyttene vert brukt forholdsvis lite. Tal frå Lesja fjellstyre syner gjennomsnittleg utleige på under 20 døgn pr. hytte/år. Skjåk Almenning sine hytter vert brukt berre omlag 5 døgn pr. år utanom reinsjakta, då hyttene står opne. For dei opne hyttene har ein for dårlege registreringar, men ut frå den generelle utfarten i desse områda reknar vi bruken som svært liten utanom reinsjakta. Han overstig neppe 30-50 personovernattingar pr. hytte/år utanom jakta.

6.4. Jakt, fiske og villmarksturisme

Reinsjakt

Reinsjakta er den mest stressande perioden i året for villreinen. Det er den tida det er mest menneske i fjellet, og menneska dukkar opp på heilt uføresette stader for reinen. I tillegg vil reinen evt. oppdage menneske på kortare avstandar enn elles i året, då jegrane naturleg nok vil prøve å nærme seg utan å bli oppdaga av reinen. I tillegg kjem skotstøy og fall av dyr. Ein del jegrar opptrer også slik at dei forstyrrar reinen unødigg.

Under hard jakt vil reinen både bruke meir energi til aktivitet, og ta inn mindre energi gjennom redusert beitetid. Dette er undersøkt på Hardangervidda i 1984 (Reimers og Kolle 1988). Når ein korrigerer for insektforstyrning, vart beitetida redusert med 18 % og liggetida med 23 % i jakt-tida samanlikna med tida før jakt. Springing auka med heile 344 %. Ut frå dette rekna dei ut at årskalvane stoppa å vekse under jakta, mot ein vektauke på 226 gram/dag før jakta. Vaksne simler utan kalv reduserte tilsvarande veksten frå 444 til 65 gram/dag. Dei samme forfatarane har også undersøkt slaktevekter på Hardangerviddarein i 1969, og dei fann ut at det ikkje var nokon vektauke på samanliknbare dyregrupper gjennom jakttida. Dette forklarar dei med at reinen ikkje legg på seg pga. stresset som jakta skaper. Skogland (1994) meiner at dette også må vurderast ut frå vinterbeitetilgangen i områda.

Ottadalsområdet har ikkje hatt så sterke og konsentrerte reduksjonsavskytingar, og med høg fellingsprosent har det heller ikkje vorte så mykje jegrar i fjellet. Ein ser likevel tilløp til store jegermengder lokalt, særleg når reinen er samla i store flokkar, og heile jaktområdet er opna for alle jegrane. Utfordringa blir å spreie jegrane slik at jakttrykket ikkje blir så konsentrert.

Småviltjakt

Det vert jakta rypet og hare i området. Småviltjakta startar når reinsjakta sluttar, og fell saman med brunsttida og oppbeitingstida etter denne.

Det kan ligge konflikter i bruk av hund til småviltjakt. Ein del hundar kan følgje etter rein, noko som er kjent både i villrein- og tamreinsamanheng. Vi er ikkje kjent med døme på dette frå Ottadalsområdet.

Sportsfiske

Området vert brukt til aurefiske i vatn og elv. Jamnt over er det tynne bestandar i vatna, og det meste vert teke ut ved oter- og garnfiske. Fiskereglane varierer, men oftast er retten til garnfiske prioritert dei innanbygdsbuande. Området må kunne sjåast på som lite utnyttat. Det vert drive eit visst kultiveringsarbeid med fiskeutsettingar i vatna, og nokre av desse tiltaka er pålagt i kraftutbyggingskonsesjonar.



Reinsjakta er den tida på året då det flest folk i fjellet i Ottadalsområdet. Organisering av jakta til beste for reinen vil vere eit viktig tiltak (Foto: Per S. Løkken).

Stor skiutfart (Illustrasjonsfoto som ikkje er teke i Ottadalsområdet, foto Arne Johs. Mortensen).



Fiskesesongen i desse høgfjellsområda er kort, kanskje berre delar av månadane juli og august. Totalt vert det difor svært liten utfart av sportsfiskarar i området. I tillegg vil fiskarane venteleg gå dei kortaste vegane frå bygda og inn til vatna for å kunne bruke mest mogeleg tid til fiske. Vi har ikkje kartlagt dette nærare, men ut frå lokal kjennskap til dei ulike fiskevatna og vanleg fiskarframferd, legg vi til grunn at desse i hovudsak brukar faste stiar og traséar, og oppheld seg i meir avgrensa område av fjellet. Konfliktane ligg såleis i første rekke i at stiane/traséane inn til vatna passerer beiteområde/trekkveggar til reinen.

Følgande vatn/område inne i villreinområdet peikar seg ut som attraktive for fiske:

Honnsjoen, Lom	Fleire hytter / fiskebuer, noko overbefolka vatn.
Leirungs- og Råkvatnet, Skjåk / Lom	Svært produktive vatn.
Aursjoen, Skjåk	Tradisjonelt godt vatn, lett tilkomst med veg.
Lundadalsvatnet, Skjåk	Her er det bygd 5–6 fiskebuer og naust.
Hamsedalen og Mårådalen, Skjåk	Fleire vatn og elver, lett tilgjengeleg frå Grotli.
Torsvatnet, Skjåk	Mest garnfiske.
Asbjørnsdalen / Grøndalen, Lesja	Fleire vatn med hytter og naust.
Verme-, Lang- og Ulvådalsvatnet, Rauma	Lett tilgjengelege med veg langt inn.
Åsetevatnet, Luster	Tradisjonelt godt vatn, hyttefelt ved vatnet.

Uorganisert utfart frå hytteområde, vegar m.v.

Ottadalsområdet har eit unikt landskap og mange naturkvalitetar som fristar til meir spontan utfart. Spesielt i austlege delar er terrenget flatt og «lettgått», og det er også lett tilgjengeleg frå veg mange stader.

Dei siste åra har det vorte meir populært med skiløping i fjellet seint om våren, og mange forlengar skisesongen ved å trekke høgare til fjells utover i mai. Elles er det vanleg med dagsturar i påska og andre helgedagar om våren.

Grotliområdet er spesielt mykje brukt til utfart. Det ligg lett tilgjengeleg frå heilårsveg, og det er etablert fleire større hyttefelt i området. Det er også fleire hotell og andre turistanlegg i området. Det er attraktivt ski- og fotturterreng i heile området. Mykje av skiutfarten på forsommaren vert kanalisert til Strynefjellet Sommarskisenter, men på seinvåren er det mykje toppturar m.a. til Skridulaupen.

Hyttfeltet i Hamsevika ligg naturleg til for turar inn i Hamsedalen. Dette kan gje konfliktar med viktige vårvinterbeite og kalvingsområde.

Djupvasshytta og Dalsnibba har stor turistaktivitet, men denne er konsentrert til dei 2 områda og vegen i mellom.

Det er planar om å utvikle RV 258 (Gamle Strynefjellsvegen) til ein opplevingsveg for turistar. Dette vil gje større aktivitet i området, og kan også gje meir utfart.

Trollstigvegen

Trollstigvegen RV 63 er ein populær turistveg. Den største aktiviteten er knytt til turistanlegget på Stigrøra i Rauma. Her er det kiosk/kafé og ein stor rasteplass. Cruisebåtturistar vert også køyrt opp hit. Elles har Statens Vegvesen laga ein mindre rasteplass ved Øvstestølen i Norddal kommune. Her er det også eit felt med hytter og oppussa seterhus. Mellom desse ligg

Slettvikane. Her er det ikkje lagt spesielt til rette, men terreng og tidlegare grusuttak gjer at mange stoppar her. Ein del overnattar i bubilar og campingvogner langs heile vegstrekinga.

Rånå

Rånå er utgangspunkt for skiturar i Asbjørnsdalen. Det er bygd ein eigen parkeringsplass her til dette formålet. Området vert brukt frå ettervinteren og så lenge det er skiføre utover våren. Denne utfarten kan komme i konflikt med vårvinterbeite og kalvingsplassar i Asbjørnsdalen.

Vi er ikkje kjent med at det er tilsvarande utfart om sommaren.

Finndals-, Lordals- og Slådalsvegen

Det er litt tilfeldig sommarutfart frå Nysetra og Storsetra i Lordalen, og sporadisk utfart frå Finndalsvegen og Slådalsvegen.

Aursjovegen

Aursjovegen vert brukt av hytteeigarar ved Aursjoen og elles av jegrar og fiskarar. Reinen kryssar vegen når han brukar området rundt Skamsarkampen.

Styggevassdammen

Anleggsvegen til Styggevassdammen i Luster vert mykje brukt av bilistar. Norsk institutt for naturforskning, NINA, fann ut at over 2000 køyretøy besøkte dammen i 1989. Interesse verka å vere større dess nærare dammen ein budde, noko som kan tyde på ei viss nysgjerrigheit pga. medieomtalen av utbygginga. Dei aller fleste hadde opphalde seg nær bilen, og berre ca. 1/4 hadde gått lengre enn 1 km ut i terrenget.

Fortunsdalen med sidedalar

Anleggsvegane etter Fortunutbygginga er opne for vanleg trafikk. Spesielt i Middalen kan ein køyre langt inn i villreinområdet når snøen er borte. Brøyting av seintsmeltande snøfonner kan forlengje denne sesongen.

Villmarksturisme

Det er gjort forsøk med meir tilrettelagt reinsjakt både på Bjorli og i Skjåk. Jegrane har med guidar til hjelp under jakta, men elles vert ikkje opphaldet i fjellet tilrettelagt på noko spesielt vis. Jegrane bur gjerne nede i bygda, og skiljer seg lite frå andre jegrar. Så lenge dette ikkje vert lagt meir tyngre til rette, t.d. langvarige opphald på ulike hytter i fjellet med separat inntransportering av mat og utstyr, må dette likestillast med all anna jakt.

Ein privatperson i Skjåk har arbeidd med ulike tilbod for fjellturisme som organiserte skiturar med overnatting i snøholer og lavvo, og ulike fiskeaktivitetar om sommaren. Det er også starta opp med hesteutleige.

Natur Opplevingar A/S i Lom driv også med guida turisme i fjellet. Dei tilbyr fjellklatring, breturar, grotteturar og skiturar. Hovudaktiviteten føregår i Jotunheimen, men dei har vurdert dagsturar i Ottadalen villreinområde.

6.5. Kraftutbygging og -overføring

Det er gjennomført fleire vassdragsutbyggingar i området, og det er bygd kraftleidningar over fleire fjellparti.

Det går 4 kraftliner frå Vågå over Slådalen, 300 kV, 132 kV og 2 stk på 66 kV. Dei to første går mot Lesja, og dei siste går over Ståkåhø mot Dombås. Det går ei 66 kV line frå Vågåmo gjennom Finndalen, og via Honnsjoen til Skjåk.

Glommen og Laagens Brukseierforening sine reguleringar i Skjåk

Det er gjennomført fleire større vassdragsreguleringar i Skjåk i tillegg til det vatnet som er ført til Tafjord og Fortun. Aursjoen er regulert 12,5 m ved at det er oppført ein dam i det gamle utløpet av sjøen. Vatnet vert ført gjennom tunnel og rørgate til Skjåk I kraftverk nede ved Otta elv.

Breidalsvatnet er regulert 13 m og Rauddalsvatnet 30 m. Her er det ikkje kraftverk, men vatnet vert brukt i elvekraftverk vidare nedover Otta og Lågen.

Vermareguleringa

Verma er utbygd med reguleringar av Vermevatnet (5,5 m) og Langvatnet (1,8 m). I tillegg er elva frå Midtbotn ført over frå Ulvåa til Verma. Vatnet vert teke inn på kote 576 og ført i rørgate til Verma kraftverk nede ved Rauma.

Tafjordutbygginga

Det er gjennomført ei rekkje større kraftutbyggingar i Tafjordområdet. Følgande vatn i fjellet er regulerte: Kolbeinsvatnet (9 m), Fremste Viavatnet (1,5 m), Heimste Viavatnet (35,5 m), Slettdalsvatnet (21,5 m), Fagerbotnvatnet (15,5 m), Fetvatnet (22 m), Brusebotnvatnet (17 m), Grønvatnet (17 m), Heimste Viksvatnet (20 m), Fremste Viksvatnet (17 m), Fremste Smettevatnet (8 m), Heimste Veltdalsvatnet (11 m) og Fremste Veltdalsvatnet (15,5 m). I tillegg kjem låglandsvatna Onilsavatnet, Sakariasvatnet og Heimste og Fremste Kaldhussætervatnet. Muldalselva vert henta inn ca. 450 m.o.h. og overført til Tafjord. Fleire av vatna er samandemt ved HRV. Dette gjeld m.a. Viavatna, Viksvatna og Grønvatnet/Brusebotnvatnet.

Det går kraftliner inn til Via, Fetvatnet og Brusebotn.

Fortunsutbygginga

Fortunvassdraget er utbygd til kraftforsyning. Illvatnet (15 m), Mevatnet, Breiddalsvatnet (19 m), Svartdalsvatnet, Namnlausvatnet (12 m) og Grønevatnet (20 m) er alle regulerte og vatnet vert ført i tunnel til Herva kraftverk på Sognefjellet. Gravdalsvatnet er regulert 26 m og vatnet vert ført til Fivlemyr kraftverk. I Nørstedalen er det laga eit kunstig magasin, Fivlemyrane, med 10 m reguleringshøgde. Vatnet går i tunnel til Skålavatnet og til kraftverk ved Skagen i Fortunsdalen. Nedre Grønevatn og ein del mindre restfelt vert også ført inn på tunnelen. Det går ei kraftline frå Fivlemyrane mot Fortunsdalen. Elles går det 3 anleggsvegar ut frå Nørstedalsæter. Desse vert ikkje brøytta før i juli og august.

Jostedalsutbygginga

Jostedøla er også bygd ut. Kupevatnet kan seinkast 73 m, og vert ført til Styggevassmagasinet.

Dette er gamle Styggevatnet og Austdalsvatnet som er oppdemt 90 og 70 m, og samandemt ved høg vasstand. Vatnet vert ført i tunnel ned i Jostedalen til kraftverket der. Sidevassdraga aust for Jostedalen vert teke inn i tunnel og ført til samme kraftverk. Det går anleggsveggar til Styggevatnet, Fagredalen og Vanndalen, men desse vert ikkje brøytt.

Planlagte utbyggingar i Øvre Otta

Det er søkt om konsesjon for kraftutbygging i Øvre Otta.

Grovt skissert går planane ut på å ta inn elvene Føysa, Tora, Vulu og Mosagrovi inn på eit avskjerande tunnelsystem. Vatnet frå Breiddalsvatnet vert ført inn på det samme, og elvene Måråi, Åfotgrovi, Blankåi, Glitra, samt Rauddalsvatnet går til Glitra kraftverk ved Pollvatn. Vatnet går vidare gjennom eit planlagt Øyberget kraftverk som nyttar fallet mellom Heggebottvatn og foten av Dønfossen.

Krafta er tenkt ført i 320 kV line anten sør for Aursjoen eller langs dalen forbi Bismo, og så over Honnsjoen og ned Finndalen til Vågåmo.

6.6. Utmarksbeite

Det beiter oppunder 30.000 sauer og lam i Ottadalsområdet. I tillegg beiter det 2-3.000 storfe, ca. 1.000 geiter og nokre hestar der. Geit, hest og mykje av storfeet beitar mest nede i skogbandet, medan sauene i lange periodar går i samme terreng som villreinen.

Dei siste åra har ein vurdert moglege konflikhtar mellom sau og villrein. Ein har sett på direkte beitekonkurrans mellom dyreartane, på innvollsparasittoverføring frå sau til rein, og på meir uklåre forhold som gjer at rein ikkje brukar område der sau har beita. Det har frå lekmannshald vorte hevda at reinen skyr område med lukt av sau og sauemøkk.

Beitekonkurrans mellom rein og sau er studert i Knutshø villreinområde (Gausemel, 1989) og på Hardangervidda (Skogland 1994). Felles for undersøkingane er at rein og sau svært sjeldan brukar samme beiteområde samstundes. Skogland hevdar at reinen trekkjer unna når sauene kjem til fjells. Begge artane beitar i fleire av dei samme plantesamfunna. Skogland fann at artane hadde 76 % overlapping på plantesamfunn, medan Gausemel fann 30 % i snitt over sommaren, med 50 % overlapp i juli som høgaste enkeltmånad. Forskjellane er ikkje kommentert av nokon, men ein kan tenke seg at det er meir lav- og rabbesivheier i Knutshø, og dette er område som stort sett berre blir brukt av rein.

Det har pågått ein debatt om sau kan spreie innvollsparasittar til rein. Skogland (1994) hevdar at rein som beiter i område med størst sauetettleik har mest innvollsparasittar. Ut frå materialet til Bye (1987) verkar dette ikkje å vere tilfelle. Eit nyare arbeid (Warren & Mysterud) har ikkje avklart dette nærare.

Dei økologiske verknadane av sauebeite på villrein er etter vårt syn ikkje godt nok undersøkte til no. Det pågår no fleire forskningsprosjekt på dette, og vi kjenner oss visse på at dette er eit område det bør og vil bli satsa mykje ressursar på framover. Sau på fjellbeite gjev auka ferdsel i fjellet gjennom tilsyn og sanking.

6.7. Tamreindrift

Lom Tamreinlag A/L har vinterbeiteområde for ca. 2.200 rein på austsida av Lomseggi. Villrein beiter på vestsida av det same fjellpartiet om sommaren, og det kan vere fare for at dyr kan blande seg.

Til no har ein løyst dette problemet med å ha ei gjensidig varslingsplikt om rein som går på feil side av fjellet. Det vil likevel vere svært vanskeleg å ha oversikt over strødyr som går att etter den tida dei normalt skulle beite i området.

Blanding av tamrein og villrein kan bli eit stort forvaltningsmessig problem, og vil krevje gjensidige registreringsordningar for innblanda dyr og kompensasjon for feilfelt tamrein.

6.8. Ymse aktivitetar

Motorisert ferdsel

Pr. 31.12.96 var det 311 registrerte snøskuterar (beltemotorsyklar) i dei 10 kommunane. Dette talet har vore stabilt dei siste åra, og fordeler seg på følgande måte:

Dovre	27
Vågå	39
Lom	40
Skjåk	29
Lesja	34
Rauma	47
Norddal	7
Stranda	17
Stryn	30
Luster	41

Sjølv om delar av kommunane ligg godt utanfor Ottadalsområdet, så viser desse tala at det kan vere eit stort potensial for snøskuterkøyring i området.

I tillegg vil det finnast uregistrerte køyretøy, og det vil vere mogeleg å bruke firehjulsdrivne bilar og jordbrukstraktorar på sommarstid.

Mineralutvinning

Frå tidlegare tider vert det hevda at det er funne gull i området. Det er muta eit område i Mårådalen i 1996. Ein er no inne i ei tid der det også foregår leiting etter gull andre stader i landet, m.a. anna på Finnmarksvidda, Eikesdalen i Nesset og i Åmotsdalen i Oppdal.

Mineralleiting og -utvinning er aktivitetar som ikkje let seg kombinere med bruk av dei same områda til villreinareal, då dette gjev mykje støy og menneskeleg ferdsel. I tillegg vil brot og ulike gråbergdeponi legge beslag på evt. beiteområde.

Gullforekomstar kan også utnyttast i turistsamanheng ved gullvasking i vassdrag. Det er grunneigarane som har retten til slik utnytting. Slike aktivitetar kan også forstyrre reinen.

7. Aktuelle verkemiddel i forvaltninga av Ottadalsområdet

Vi har sett på eit utval av dei verkemidla ein kan bruke i forvaltninga av fjellområde med tanke på å unngå skadelege inngrep og forstyrningar.

7.1. Juridiske verkemiddel

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova gjev heimel for arealplanlegging på riks-, fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Lova regulerer også ulike byggetiltak, og stiller krav til søknad og tekniske forhold ved bygge- og anleggsarbeid.

Etter § 17-1 kan Kongen fastsetje rikspolitiske retningslinjer for m.a. den fysiske utviklinga i fylke og kommunar som skal leggest til grunn for arealplanlegginga. Rikspolitiske retningslinjer er m.a. fastsett for verna vassdrag, og Miljøverndepartementet har i brev av 18.09.92 bedt om at nasjonalparkplanen skal oppfattast som ei rikspolitiske retningsline for arealplanlegginga.

For å sikre nasjonale eller regionale interesser, kan det etter § 17-1 også innførast tidsavgrensa forbod mot bygge- og anleggstiltak innan bestemte geografiske område inntil 10 år, med høve til å forlenge dette med 5 år om gongen.

Fylkeskommunane skal utarbeide fylkesplan etter § 19 for å samordne statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd i eit fylke. Oppland og Hedmark har utarbeidd ein fylkesdelplan for å sikre villreinområda i Rondane, og det vert arbeidd med ein liknande plan i Dovrefjellområdet. Fylkesplanen er ikkje juridisk bindande.

Arealdelen til kommuneplanar etter § 20 er derimot juridisk bindande for arealbruken. Her skal kommunane sette av areal til mellom anna byggeområde, landbruks-, natur- og friluftsområde, område for råstoffutvinning, bandlagte areal etter andre lover og areal til viktige ledd i kommunikasjonssystemet. Det kan fastsetjast meir utfyllande reglar for desse områda; også juridisk bindande vedtekter.

Reguleringsplanar etter § 25 er også juridisk bindande, og set av m.a. byggeområde, landbruksområde, trafikkområde, friområde, fareområde og spesialområde. Til det siste høyrer friluftsområde, mindre naturvernområde, steinbrudd og massetak m.fl. Reguleringsplanar er meir detaljerte, og dekkjer mindre areal enn kommune- og kommunedelplanar.

Fylkeskommunen og statlege fagstyresmakter har rett og plikt til å samarbeide med kommunane om kommune- og reguleringsplanlegging. Dersom planen likevel kjem i konflikt med regionale og nasjonale naturverdiar, kan m.a. fylkesmannen fremje motsegn til planen. Dersom kommunen og motsegnsinstanden ikkje vert samde etter mekling, vil Miljøverndepartementet avgjere saka.

Kommunen kan regulere plassering av transportable installasjonar som bubilar og campingvogner etter § 85.

Dersom det føreligg særlege grunnar kan kommunen gje dispensasjon etter § 7 frå bestemmelsar i lova eller planar etter denne. Saka skal leggest fram for interessentar og fagstyresmakter før vedtak vert gjort, jfr. § 17 i forvaltningslova.

Viltlova

Viltlova § 7 fastslår at omsynet til viltet skal innpassast i oversiktsplanlegginga etter plan- og bygningslova. Direktoratet for naturforvaltning har heimel for å innføre biotopvern i spesielle område av omsyn til viltet. Dette kan gjelde både ferdsel og fysiske inngrep.

Etter § 8 kan det innførast forskrifter for ulike ferdselsformer i utmark som kan vere skadeleg for viltet. Denne er så langt ikkje brukt.

Etter § 52 er det bandtvang for hundar i tida 1. april–20. august. Utanom denne tida kan hunden berre vere laus når han kan følgjast på forsvarleg måte. Under spesielle forhold kan fylkesmannen i medhald av § 52, 3. ledd, fastsetje ekstraordinær bandtvang til andre tider. Dette vert gjort i bestemte område av omsyn til viltet. Dette er særleg aktuelt for å beskytte hjort og rådyr ved store snømengder, men også spesielle beiteforhold med nedising o.l. i fjellet kan tilseie ekstra omsyn for reinen.

Naturvernlova

Kongen kan legge ut større tilnærma urørte eigenarta eller vakre naturområde som nasjonalpark etter §§ 3 og 4. Dette skal vere statens grunn eller andre område som ligg inntil og vert verna i lag med dette. Ein skal verne naturmiljøet med landskap, planter, dyreliv og natur- og kulturminne. Det kan fastsetjast nærare retningsliner for skjøtselen av området. Det er oppretta 18 nasjonalparker utanom Svalbard, i det vesentlege i fjellområda.

I den nye landsplanen for nasjonalparker og andre større verneområde (Stortingsmelding nr. 62 i 1991–92) er det framlegg om nasjonalparker berre på privat grunn. Dette vil krevje lovendring før det evt. kan gjennomførast. Stortingsfleirtalet ønska ein heimel til å leggje ut nasjonalparker på privat grunn.

Tilsvarende kan det etter §§ 5 og 6 leggest ut areal til landskapsvernområde og etter §§ 8–10 som naturreservat med tilhøyrande reglar for bruk og skjøtsel.

Landskapsvernområde er ei mild form for vern av landskapet sin art og karakter, og vert helst brukt i kulturpåverka område. Det var 76 landskapsvernområde pr. 01.01.95. Reguleringsplan etter plan- og bygningslova § 25 med føresegner vil gå framom vernereglane om landskapsvernområde. Såleis kan ein ikkje opprette landskapsvernområde i strid med reguleringsplan, og ein ny reguleringsplan vil kunne oppheve tidlegare landskapsvern.

Naturreservat kan brukast for meir urørte område eller spesielle naturtypar. Dette er ei streng form for vern, og vert vanlegvis brukt på mindre areal enn nasjonalparker og landskapsvernområde. Dei fleste naturreservat vert oppretta gjennom fylkesvise verneplanar for ulike naturtypar som edellauvskog, barskog, myr, våtmark, sjøfuglområde m.v. Det var 1174 naturreservat pr. 01.01.95.

Etter § 22 kan det innførast ferdselsforbod i verneområde av omsyn til m.a. dyrelivet.

Friluftsløva

Friluftsløva § 2 gjev alle rett til å ferdast i utmark heile året til fots, med hest, sykkel, kjelke e.l. så lenge dette skjer omsynsfullt og med tilstrekkeleg varsemd (allemannsretten).

Det er eit unntak etter § 10 for større samlingar av personar som kan føre til skade eller ulempe. Dette krev samtykke av grunneigaren.

Paragraf 11 pålegg brukarane å vise varsemnd, og grunneigaren kan vise bort folk som opptrer omsynlaust.

Kommunen kan etter § 15 regulere ferdsla i visse område av omsyn til m.a. dyrelivet. Kommunestyret sitt vedtak må stadfestast av fylkesmannen.

Kongen kan legge ut område av staten sin grunn som friluftsmark etter § 34, og etter § 35 kan han gje løyve for reise- og friluftslivsorganisasjonar til å merke ruter og lette framkomst på annan sin grunn (ikkje brukt til no).

Fjellova

Etter § 3 er det fjellstyret som administrerer bruksrettane. Dei skal arbeide for at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjer næringsliv i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsinteresser.

Disponeringa av grunnen er lagt til Statskog SF, jf. § 12. Etter § 35 skal skogforvaltaren ta ut tomt for plassering av naudsynte hytter og naust. Det er eit krav om at andre lover vert følgd (PBL, naturvernlova).

Bygdeallmenningslova

Bruksrettane i bygdeallmenningar blir forvalta av eit allmenningsstyre. Dette skal utarbeide bruksreglar etter §§ 3–7 og 3–8, det kan på visse vilkår styre beite, og det utviser setrer og dyrkingsareal.

Skjåk Almenning vert omfatta av bygdeallmenningslova.

Lov om motorferdsel i utmark

Det er fastsett nasjonale forskrifter til lova.

Det er eit generelt forbod mot motorferdsel i utmark etter § 3 i lova, men etter § 4 er visse typar ferdse tillate, t.d. politi-, rednings- og forsvarskøyning.

Etter § 5 i lova kan kommunestyret lage forskrift om landingsplass for luftfartøy og bruk av motorfartøy på innsjøar under 2 km².

Miljøverndepartementet kan etter § 7, 2. ledd i lova lage forskrift om motorferdselsforbod i viktige naturområde, også etter privat veg.

Etter §§ 2 og 3 i den nasjonale forskrifta er ein del typar barmarks- og vinterferdsel tillate. Kommunen kan fastsetje vilkår for køyning om vinteren, og fylkesmannen kan regulere køyning i sårbare område heile året. Fylkesmannen kan også avgjere om køyning fell inn under formål som ikkje treng spesielt løyve.

Kommunen kan gje løyve til visse typar køyning etter §§ 5 og 6 i forskrifta, og i særlege tilfelle etter § 6 i lova.

Forbod mot helikopterskiing o.l. er fastsett i eiga forskrift.

Ulike konsesjonslover

Fleire utbyggings- og næringstiltak i utmark treng løyve etter ulike lover. Dette er t.d. vassdragsreguleringslova, energilova (bygging av kraftliner), vassdragslova (andre inngrep i vassdrag) og industrikonsesjonslova (m.a. bergverk).

Det vert arbeidd med ny vassdragslov og ny minerallov. Desse kan få betydning for arealforvaltninga i Ottadalsområdet.

7.2. Administrative verkemiddel

Verneplanar for vassdrag

Det er utarbeidd 4 verneplanar der vassdrag er verna mot kraftutbygging. Verneverdiane er til dels godt dokumenterte, og kan brukast som grunnlag for arealforvaltninga elles. Det er innført rikspolitiske retningsliner for forvaltninga av vassstrengen og nærområda til denne.

Samla plan for vassdrag

Samla Plan er ei rangering av kraftutbyggingsprosjekt i vassdrag ut frå økonomi og miljøkonsekvensar. Kategori I er prosjekt der det kan søkast om konsesjon for utbygging, medan prosjekt i kategori II ikkje kan konsesjonssøkjast endå.

Luftfartsreguleringar

Etter bestemmelsar frå Luftfartsverket og Luftforsvaret skal pilotar unngå flyging lågare enn 300 meter over bakken i villreinområde i periodane 15.04.–15.06 og 25.08.–31.10. Elles har Luftsvaret høve til å gå ned mot ca. 70 m.o.b.

Forfølging av dyr med luftfartøy vert sett på til å vere i strid med lufttrafikkreglane.

Kommunale miljø- og ressursprogram

I samband med MIK-ordninga (miljøvern i kommunane) vart kommunane oppmoda om å lage miljø- og ressursprogram med status og målsettingar for miljøvernarbeidet. Dette er følgt opp svært forskjellig, men gjennom dette har kommunane høve til å ta opp den lokale miljøvernpolitikken til brei debatt, og kan legge føringar for all kommunal aktivitet. Mange kommunar startar no arbeidet med lokal Agenda 21 som er den lokale oppfølginga av Riokonvensjoen.

Ulike kommunale temaplanar

Kommunar og fylkeskommunar utarbeider årleg fleire planar som vil ha verknad for arealforvaltninga. Dette kan gjelde næringsplanar, reiselivsplanar, utmarksplanar med meir.

Status for desse planane er svært varierende, frå å bli behandla som kommune- og fylkesdelpplanar til å bli grunnlagsdata for saksbehandling utan noko politisk behandling. Det er viktig å få inn omsyn til arealforvaltning i slike planar, og deretter få eit breitt engasjement i heile planprosessen.

Ulike statlege utgreingar

Staten utarbeider mange plan- og grunnlagsdokument, og ofte vert organisasjonar dratt inn i slikt utvalsarbeid. Døme på dette er Norsk sti- og løypeplan som m.a. kjem med framlegg til ulik tilrettelegging for ferdsel i fjellområda våre, og handlingsplanen «Forvaltning av hjortevilt mot år 2000».

Ulike faglege utgreingar

Det vert også utarbeidd mykje fagleg dokumentasjon om villrein og høgfjellsforvaltning. Dette kan skje på mange ulike hald, og vil gjerne vere dårleg samordna. Behovet for å få fram materiale kan også vere forskjellig, alt frå hovudoppgåver til pålagte konsekvens-utgreingar i samband med naturinngrep. Det er viktig å samle slikt stoff i dei ulike forskings- og forvaltningsmiljøa, slik at dette kan skaffast fram når det trengst.

7.3. Økonomiske verkemiddel

Fiske-, viltfonds- og friluftsmidlar

Direktoratet for naturforvaltning kanaliserer attende ulike jeger-, fisketrygd- og fellingsavgiftsmidlar til lokale tiltak for vilt og fisk. I tillegg vert det fordelt midlar til ulike friluftstiltak og «Aksjon Vannmiljø». Fylkesmennene prioriterer midlane på ulike lokale tiltak etter søknad. Her har ein høve til å prioritere opp tiltak som gjev god effekt på villreinen og leveområda til denne, og nedprioritere søknader som evt. ville ha tilsvarende negativ effekt.

Spelemidlar

Kulturdepartementet fordeler noko av overskotet av staten sine ulike pengespel på tiltak til idrett og friluftsliv. Dette vert delvis prioritert og fordelt av fylkeskommunane, dels går det samlebeløp til landsomfattande organisasjonar som Den Norske Turistforening som igjen prioriterer søknader frå medlemsforeiningane og andre turlag / friluftsansjonar.

Førehandsmeldte søknadar frå lokale foreiningar vert også sendt fylkesmennene, med høve til å komme med merknader til dei omsøkte tiltaka. Her har kan fylkesmannen m.a. ta opp forholdet til villrein.

Statens Nærings- og Distriktsutviklingsfond

SND er ei viktig finansieringskjelde for mange utbyggingstiltak i fjellbygdene. Dette gjeld særleg tiltak innan turisme og reiseliv.

SND har ikkje spesielle prosedyrer for miljøvurderingar i samband med finansierings-søknader, sjølv om all statleg verksemd har generelle målsettingar om å operere innafor ramma av ei berekraftig utvikling. Evt. oppfølging vil vere meir uformell og personavhengig.

Landbruket sine ordningar

Jordbruksavtalen har ordningar med produksjonstillegg for fôr dyrking i fjellet og seterdrift som kan halde opp meir aktivitet i nedre delar av fjellet.

Bygdeutviklingsfondet kan finansiere ulike tiltak både innan tradisjonelt jordbruk og miljøbasert næringsutvikling. Dette kan vere ulike reiselivs- og turisttiltak i samband med landbruk som etablering av utleiehytter, opprusting og utleige av setrer, ulike aktivitetstilbod o.l. Det er ikkje klare kriterium for miljøvurderingar i desse sakene, men dei fylkesvise BU-styra har fastsett sine egne kriterium som kan ha generelle og lite konkrete miljømålsettingar.

Kommunale nærings- og kraftutbyggingsfond

Kommunane kan ha ulike næringsfond. Standardvedtektene frå Kommunal- og Arbeidsdepartementet manglar miljøomsyn.

7.4. Andre verkemiddel

Samarbeid mellom organisasjonar

Mange organisasjonar har sterke interesser i fjellet, men samarbeidet er variabelt. Tradisjonelt har ein hatt eit sentralt samarbeid på brukarsida, t.d. gjennom Samarbeidsrådet for Naturvernsaker, SRN, der Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Naturvernforbund, WWF Verdens Naturfond og Den Norske Turistforening deltek. Alle dei store friluftsforsamlingane er dessutan samla i Friluftslivets Fellesorganisasjon, FRIFO.

Grunneigarorganisasjonane har sine samarbeidsorgan, mellom anna spelar dei ein viktig rolle i Villreinrådet i Norge. Elles er grunneigarinteressene knytt til faglag som Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Skogeierforbund.

Vi saknar endå meir tverrgåande kontakt for konfliktløysing, rolleavklaring og samarbeid. Ein har døme på vellykka samarbeid mellom fleire av desse som m.a. resulterte i ein plakat med informasjon om villrein og forstyringar.

Informasjon til publikum

Generelle informasjonstiltak vil vere noko av det viktigaste for å endre folk sine haldningar og framferd. Dette kan skje gjennom mange ulike kanalar, og ein viktig strategi vil vere at informasjonen vert formidla til «sine egne», dvs. lokale organ informerer innbygarane, og organisasjonar informerer egne medlemmar.

Påtrykk på enkeltpersonar / organisasjonar i enkeltsaker

Politisk og personleg påtrykk kan vere avgjerande for å få fram kunnskap og grunnlag for å gjere dei rette vedtaka og utvise korrekt framferd i høve til fjell og rein. Dette vil vere viktig der det er snakk om å gjennomføre frivillige enkelttiltak.

Ein kan sjå for seg at eit påtrykk går begge vegar. Enkeltmedlemmar kan arbeide for å få ein organisasjon/etat til å gjere bestemte handlingar, og organisasjonen kan påverke enkeltmedlemmar/-personar.

Privatrettslege avtalar i forhold til grunneigar

Grunneigaren sin rett til forvaltning av utmark står framleis sterkt i Noreg samanlikna med andre land. Dette gjeld ikkje minst i høve til ferdsløysing som ikkje går inn under allemannsretten.

Såleis har grunneigaren rett til å nekte motorisert ferdsel over eigedommen, og han kan også nekte nye/krevje fjerna ulike fysiske tilretteleggingstiltak som merking av turist-ruter, brubygging og kavlelegging av myrer. Dette prinsippet er lagt til grunn i Norsk sti- og løypeplan.

8. Påviste konflikter i Ottadalsområdet og forslag til løysningar

Vi har samanlikna kartet for villreinen sin aktuelle og forventa bruk av området med kartet over utførte og planlagte inngrep og forstyrningar. Dette har gjeve oss eit utval av område/punkt der konflikter mellom rein og menneske kan oppstå. Dette er særleg knytt til nøkkelområde for gjennom året, som kalvingsområda, spesielt viktige beiteområde gjennom ulike årstider, og kritiske punkt på trekkvegane.

Vi ser særleg store konflikter i trangt, bratt og kupert terreng, der reinen kan støkkast på kort hald. Dette finn vi i enkelte skar og fjelldalar, langs vatn o.l. Ulempene for reinen kan bli svært store dersom dette er område dyra må trekke gjennom på vandringer mellom ulike beiteområde, på veg til kalvingsområda m.v. Det er også lagt vekt på at simler med kalv er meir sårbare enn bukkar, og at dyra er mest utsett på vinterbeitet. Ut frå dette har vi forsøkt å legge opp til ei sterk skjerming av kjerneområda for stammen, og spesielt om vinteren når dyra gjerne er samla i eit mindre område. Vi tilrår også at ein beskyttar godt dei områda der topografi m.v. gjer tilkomsten usikker. Døme på dette er område som heng saman med kjerneområda med smale samband, eller samband med eksisterande inngrep og forstyrningar. Til slutt vil vi beskytte dei områda reinen kan ta i bruk på sikt ved utviding og endring av beiteområde.

Det er også mange konflikter som ikkje er knytt til spesielle geografiske område, men heller går på generell påverknad frå ein type aktivitet. Vi har også sett på svakheiter i verkemiddel og utøving av høg fjellsforvaltning. Fleire av dei omtalte konfliktane er potensielle konflikter i framtida, men vi legg oss på eit klårt «føre var»-prinsipp.

Vi har sett opp konfliktane med geografisk referanse der det er mogeleg, og vi har vurdert konfliktgraden. Konfliktgraden har vi sett opp i 5 nivå; liten, moderat, vesentleg, stor og svært stor. Vi har ikkje omtala nokon konflikter som er vurderte til konfliktgrad liten, og berre ein del av dei med moderat konfliktgrad, er sett opp i det følgjande. Vi har sett opp både konfliktgraden no, og forventa konfliktgrad i framtida både med og utan tiltak. Nokre konflikter er så dårleg kartlagt at vi ikkje kjenner konfliktgraden. Elles må ein merke seg at konfliktgraden er sett opp på skjønn, og at heilt presise vurderingar er vanskeleg å gjere. Ofte kan forskjellen mellom enkeltforhold som er plassert i nærliggande konfliktgrad vere liten. Det er vidare viktig å vere klår over at konfliktgraden er tilpassa Ottadalsområdet, og ein kan ikkje samanlikne dette med alle andre villreinområde.

Vi har skissert nødvendige tiltak med tilhøyrande verkemiddel. Vi har også sett opp kven som bør gjennomføre dei ulike tiltaka, og når dette bør skje. Ofte har ein fleire alternative verkemiddel. I dei fleste tilfella tilrår vi å bruke frivillige tiltak først, då slike oftast både er raske og enkle å gjennomføre. Gjennomføring av statlege eller kommunale vedtak kan vere meir ressurskrevjande, og ein kan ofte trenge mykje ressursar til kunngjering, kontroll og oppsyn før tiltaket vert effektivt. I andre tilfelle verkar det lønsamt å gjennomføre parallelle tiltak. Spesielt viktig er dette når ein skal nå mange ulike aktørar som ikkje har nokon felles organisasjon eller kontaktpunkt. Detaljane i alle tiltaka er ikkje utforma, og må konkretiserast av ansvarleg.

Ein del inngrep og aktivitetar er uaktuelt å fjerne heilt, sjølv om dei påverkar reinen. Døme på dette er tradisjonell bruk av fjellet til husdyrbeiting, jakt, fiske og turgåing. Her kan ein berre gjere tilpasningar til reinen sine krav.

I det vidare oppsettet har vi samla ulike konflikter og problemområde temavis. Innan kvart tema er konfliktane sett opp kommunevis. Konflikter som kan kartfestast er sett opp på kartvedlegget til rapporten, og dei er der nummerert med sine respektive underkapittelnummer frå kapittel 8.

På neste side har vi sett opp ei samstilling over kva organisasjonar/instansar/verksemder vi har forventningar til når det gjeld å gjennomføre tiltak etter planen. Vi har sett opp dei punkta under kapittel 8 der aktøren er nemnt, og nummeret bak kvar aktør samsvarar med underkapittelnummeret. Framlegg til tiltak og verkemiddel vil ein finne vidare i kapittel 8. Tiltaka er ikkje heilt konkretiserte her, og det vert opp til dei ansvarlege aktørane å tilpasse dette ut frå lokalkunnskap og forvaltningspraksis.

Ansvarleg:	Konfliktområde:
Villreinutvalet i Ottadalsområdet	3, 7 - 11, 15, 18, 19, 22, 23, 25 - 30, 36, 42 - 45, 49, 52, 53
Villreinrådet i Norge	6, 8, 10, 11, 13, 15, 17, 27
Den Norske Turistforening	10, 11, 40, - 50
Ålesund-Sunnm. Turistforening	10, 11, 45, 47, 48, 49, 50
Molde og Romsdals TF	10, 11, 46
Norges Jeger- og Fiskerforbund	14, 15, 16, 18, 38
Syklistenes Landsforening	13
Norges Cykleforbund	13
Norges Hundekjørerforbund	17, 18
Opplandskraft	29, 30
Tafjord Kraftselskap	30, 31
Hydro Energi A/S	28
Glommen og Laagen Br.for. A/S	21
Eidefoss A/S	32
Statnett SF	32
NVE	29, 30
SF Statsskog	3, 4, 38, 39
Fjellstyra	12, 13, 14, 15, 16, 28, 38, 39
Skjåk Almending	21, 27, 29, 30, 33, 34, 35, 36, 37, 39, 40, 41, 42, 43, 57
Alle grunneigarar	3, 4, 9, 11, 12, 13, 14, 15, 16
Reiselivsråda i dei 3 fylka	10, 12, 13, 17
Lokale turistbedrifter	51, 56
Villmarksturismeoperatørar	12
Lom Tamreinlag A/L	57
Dovre kommune	2, 3, 4, 9
Vågå kommune	2, 3, 4, 9, 19, 20, 29, 39
Lom kommune	2, 3, 4, 9, 20, 29, 39, 52
Skjåk kommune	2, 3, 4, 9, 21, 23, 27, 29, 30, 33, 35, 36, 37
Lesja kommune	2, 3, 4, 9, 19, 24, 38, 53
Rauma kommune	2, 3, 4, 9, 25, 26, 49
Norddal kommune	2, 3, 4, 9, 31, 54
Stranda kommune	2, 3, 4, 9
Stryn kommune	1, 2, 3, 4, 9, 23, 56
Luster kommune	2, 3, 4, 9, 27
Fylkeskommunane (3)	1, 2, 3
Villreinnemnda	1, 2, 3, 15, 27, 29, 30, 32, 36, 37, 43, 45, 49, 51, 53
Fylkesmannen i Oppland	2, 3, 7 - 11, 18, 19, 20, 23, 27, 33, 36, 37, 39, 42, 44, 50
Fylkesmannen i S. & Fj.	1, 2, 3, 7, 8, 9, 10, 11, 18, 23, 27, 56
Fylkesmannen i M. & R.	2, 3, 7, 8, 9, 10, 11, 18, 48, 49, 54, 55
Direktoratet for naturforvaltning	3, 4, 6 - 8, 10, 11, 15, 29, 30, 32, 36, 37, 42, 44, 49, 50, 51, 53
Miljøverndepartementet	5, 6, 9, 10, 11, 13, 26, 28
Statens vegvesen	22, 23, 54, 55
Styret - Finndalsvegen	20
Styret - Lordalsvegen	24
Grunneigarar i Vermedalen	26
Forsvarsdepartementet/FO	7, 8
Luftfartsverket	8

8.1. MANGLANDE KOMMUNEPLAN

Kommune:	Stryn.
Ansvarleg:	Kommunane, fylkeskommunane og statlege fagstyresmakter.
Kva er gjort?	Stryn manglar kommuneplan.
Kva kan bli gjort?	Det kan bli gjennomført nye, uheldige inngrep i villreinområdet.
Verknad for villrein:	Manglande planar har gjort at ein manglar heimel til å styre arealbruken i fjellet og dei fjellnære områda på ein tilfredsstillande måte. Dette har ført til uheldige inngrep i villreinområdet med tilhøyrande menneskeleg ferdsel og fare for auka forstyrring.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Stort. Lite.
Nødvendige tiltak:	Alle kommunar må få kommuneplan som omfattar heile villreinområdet.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Kommunepolitikarar og kommunale tenestemenn.
Mogelege verkemiddel:	Gode planprosessar etter plan- og bygningslova § 20. Fylkeskommune og statlege fagstyresmakter må vere aktive pådrivarar.
Fristar:	Stryn bør ha kommuneplan i løpet av 1999.
Eigne notat:	

8.2. MANGELFULL KOMMUNAL PLANLEGGING

Ansvarleg:	Kommunane, fylkeskommunane og statlege fagstyresmakter.
Kva er gjort?	Kommunane har for dårleg styring med arealbruken. Ein manglar kommuneplan, og kommunar har gått bort frå kommuneplanen utan at det låg føre tungtvegande grunnar for dispensasjon. Fylkeskommunar og statlege fagstyresmakter greier ikkje å stimulere kommunane til å prioritere / forsere dette arbeidet. Det finst kommuneplanar der ein ikkje godt nok har fastslått at det ikkje skal skje fortetting i eksisterande byggeområde. Kommunane har heller ikkje alltid avklart viktige forhold som t.d. kva som er nødvendige byggetiltak i landbruk og anna næring, og kva som kan tillatast av tilbygg på fritidsbustader. Ein kommune har ikkje skaffa seg nokon spesiell miljøvernmedarbeidar. Villreinnemnda blir ikkje høyrtd i plan- og inngrepssaker i fjellet.
Kva kan bli gjort?	Det kan framleis skje nye inngrep som også gjev meir forstyrningar i område der kommunane i utgangspunktet ikkje ønskjer slik aktivitet.
Verknad for villrein:	Ein har fått og kan få nye, uheldige inngrep i villreinområdet med tilhøyrande menneskeleg ferdsel og fare for auka forstyrning.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Stort. Vesentleg.
Nødvendige tiltak:	Kommuneplanane må sikre samanhengande fjellområde utan skadelege inngrep. Kommuneplanane må også avklare kva som kan tillatast av fortetting og tilbygg. Kommuneplanane må følgjast. Alle kommunar bør ha tilgang til spesiell miljøfagleg kompetanse.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Kommunepolitikarar og kommunale tenestemenn.
Mogelege verkemiddel:	Gode planprosessar etter plan- og bygningslova der alle interesser vert tekne med i planlegginga og har forståing for planen. Det er særleg viktig at villreinnemnd og villreinutval vert høyrtd i alle saker som gjeld villreinområdet. Fylkeskommunar og statlege fagstyresmakter som aktive pådrivarar. Øyremerka statstilskott til kommunale miljøvernstillingar.
Fristar:	Løpande arbeid.
Eigne notat:	

8.3. HYTTEBYGGING I FJELL OG FJELLSKOG

Kommune:	Alle er aktuelle.
Grunneigar:	I prinsippet alle.
Ansvarleg:	Byggherrar, grunneigarar, reiselivsnæringa og plan- og bygningsstyresmakter.
Kva er gjort?	Dei siste 10-åra har det på landsbasis skjedd ein kraftig auke i talet på hytter i og nær fjellet. I Ottadalsområdet har ein hatt mykje hyttebygging i Grotliområdet, elles er ikkje tendensen så utprega. Det er også kring 40 hytter som er tilgjengelege for ålmenta, anten ved at dei står oppe, eller at dei kan lånast/leigast av turistforeiningar, andre organisasjonar eller grunneigar.
Kva kan bli gjort?	Ut frå generelle økonomiske konjunkturar er det no større interesse for hytter. Ein kan såleis vente ei tid der det vil kome ønskje om nybyggingar, også i fjellet. I Ottadalsområdet er det spreidd mange hytter/buer av varierende standard. I tråd med nye krav til komfort må ein framleis rekne med ønskje om å kunne bygge på og pusse opp gamle buer i fjellet til ein høgare standard. Dette kan gje auka bruk og bruk til andre årstider enn før.
Verknad for villrein:	Hyttene er den viktigaste faktoren som styrer ferdsla i fjellet. Dette gjeld både aktiviteten i nærområdet til hyttene og lengre utfartar. Denne ferdsla i fjellet fører til større fare for forstyrring av reinen.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Svært stort. Stort, sjølv om ein forsøker å gjennomføre visse tiltak.
Nødvendige tiltak:	Ein må unngå meir hyttebygging i og rett ved villreinområda. Eksisterande hytter må ikkje utbyggast/moderniserast på ein slik måte at det gjev noko uheldig bruk av fjellet eller endrar naturen og levegrunnlaget for reinen. Fellehytter må brukast slik at ein unngår ferdsel i viktige område til sårbare tider. Ein må vurdere ferdselsrestriksjonar der det kan oppstå problem. Ein må sikre samanhengande, viktige leveområde for reinen gjennom oversiktsplanlegginga, og kanalisere utbygging til mindre sårbare område nede mot bygdene.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Kommunar som planstyresmakt, grunneigarar og eigarar av eksisterande bygg. Miljøvernstyresmaktene for ferdselsrestriksjonar.
Mogelege verkemiddel:	Kommuneplanen etter plan- og bygningslova § 20. Naturvernlova §§ 3-6 og § 22. Viltlova §§ 7 og 8. Frivillige avtalar og ordningar.
Fristar:	Løpande kommuneplanarbeid. Ferdselsrestriksjonar bør vurderast i 2000.
Eigne notat:	

8.4. MINERALUTVINNING M.V.

Kartreferanse:	–
Kommune:	Eitt prosjekt i Skjåk, elles ingen spesielle så langt.
Grunneigar:	Skjåk Almenning, elles ingen konkrete.
Ansvarleg:	Framtidige aktørar.
Kva er gjort?	Det er muta eit område i Mårådalen. Elles vert det leita etter mineral fleire stader i landet, og bergverksindustrien ser seg stadig om etter nye førekomstar. Nye område dei siste åra har vore Finnmarksvidda og Dovrefjell, og det er særleg gull det vert leita etter.
Kva kan bli gjort?	Det går gamle segner om funn av gull også i Ottadalsområdet, og eit svakt lovverk i høve til naturforvaltningsinteresser gjer det vanskeleg å ta omsyn til desse interessene ved skjerping, muting og tildeling av utmål.
Verknad for villrein:	Både leiting og ulike former for drift vil kunne gje markante forstyrningar i tillegg til direkte beslaglegging av moglege beiteområde. Nivået på dette er vanskeleg å vurdere, men den mest konsentrerte aktiviteten kan ikkje sameinast med bruk av dei samme områda som villreinareal.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	- Ukjent, kan lokalt bli stort.
Nødvendige tiltak:	Eventuell aktivitet på dette området må planleggjast og drivast med omsyn til villrein og andre samfunnsinteresser.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Evt. utvinnarar. Grunneigarar. Offentlege styresmakter.
Moglege verkemiddel:	Industrikonsesjonslova, plan- og bygningslova. Naturvernlova §§ 3–6 og § 22. Arbeide for å få miljøomsyn sterkare inn bergverkslovgevinga.
Fristar:	Feltet bør stadig haldast under oppsikt.
Eigne notat:	

8.5. LANGTRANSPORTERT FORUREINING

Ansvarleg:	Ulik industri, samferdsel og kraftproduksjon i Noreg og resten av Nord- og Mellom-Europa.
Kva er gjort?	Ulik langtransportert forureining vert avsett over Noreg anten direkte på mark og vegetasjon, eller gjennom nedbøren. Særleg skadelege stoff er forsurande nitrogen- og svovelsambindingar som forsurar og vaskar ut jordsmonn, ulike tungmetall, og radioaktive stoff. Austre delar av Ottadalsområdet vart sterkt ramma av radioaktivt nedfall frå Tsjernobylulykka i 1986. Elles verkar området så langt lite påverka av t.d. sur nedbør.
Kva kan bli gjort?	Ulike former for klimaendringar pga. menneskeleg utslepp vil også kunne gje store økologiske endringar i så sårbare system som desse fjellområda. Ein kan til dømes få vesentlege endringar i forholdet mellom ulike beiteområde.
Verknad for villrein:	Villreinen vil ta opp mykje lufttransporterte forureiningar gjennom laven han beitar på, og konsentrasjonane av ulike stoff kan bli langt høgare i reinen enn i beiteplantene. Dei økologiske effektane så langt er uklåre, sjølv om det har pågått ein fagleg diskusjon om korvidt Tsjernobylnedfallet førte til fosterskadar og lågare kalveproduksjon hos villrein i Rondane.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Svært stort i samband med Tsjernobylutsleppa. Moderat slik vi kjenner utsleppssituasjonen no.
Nødvendige tiltak:	Forebygge forureiningar gjennom å redusere utslepp i Noreg og internasjonalt. Gjennomføre overvåkingsprogram av miljøtilstanden i fjellet.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Norske sentrale styremakter og forskingsinstitusjonar.
Mogelege verkemiddel:	Internasjonale miljøavtalar og -samarbeid. Norsk forureiningslovgjeving. Økonomiske og faglege ressursar til forskning og overvaking.
Fristar:	Arbeidet er i gang, bør følgjast opp vidare.
Eigne notat:	

8.6. HUSDYRBEITE

Kommune:	Alle.
Grunneigar:	Alle.
Ansvarleg:	Husdyreigarar og grunneigarar/beiterettshavarar.
Kva er gjort?	Det beiter knapt 30.000 sauer og lam og 2–3.000 storfe i fjellet og skog områda inn mot Ottadalsområdet. Eit fåtal av dette er mjølkekyr i produksjon. Resten av dyra vert følgt opp med tilsyn, bygging av enkle gjetarbuer, utlegging av saltsteinar m.v.
Kva kan bli gjort?	I samband med nye forskrifter med krav om at storfe skal beite ute i 8 veker kvart år, kan ein vente meir fjellbeite av storfe. Sauetalet har auka i området dei siste åra, og denne tendensen kan fortsetje sjølv om det er ei viss usikkerheit m.o.t. rovviltsituasjonen.
Verknad for villrein:	Sauene utgjer ein vesentleg beitekonkurrent til reinen i lågfjellet. Vidare vert det hevda at sauen kan spreie innvollsparasittar over på reinen, og såleis gje dårlegare fôrutnytting og vekst på dyra. Det er også lagt fram påstandar om at reinen skyr område der sau har beita intenst, og at kraftig sauebeite kan føre til fysiologiske endringar i beiteplantene og utskiljing av anti-beitestoff som kan verke uheldig på andre dyr i fjellet.
Konfliktnivå - no:	Vesentleg ut frå ferdsel og beitekonkurrans, kan vere større pga. kunnskapsmangel.
-framtidig:	Vesentleg.
Nødvendige tiltak:	Vi treng meir kunnskap.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Sentrale miljøvern-og landbruksstyresmakter og forskingsinstansar.
Mogelege verkemiddel:	Økonomiske og faglege ressursar til større forskingsprosjekt.
Fristar:	Forskninga på området må vidareførast og oppprioriterast.
Eigne notat:	

8.7. MILITÆRØVINGAR PÅ BAKKEN

Kommune:	Størst aktivitet i Skjåk og Rauma til no, men kan skje i alle.
Grunneigar:	Alle kategoriar. Staten rekvirerer rett til å drive militæraktivitet uavhengig av grunneigarforhold.
Ansvarleg:	Forsvaret med ulike avdelingar, allierte avdelingar på øvingar.
Kva er gjort?	Årleg vert det gjennomført små og mellomstore militærøvingar i og rett ved villreinområdet. Kvar vinter i tidsrommet januar–mars er det utanlandske styrkar på øving i området. Styrkane er forlagt i Grotliområdet og på Setnesmoen ved Åndalsnes, og øver gjerne aust for Grotli og i Brøstdalen–Vermedalen. Styrkane opererer både på ski og med terrengkøyretøy, og graden av motorisert ferdsel er avhengig av kva type avdelingar som deltek. Andre øvingar av Heimevernet kjem normalt ikkje inn i området.
Kva kan bli gjort?	Øvingsnivået vert oppretthalde eller kan bli noko redusert pga. endringar i forsvarspolitikken.
Verknad for villrein:	Militærøvingane utgjer dei største konsentrasjonane av personar og terrengkøyretøy som opptrer i området, og utanom reinsjakta er det aldri så mykje folk i terrenget. Avdelingane vil normalt gje så stor aktivitet i øvingsområdet at evt. rein ikkje vil bruke samme områda pga. forstyrringa. Det påverka området vil vere avhengig av korleis styrkane flyttar seg; samla eller på «brei front».
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Vesentleg konflikt. Kan lett bli stort utan oppfølging.
Nødvendige tiltak:	Det må innførast rutiner i alle norske og utanlandske avdelingar som gjer at ein tek omsyn til villrein- og andre miljøverninteresser. Øvingane kan berre gå føre seg i område der det ikkje oppheld seg rein, og der dette kan skje utan skade på leveområda til reinen. Øvingane må generelt vurderast m.o.t. miljøverknader i forkant, og må også gjennomførast under løpande vurdering av dette.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Øvingsansvarlege i den norske Hæren på alle nivå. Øvingsansvarlege i besøkande utanlandske avdelingar. Liaisonoffiserar. Miljøvernstyresmakter i kommune og stat. Jaktrettshavarar.
Mogelege verkemiddel:	Samarbeid mellom miljøvern- og forsvarsstyresmaktene sentralt. Lokalt samarbeid mellom miljøvernstyresmakter, jaktrettshavarar og militære avdelingar. Naturvernlova §§ 3–6 og § 22, med forbod mot militær øvingsaktivitet i sårbare, verna område.
Fristar:	Løpande samarbeid med Forsvaret.

8.8. LÅGTFLYGING

Kommune:	I prinsippet alle.
Grunneigar:	Kan skje hos alle.
Ansvarleg:	Luftforsvaret, allierte flyavdelingar, sivile flyselskap, flyklubbar og private flyeigarar.
Kva er gjort?	Det vert sporadisk flyge lågt over Ottadalsområdet. Dette er i det vesentlege militære fly og helikopter. Ottadalsområdet har ingen spesielle restriksjonar på lågtflyging, og militære fly kan gå ned til 200 fots høgde, dvs. knappe 70 meter over bakken. Det er unntak i tida 15.04.– 15.06. og 25.08.–31.10. for område der det er rein. Sivillågtflyging skjer sjeldan, den største aktiviteten er knytt til flyplassen på Bjorli. Elles er det ein del helikoptertransport i samband med utbygging og drift av kraftverk, og varetransport til nokre turisthytter i fjellet.
Kva kan bli gjort?	Den militære lågtflyginga kan bli vidareført. Det kan oppstå nye former for lågtflyging i samband med turisme/sightseeing.
Verknad for villrein:	Fly og helikopter i låg høgde skaper sterk uro og fryktreaksjonar hos rein, jf. kap. 6.2. Konsentrert bruk av luftfartøy i eit område ved t.d. militære øvingar, kan gjere at reinen trekkjer unna forstyrringane. Elles vil forstyrring av luftfartøy vere heilt korte episodar då fly eller helikopter passerer, eller helikopter landar. Dette kan gje meir panikkarta reaksjonar og fare for skadeverknader, særleg kring kalvingstida.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Stort konfliktnivå etter vinteren 1995, betre sidan. Uvisst.
Nødvendige tiltak:	Det må ikkje drivast flyging under 300 meter over bakken over sårbare område i dei periodane det skal takast spesielle omsyn. Ein må unngå lågtflyging der ein oppdagar villrein til andre tider.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Luftforsvaret, allierte avdelingar, Luftfartsverket. Sivile pilotar. Jaktrettshavarane.
Mogelege verkemiddel:	Lågtflygingsrestriksjonar frå Luftfartsverket og Luftforsvaret. Miljøomsyn ved planlegging av operativ verksemd. Bruk av naturvernlova §§ 3–6 og § 22, viltlova §§ 7 og 8.
Fristar:	Lågtflygingskart for området vert ferdig hausten 1998. Vern etter naturvernlova vert ikkje avklart før etter år 2000.
Eigne notat:	

8.9. MOTORFERDSEL I UTMARK

Kommune:	Alle.
Grunneigar:	I prinsippet alle.
Ansvarleg:	Kommunane. Grunneigarane. Eigarar og brukarar av motorkøyretøy for bruk i utmark.
Kva er gjort?	I følge offisielle tal var det vel 300 registrerte snøskuterar i kommunane i Ottadalsområdet ved årsskiftet 95/96. Ein kan forvente at det er uregistrerte køyretøy i tillegg, og vanlege jordbrukstraktorar og enkelte 4-hjulsdrivne bilar kan også køyre litt i terrenget. I tillegg blir det brukt snøskuter og helikoptertransport til drift av kraftanlegg og turisthytter i området.
Kva kan bli gjort?	Eit stadig aukande tal snøskuterar gjev eit aukande press på køyring i utmark.
Verknad for villrein:	Uvettig bruk av terrengkøyretøy som snøskuter kan føre til forstyrning av villrein på vinterbeite og framover mot kalvingstida. I tillegg vil snøskuteren bringe folk lengre inn i fjellet, og vidare utfart på ski vil gje folk større rekkevidde, og dermed nå lettare inn i kjerneområda for reinen. Snøskuterspora vil også gjerne bli brukt av skigåarar når det er laussnø, og såleis vil snøskuteren kanalisere annan utfart. Generelt vil difor auka bruk av snøskuter i eller nær fjellet gje større fare for forstyrning av rein.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Vesentleg. Bør reduserast til eit moderat problem.
Nødvendige tiltak:	Ein må avgrense snøskuterkøyring, helikopterlanding og liknande motorferdsel i og nær fjellet. Spesielt viktig er det å unngå viktige område for reinen i sårbare periodar.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Kommunane og fylkesmennene. Grunneigarane.
Mogelege verkemiddel:	Lov og forskrift om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag, kommunale retningsliner etter § 3 i forskriften, regulering av ferdsel i sårbare område etter §§ 2 og 3. Naturvernlova §§ 3–6 og § 22. Grunneigar kan nekte motorisert ferdsel på eigen eigedom.
Fristar:	Det bør innførast føresegner etter §§ 2 og 3 i nasjonal forskrift om motorferdsel i utmark i dei kommunane som manglar dette. I Rauma og Skjåk bør dette skje innan 1999.
Eigne notat:	

8.10. TILFELDIG TURGÅING I FJELLET

Kommune:	Alle er aktuelle.
Grunneigar:	I prinsippet alle.
Ansvarleg:	Einskilde turvandrarar, Den Norske Turistforening, lokale turlag og reiselivsbransjen.
Kva er gjort?	Dei siste åra har det vore ein markert auke i turgåing i fjellet, målt ved talet på overnattingar på turisthyttene. Ein reknar med at det har skjedd ein parallell auke i turvandrarar som går utanom rutenettet. Oppføring av private hytter i og nær fjellet gjev større utfart.
Kva kan bli gjort?	Denne utviklinga ser ut til å halde fram. Ottadalsområdet har svært store kvalitetar både landskapsmessig og biologisk, og er eit svært attraktivt turområde. Eit evt. vern som nasjonalpark og/eller landskapsvernområde kan gje større interesse for å oppsøke området, og særleg den første tida etter etablering.
Verknad for villrein:	Turgåing i fjellet, kanskje spesielt meir tilfeldig vandring, utgjer ein forstyringsfaktor for villrein. Vesentleg auka utfart i sårbare område i Ottadalen villreinområde vil kunne redusere produktivitet og overlevingsevne til stammen på sikt.
Konfliktnivå - no:	Stort enkelte stader.
-framtidig:	Kan bli svært stort mange stader utan styring.
Nødvendige tiltak:	Auka ferdsel må kanaliseras til område som tåler belastninga. Ferdsel over tålegrensene til området må ikkje skje. Omsynet til å skjerme sårbare område for uheldig ferdsel må ha høgaste prioritet i verneplanprosessen etter naturvernlova.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Turistforeningar og reiselivsorganisasjonar. Miljøvernstyresmaktene og jaktrettshavarane.
Mogelege verkemiddel:	Informasjon og frivillig samarbeid. Plan- og bygningslova og naturvernlova for å regulere fysiske tiltak som påverkar bruken av området. Naturvernlova og viltlova §§ 7 og 8 for å regulere ferdsel i spesielt viktige område.
Fristar:	Løpande arbeid. Prosessen med å avklare vern etter naturvernlova i området starta i 1997 og vil vere ferdig etter år 2000.
Eigne notat:	

8.11. TURGÅING I FJELLET ETTER DNT SITT RUTENETT

Kommune:	Alle er aktuelle.
Grunneigar:	Alle kategoriar.
Ansvarleg:	Enkeltvandrara, Den Norske Turistforening og lokale turlag.
Kva er gjort?	Dei siste åra har det vore ein markert auke i turgåing i fjellet, målt som talet på overnattingar i turisthyttene.
Kva kan bli gjort?	Denne utviklinga ser ut til å halde fram. Ottadalsområdet har svært store kvalitetar både landskapsmessig og biologisk, og er eit svært attraktivt turområde. Eit evt. vern som nasjonalpark og/eller landskapsvernområde kan gje større interesse for å oppsøke området.
Verknad for villrein:	Turgåing i fjellet, også etter faste ruter, utgjer ein forstyringsfaktor for villrein. Nokre stader må ein kunne hevde at stor menneskeleg ferdsel er ein avgjerande faktor for villreinen sin bruk av enkelte område til visse tider. Vesentleg auka utfart i sårbare område i Ottadalen villreinområde vil kunne redusere produktivitet og overlevingsevne til stammen på sikt.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Stort langs enkelte ruter. Stort, men potensiale for reduksjon.
Nødvendige tiltak:	Auka ferdsel må kanaliseras til område som tåler belastninga. Ferdsel over tålegrensene til området må ikkje forekomme. Omsynet til å skjerme sårbare område for uheldig ferdsel må ha høgaste prioritet i verneplanprosessen etter naturvernlova.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Turistforeiningar og reiselivsorganisasjonar. Miljøvernstyresmaktene og jaktrettshavarane.
Mogelege verkemiddel:	Informasjon på turisthytter og i DNT sitt medlemsblad. Frivillig samarbeid. Plan- og bygningslova og naturvernlova for å regulere fysiske tiltak som påverkar bruken av området. Naturvernlova og viltlova §§ 7 og 8 for å regulere ferdsel i spesielt viktige område.
Fristar:	Løpande arbeid. Verneplanarbeidet starta opp i 1997 og vert ferdig først etter år 2000.
Eigne notat:	

8.12. ORGANISERT VILLMARKSTURISME

Kommune:	Kan skje i alle, spede forsøk m.a. i Skjåk, Lom og Lesja.
Grunneigar:	I prinsippet alle.
Ansvarleg:	Firma og enkeltpersonar som legg til rette ulike turisttiltak i utmarka.
Kva er gjort?	Ulike interessentar vurderer ulike former for fellesturar i fjellet for turistar på ettervinteren, og fisketurar nærare bygda om sommaren.
Kva kan bli gjort?	Kan bli ein stor aktivitet med aukande nasjonal satsing på naturbasert turisme.
Verknad for villrein:	<p>Generelt vil organisert ferdsel kunne gje samme forstyrningar som tilsvarande aktivitet frå tilfeldige turvandrarar, enkeltvis eller i grupper. Verknaden vil vere avhengig av kor tungt dette vert lagt til rette, og korleis dette vert marknadsført i høve til villrein. Dersom mykje av forretningsideen er knytt til at turistane skal få oppleve villrein på forholdsvis nært hald, og at aktiviteten ukritisk vert tilpassa dette, vil slik turisme vere skadeleg.</p> <p>Guiding ved ansvarlege personar vil kunne gje mindre uheldige verknader enn om tilsvarande tal ukjente turistar opererte på eiga hand.</p>
Konfliktnivå - no:	–
-framtidig:	Vesentleg ved ei uheldig utvikling.
Nødvendige tiltak:	All villmarksturisme må tilpassast det naturgrunnlaget aktiviteten skal foregå i. Ein må styre unna sårbare område.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Alle som organiserer og marknadsfører utmarksturisme i eller nær fjellet. Kommunar, viltstyresmakter og grunneigarar/jaktrettshavarar.
Mogelege verkemiddel:	<p>Informasjon og samarbeid.</p> <p>Plan- og bygningslova for bygningsmessige tiltak.</p> <p>Grunneigarar kan nekte tyngre bruk av konsentrerte område etter friluftsløva § 10. Naturvernlova §§ 3–6 og § 22, viltlova §§ 7 og 8.</p>
Fristar:	Utviklinga bør følgast fortløpande.
Eigne notat:	

8.13. TERRENGSYKLING, TERRENGRIDING M.V.

Kommune:	Alle aktuelle.
Grunneigar:	I prinsippet alle.
Ansvarleg:	Utøvarar av terrengsykling, terrengriding m.v. og organisasjonane deira.
Kva er gjort?	Nasjonalt er det stigande interesse for aktivitetar som terrengsykling og riding i fjellet.
Kva kan bli gjort?	Ekspansjon på dette området kan gje større menneskeleg ferdsel i fjellet.
Verknad for villrein:	Sykling og riding der rytteren gjev seg til kjenne vil i prinsippet ikkje opplevast forskjellig frå fotgjengarar for reinen, og vil kunne føre til forstyringar om det kjem for nær reinen. Desse aktivitetane vil normalt berre kunne skje på ettersommar og i enkelte parti av fjellet pga. snø, ur og anna vanskeleg farbart terreng.
Konfliktnivå - no:	–
-framtidig:	Moderat på sikt
Nødvendige tiltak:	Følge utviklinga i sporten, og unngå mykje ferdsel i viktige villrein-område.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Norges Cykleforbund, sykle- og rideklubbar. Viltforvaltninga og jaktrettshavarane / grunneigarane.
Mogelege verkemiddel:	Det bør utarbeidast landsomfattande informasjon. Grunneigaren sin styringsrett etter friluftsløva. Naturvernlova §§ 3–6 og § 22, og viltlova §§ 7 og 8.
Fristar:	Utviklinga bør følgast fortløpande.
Eigne notat:	

8.14. SPORTSFISKE

Kartreferanse:	Mange vatn og vassdrag i området.
Kommune:	Aktuelt i dei fleste kommunane.
Grunneigar:	Svært mange er aktuelle, og alle former for grunneigarar.
Ansvarleg:	Sportsfiskarar og utleigar av fiskerett.
Kva er gjort?	Fleire vatn i området vert brukt til sportsfiske, både med stang og oter, og til garnfiske frå båt. Det er bygd buer og naust ved ein del viktige vatn. Fleire av desse vatna ligg inne i viktige villreinområde, og sportsfiske er det viktigaste formålet med utfart sommarstid for ein del av desse områda.
Kva kan bli gjort?	Vi forventar samme tradisjonelle bruken som før. Det kan kome til nye brukargrupper, jf. 8.10. og 8.12.
Verknad for villrein:	Sportsfiskarar vil ikkje oppfattast på noko anna vis enn andre fotturistar av villrein. Størst risiko for kontakt mellom rein og folk er det når folk er på veg til og frå vatna. Sjølve fisket betyr langt mindre. Fiskeaktiviteten i området er samla sett liten, og fiske foregår forholdsvis seint på sommaren (juli-august), slik at ein unngår dei mest sårbare periodane for reinen.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Moderat. Moderat dersom ikkje bruken vert endra, t.d. ved isfiske om våren.
Nødvendige tiltak:	Unngå oppbygging av fiskebuer i sårbare område, og evt. konsentrere aktiviteten til lite sårbare tidspunkt gjennom utleigetidspunkt for hyttene.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Kommunar, grunneigarar / fiskerettshavarar, miljøvernstyresmaktene.
Mogelege verkemiddel:	Plan- og bygningslova, naturvernlova for bygningar. Frivillige ordningar og informasjon for å styre bruken av hytter og vassdrag.
Fristar:	Kan skje fortløpande.
Eigne notat:	

8.15. REINSJAKT

Kartreferanse:	Store delar av området, særleg i sentrale delar av villreinområdet.
Kommune:	Dei siste åra har det vorte felt dyr i alle kommunar unnateke Dovre.
Grunneigar:	Storparten av arealet vert brukt til reinsjakt.
Ansvarleg:	Jegrar, viltforvaltninga og jaktrettshavarane.
Kva er gjort?	Det vert drive reinsjakt i store delar av området, med kring 1000 kort utskrive kvar haust. I tillegg er det med ein del medhjelparar og «kjøttberarar», så totalt kan ein rekne at det er 1500–2000 personar i fjellet. Kvar jeger jaktar gjennomsnitteleg 4 dagar, noko som gjev 6–8000 persondøgn, eller gjennomsnitteleg 300–400 personar i fjellet kvar dag, med toppar dei første jaktdagane og helgane, samt dagar med opne valdgrenser (tirsdagar og onsdagar i nord). Jegrane vil vere konsentrert der reinen er.
Kva kan bli gjort?	Jakta vert forventet drive omlag på same vis vidare.
Verknad for villrein:	Reinsjakta er den største fysiske påkjenninga for reinen gjennom året. Dyra vert jamnt forstyrta, og beitetida går ned og aktivitetsnivået opp. Veksten på dyra går ned eller stoppar opp i denne perioden. Jakta er også med på å gjere dyra meir skye over tid. Det er ganske paradoksalt at jakta som eit heilt nødvendig tiltak for å hindre ukontrollert vekst av stammene og overbelastning av beitegrunnlaget, normalt er den mest belastande faktoren på dyra. Samstundes krev ein skyare rein betre vern mot forstyringar og menneskelege inngrep resten av året.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Svært stort. Svært stort, men bør kunne reduserast.
Nødvendige tiltak:	Minimalisere stresset på reinen under jakta gjennom god jaktorganisering og skikkeleg jegeroppførsel.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Jegrar/jegerorganisasjonar, viltstyresmakter og jaktrettshavarar.
Mogelege verkemiddel:	Betring av jegeropplæringa. Informasjon og skolering av reinsjegrar til korrekt oppførsel både før og etter skotet. Jakttdsrammer og andre offentlege reglar for jakta må tilpassast omsynet til å redusere stresset på reinen under jakta. Jaktrettshavarane må organisere jakta med tanke på å redusere stress av dyra. Prøveordning med nattjaksforbod bør halde fram.
Fristar:	Dette må skje løpande.

8.16. SMÅVILTJAKT

Kartreferanse:	Store delar av området.
Kommune:	Aktuelt i alle kommunane.
Grunneigar:	I prinsippet alle.
Ansvarleg:	Småviltjegrar og jaktrettshavarane, viltstyresmaktene.
Kva er gjort?	Det vert drive jakt på m.a. lirype, fjellrype og hare i området. Noko av denne jakta vert drive med hund.
Kva kan bli gjort?	Småviltjakta vil fortsetje i samme form og omfang som før.
Verknad for villrein:	Småviltjegrar vil kunne forstyrre reinen under jakta. Eit spesielt problem er jakthundar som kan fatte interesse for rein og følge etter dyra. Dei første vekene av småviltjakta fell saman med brunsttida, og det vil vere viktig for dyra å unngå ekstra aktivitet på denne tida.
Konfliktnivå - no:	Moderat.
-framtidig:	Moderat.
Nødvendige tiltak:	Unngå at småviltjegrar kjem i kontakt med rein. Unngå jakthundar som viser interesse for rein.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Jegrar og jaktrettshavarar. Jegerorganisasjonar og viltstyresmakter.
Mogelege verkemiddel:	Informasjon til jegrar. Jakthundar som ikkje viser interesse for rein.
Fristar:	Løpande arbeid.
Eigne notat:	

8.17. TREKKHUNDAKTIVITET

Kommune:	Ingen spesiell.
Grunneigar:	I prinsippet alle.
Ansvarleg:	Folk som driv med trekkhundsport, Norges Hundekjørerforbund med underliggande klubbar.
Kva er gjort?	Framtidig bruk av trekkhundar og hundespenn kan skje i viktige område for villrein. Hundespenn har større rekkevidde og marsjfart enn skigåarar, og kan nå lenger inn i villreinområda.
Kva kan bli gjort?	Auka bruk av hundespenn kan gje meir ferdsel i villreinområda på ettervinteren.
Verknad for villrein:	Hundespenn kan forstyrre rein dersom dei kjem for nær. Hundar vil kunne oppfattast som fiendar av reinen, og toleranseavstanden er mindre enn til dømes for snøskuter.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Moderat. Kan bli vesentleg ved auka aktivitet.
Nødvendige tiltak:	Følge utviklinga i sporten, og unngå mykje ferdsel i viktige villreinområde.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Norges Hundekjørerforbund og klubbane. Viltforvaltninga og jaktrettshavarane.
Mogelege verkemiddel:	Det bør utarbeidast landsomfattande informasjon. Frivillige tiltak. Naturvernlova §§ 3-6 og § 22.
Fristar:	Kan starte omgåande med å lage informasjon.
Eigne notat:	

8.18. LAUSHUNDAR

Kartreferanse:	Gjerne knytt til utfartsområde og hyttefelt.
Kommune:	Ingen spesiell.
Grunneigar:	I prinsippet alle.
Ansvarleg:	Hundeeigarar.
Kva er gjort?	Det har forekomme episodar der hundar spring lause og kan jage rein.
Kva kan bli gjort?	Det vil alltid vere ein risiko for at hundar som kjem ut av kontroll i eit villreinområde kan jage rein.
Verknad for villrein:	Hundar som jagar rein vil påføre dyra eit ekstra energitap, og svake dyr som nyfødde kalvar og avkrefta dyr kan under uheldige forhold bli drepne av hundar eller omkomme av påkjenninga. Drektige simler kan kaste kalven, og kalvar kan kome bort frå mora.
Konfliktnivå - no:	Moderat.
-framtidig:	Moderat.
Nødvendige tiltak:	Ansvarleggjering av hundeeigarar. Oppfølging av bandtvangreglane, og innføring av ekstraordinær bandtvang i fjellet når det er påkravd.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Viltforvaltninga og jaktrettshavarane.
Mogelege verkemiddel:	Informasjon til hundeeigarar. Viltlova § 52, 1. og 2. ledd for krav til følgjing og vanleg bandtvang for hund. Viltlova § 52, 3. ledd for ekstraordinær bandtvang.
Fristar:	Informasjon til hundeeigarar og handheving av bandtvangsreglane bør skje fortløpande.
Eigne notat:	

8.19. SLÅDALSVEGEN

Kartreferanse:	NP 005 640 - MP 961 858.
Kommune:	Vågå og Lesja kommunar.
Grunneigar:	Private.
Ansvarleg:	Vågå og Lesja kommunar.
Kva er gjort?	Det er bygd sommarveg mellom Vågåmo og Lesja over Slådalen. Denne er open for køyring mot avgift.
Kva kan bli gjort?	Det kan føre til byggepress, camping og auka utfart frå vegen.
Verknad for villrein:	Området aust for Slådalsvegen vert lite brukt av reinen. Det er uklårt stor mykje dette skuldast vegen, då ein også har fleire kraftliner etter omlag samme traséen.
Konfliktnivå - no:	Stort.
-framtidig:	Stort.
Nødvendige tiltak:	Unngå ny aktivitet langs vegen, vurdere å styre camping og bubilparkering. Unngå tidleg oppbrøyting av vegen. Overvake reinen sin oppførsel i forhold til området.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Vågå og Lesja kommunar som vegeigarar og planstyresmakter. Viltforvaltninga og jaktrettshavarar.
Mogelege verkemiddel:	Kommuneplanen etter plan- og bygningslova (PBL) § 20 vil kunne hindre bygging av fritidshus o.l. i området. PBL § 85 vil kunne brukast til å regulere plassering av bubilar, campingvogner o.l. Friluftsløva § 15 kan også brukast.
Fristar:	Løpande vurdering av behovet.
Eigne notat:	

8.20. FINNDALSVEGEN

Kartreferanse:	MP 965 666 - MP 825 650.
Kommune:	Vågå og Lom kommunar.
Grunneigar:	Private i Vågå, Finndalen statsallmenning.
Ansvarleg:	Vegstyret for Finndalsvegen.
Kva er gjort?	Det er bygd seterveg fram til Vangen. Den er open for køyring mot avgift.
Kva kan bli gjort?	Trafikken på vegen kan auke, og dermed gje meir utfart i området.
Verknad for villrein:	Større utfart i området kan gje meir generell forstyrning av reinen.
Konfliktnivå - no:	Moderat.
-framtidig:	Kan bli vesentleg ved stor auke i utfarten.
Nødvendige tiltak:	Unngå brøyting av vegen. Unngå tiltak som gje større utfart frå vegen. Dette kan vere tilrettelegging for reiseliv og turisme, parkerings- og overnattingsplassar, ulike informasjonstiltak m.v. Unngå bygging av hytter i dalen.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Vegstyret. Lom og Vågå kommunar.
Mogelege verkemiddel:	Frivilligheit. Miljøomsyn i ulik tilskottsforvaltning. Kommuneplanen etter plan- og bygningslova (PBL) § 20 vil kunne hindre bygging av fritidshus o.l. i området.
Fristar:	Løpande oppfølging.
Eigne notat:	



Villcamping langs Slådalsvegen. (Foto: Ola Betten)

Kanalisering av ferdsel ved tilrettelegging utanom sårbare område kan vere ein veg å gå. Faultjønna ved Slådalsvegen, Lesja. (Foto: Ola Betten)



8.21. AURSJOVEGEN

Kartreferanse:	MP 585 638 - MP 647 672.
Kommune:	Skjåk.
Grunneigar:	Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Glommen og Laagens Brukseierforening.
Kva er gjort?	I samband med reguleringa av Aursjoen er det ført fram veg til demninga i austenden av vatnet. Denne vegen fører til auka utfart i området sommarstid. Vegen vert normalt ikkje brøytta opp, og vert først køyrbar inn til demninga tidleg i juli.
Kva kan bli gjort?	Vegen kan gjere området meir interessant som bygge- og utfartsområde.
Verknad for villrein:	Vegen har ført til meir ferdsel og større byggepress i Aursjoområdet. Det går eit viktig villreintrekk frå vest inn i området på sørsida av Aursjoen, og ferdsel og menneskeleg aktivitet kan gje uheldig forstyrning i dette området.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Moderat. Vesentleg ved auke i bruken.
Nødvendige tiltak:	Framleis unngå oppbrøyting av vegen i normale år. Vurdere stenging av vegen med bom (avgift).
Ansvarleg for gjennomføringa:	Glommen og Laagens Brukseierforening. Skjåk Almenning.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige tiltak.
Fristar:	Bom kan vurderast i 1999.
Eigne notat:	

8.22. RIKSVEG 15 I BREIDDALEN

Kartreferanse:	MP 137 771 - MP 240 785.
Kommune:	Skjåk.
Grunneigar:	Staten (vegbane, skjeringar og fyllingar).
Ansvarleg:	Statens vegvesen.
Kva er gjort?	Det er bygd og halde open heilårsveg mellom Stryn og Ottadalen.
Kva kan bli gjort?	Det kan skje ytterlegare tilrettelegging med rasteplassar m.v. langs vegen.
Verknad for villrein:	Biltrafikken kan hindre reinen i å krysse vegen. Høge og markerte brøytekantar kan hindre kryssing vinter og vår. Stoppe- og rasteplassar kan forsterke vegringa mot å krysse vegen. Erfaringar til no tydar på at reinen viser forholdsvis stor toleranse for veg og trafikk sommarstid.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Vesentleg utan tiltak mot brøytekantar. Bør kunne bli moderat.
Nødvendige tiltak:	Skråne brøytekantane på stader der reinen gjerne kryssar (spesielt området ved Lægerhytta). Dette har vore gjort dei seinare åra. Ikkje bygge rasteplassar eller unødige avkøyringar i sentrale Breiddalen (Langvatnet–Breidablikk).Ruste opp og skilte rasteplassen i Hamsevika for å dekke heile behovet i Breiddalen.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Statens vegvesen med jaktrettshavarane som aktive medspelalar.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige tiltak, evt. bruk av plan- og bygningslova for å hindre uheldige tiltak.
Fristar:	Dette kan gjennomførast frå no av.
Eigne notat:	

8.23. RIKSVEG 258 - GAMLE STRYNEFJELLSVEGEN

Kartreferanse:	MP 090 686 - MP 284 766.
Kommune:	Stryn og Skjåk kommunar.
Grunneigar:	Staten (vegbanen m.v.), private i Stryn, Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Statens vegvesen.
Kva er gjort?	Det er bygd sommaropen veg frå Grotli til Hjelledalen. Ein har rusta opp vegen til ein opplevingsveg for turistar.
Kva kan bli gjort?	Det kan bli tidlegare oppbrøyting av vegen, og trafikken kan auke.
Verknad for villrein:	Reinen kryssar RV 258 fleire stader, og særleg viktig er trekket ut Mårådalsmunningen. Reinen kan også beite i dalen langs sjølvveg traséen. Tidleg brøyting med høge brøytekantar kan gjere det vanskeleg for reinen å krysse, spesielt for små kalvar. Det alvorlegaste er at biltrafikk og menneskeleg ferdsel på sykkel og til fots vil kunne forstyrre reinen så mykje at han ikkje kryssar i periodar. Auka aktivitet knytt til rasteplassar, opplysningstavler o.l. vil verke likeeins.
Konfliktnivå - no:	Moderat.
-framtidig:	Kan bli vesentleg ved uheldig tilrettelegging langs vegen.
Nødvendige tiltak:	Unngå oppbrøyting før 1. juni. Ta spesielle omsyn ved brøytinga, og sikre at det er soner der dyra kan krysse. Unngå å etablere ny menneskeleg aktivitet på den viktigaste strekninga frå Langvatnet til hyttefeltet på Grotli. Evt. tiltak bør skje i tilknytning til eksisterande aktivitet i krysset RV 15 x RV 258, eller mot sommarskiseretret og Videsæter.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Statens vegvesen vil vere hovudansvarleg. Det er viktig med eit samarbeid med viltstyresmaktene og jaktrettshavarane.
Mogelege verkemiddel:	Frivillig samarbeid. Behandling av utbetringsplanar etter plan- og bygningslova.
Fristar:	Løpande arbeid frå no av.

8.24. LORDALSVEGEN

Kartreferanse:	MP 840 890 - MP 662 800.
Kommune:	Lesja.
Grunneigar:	Lordalen statsallmenning.
Ansvarleg:	Vegstyret for Lordalsvegen.
Kva er gjort?	Bygd seterveg fram til Nysætri. Bomveg open for køyring mot avgift. Vegen blir brøytta opp til Bjøknesætri til påske.
Kva kan bli gjort?	Trafikken på vegen kan auke, og det kan skje bygging og tilrettelegging i området som aukar bruken av området, spesielt viss vegen vert brøytta heilt fram til Nysætri.
Verknad for villrein:	Vegen går heilt sentralt inn i villreinområdet. Større utfart kan gje meir generell forstyrring i svært sårbare område.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Vesentleg. Stort ved oppbrøyting heilt inn, auke i aktivitet og utfart frå Lordalen.
Nødvendige tiltak:	Unngå brøyting av vegen lenger enn det som er nødvendig for skogsdrifta. Unngå tiltak som gjev større utfart frå vegen. Dette kan vere tilrettelegging for reiseliv og turisme, parkerings- og overnattingsplassar, ulike informasjonstiltak m.v.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Vegstyret, Lesja kommune.
Mogelege verkemiddel:	Frivilligheit. Miljøomsyn i ulik tilskottsforvaltning. Kommuneplanen etter plan- og bygningslova (PBL) § 20 vil kunne hindre bygging av fritidshus o.l. i området.
Fristar:	Løpande oppfølging.
Eigne notat:	

8.25. VEG OG HYTTEFELT I BRØSTDALEN/TUNGA

Kartreferanse:	MQ 513 047 (bom) - 434 020.
Kommune:	Rauma.
Grunneigar:	Private enkeltgrunneigarar og Tunga sameie.
Ansvarleg:	Grunneigarane og vegstyret.
Kva er gjort?	Det er bygd ein bomveg frå Brøste inn til Tunga. Ein kan køyre med 4-hjulsdriven bil heilt inn til Ulvådalsvatnet. Det er bygd ca. 15 hytter i Tungaområdet.
Kva kan bli gjort?	Vegen kan bli ytterlegare rusta opp, og trafikken kan auke. Det kan bli bygd fleire hytter.
Verknad for villrein:	Det går eit reinstrekk over Brøstdalen ved Horgheimsetermoen. Reinen kan beite her og på Kabben om våren. Eit anna reinstrekk kryssar vegen rett aust for Ulvådalsvatnet. Vegen og hyttene skaper større utfart i området, og reinen kan også bli forstyrra i vårbeitet på groen nede i dalen.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Moderat. Kan bli vesentleg.
Nødvendige tiltak:	Vegen bør ikkje opprustast for vanleg ferdsel vidare innover. Ein bør unngå brøyting av vegen. Det bør ikkje byggast fleire hytter i området.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Vegstyret og grunneigarane. Rauma kommune. Miljøvernstyresmaktene.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige tiltak. Plan- og bygningslova. Rikspolitiske retningslinjer og naturvernlova §§ 5, 6 og 22.
Fristar:	Løpande oppfølging. Tilpassing til verneplanarbeidet.
Eigne notat:	

8.26. VERMEDALSVEGEN

Kartreferanse:	MQ 400 160 - MQ 450 150.
Kommune:	Rauma kommune.
Grunneigar:	Grytten statsallmenning, private på Verma.
Ansvarleg:	Grunneigarane.
Kva er gjort?	Det bygd ein skogs-/seterveg frå Verma opp Vermedalen til Langvatnet. Over tregrensa har vegen dårleg standard, og kan berre brukast av traktor og firehjulsdrivne bilar. Siste stykket mot Grytten fjellstyre si bu ved Langvatnet vert køyrt i terrenget. Vegen er stengt med låst bom, men vert brukt ein god del.
Kva kan bli gjort?	Vegen kan bli rusta opp, og bruken kan auke.
Verknad for villrein:	Vegen gjev større utfart mot Vermevatnet og Langvatnet, med tilhøyrande menneskeleg ferdsel. Dette kan forstyrre villreinen unødigg i eit viktig sommarbeiteområde for bukkar.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Moderat. Kan bli vesentleg utan tiltak.
Nødvendige tiltak:	Stenginga av bommen må handhevast meir bestemt. Terrengekøyring ut frå enden av vegen må stoppast. Alternativt bør det monterast ein ny bom ovanfor setrene i Vermedalen, og denne bør haldast stengt for alt anna enn absolutt nødvendig anleggstrafikk.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Grunneigarane må handheve stenginga av bommen. Grunneigarane sine organisasjonar (Vermedalen jaktområde, Villreinutvalet) bør oppfordre til dette. Kommunen er myndigheit etter motorferdsellova, og følger opp dette.
Mogelege verkemiddel:	Informasjon og påtrykk. Bruk av motorferdsellova. Naturvernlova §§ 3-6 og § 22.
Fristar:	Endringane bør skje umiddelbart. Evt. bruk av naturvernlova kan først skje etter år 2000.
Eigne notat:	



Frå Vermedalsvegen kan ein køyre 4-hjulsdriven bil inn til Langoatnet. Her er det sommararbeite for bukkar. (Foto: Ola Betten)

RV 258, gamle Strynefjellsvegen, blir rusta opp til turistveg. Viktige reinstrekk kryssar denne. (Foto: Ola Betten)



8.27. HANDSPIKVEGEN

Kartreferanse:	MP 210 500.
Kommune:	Luster og Skjåk kommunar.
Grunneigar:	Private i Luster, Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Interimstyret for vegselskapet.
Kva er gjort?	Planlagt ny sommaropen veg frå Styggevatnet i Luster over Handspiken til Mysubytta i Skjåk. Ein har etablert eit interimstyre som arbeider for finansiering av forprosjekt.
Kva kan bli gjort?	Den sørlege delen av villreinområdet kan bli delt av vegen.
Verknad for villrein:	Trafikk og menneskeleg ferdsel ut frå høgaste punktet på vegen vil kunne gje ein barriereeffekt som kan føre til at delar av området går ut av bruk, eller at ein ikkje får utveksling av dyr og genetisk materiale mellom dei to delstammene.
Konfliktnivå - no:	–
-framtidig:	Stort.
Nødvendige tiltak:	Vegen bør ikkje byggast.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Alle styresmakter og organisasjonar som arbeider med planlegging og miljøvern bør arbeide for at vegen ikkje blir realisert.
Mogelege verkemiddel:	Fagleg argumentasjon og påverknad. M.a. vise til at Sognefjellsvegen er eit eksisterande alternativ. Bruke planprosessane etter plan- og bygningslova.
Fristar:	Saka bør følgjast opp løpande.
Eigne notat:	

8.28. REGULERINGAR OG ANLEGGSEVGAR I FORTUNSDALEN

Kartreferanse:	MP 360 353 - MP 405 410.
Kommune:	Luster.
Grunneigar:	Luster austre statsallmenning, private i Luster.
Ansvarleg:	Hydro Energi.
Kva er gjort?	I samband med utbygginga av Fortundalselva har ein regulert m.a. Illvatnet, Gravdalsvatnet, Breiddalsvatnet, Namnlausvatnet og Grønevatnet, og det er laga eit kunstig magasin på Fivlemyrane. Det er bygd anleggsveggar fram til Fivlemyrane, Vesledalen og Breiddalen.
Kva kan bli gjort?	Trafikken på vegane kan auke.
Verknad for villrein:	Reguleringa av vatna i Fortunsdalen har fjerna og redusert verdien av potensielle sommarbeiteareal rett ved vatna. Spesielt anleggsvegen framover Middalen vil kunne gje biltrafikk og meir utfart inn mot sentrale område for villreinen. Dette kan vere ei hindring for å få reinen til å ta i bruk områda i Luster att.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Moderat (reguleringa) og vesentleg (anleggsvegane). Moderat ved stenging av vegen.
Nødvendige tiltak:	Anleggsvegen framover Middalen bør stengast med bom, og normalt berre brukast til heilt nødvendig ferdsel i samband med drift av kraftanlegga.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Hydro Energi i samarbeid med grunneigar. Miljøverndepartementet.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige tiltak. Motorferdsellova § 7. 2.
Fristar:	Bør kunne gjennomførast innan 1999.
Eigne notat:	

8.29. KRAFTLEIDNING I FINNDALEN

Kartreferanse:	MP 770 635 (Honnsjøen).
Kommunar:	Skjåk og Lom.
Grunneigar:	Skjåk Almenning, Finndalen statsallmenning.
Ansvarleg:	Opplandskraft.
Kva er gjort?	Det er ført ei 66 kV kraftline frå Skjåk til Vågå gjennom Finndalen. Lina vert følgd opp gjennom vanleg tilsyn og vedlikehald.
Kva kan bli gjort?	I samband med utbygging av Øvre Otta er det planlagt å erstatte denne med ei 300 kV kraftline etter to alternaive traséar: a) Frå Øyberget opp til Aursjoen, over Honnsjoen og ned Finndalen. b) Gjennom Skjåk til Ramstadstrondi, opp til Honnsjoen og som a).
Verknad for villrein:	Kraftliner kan gje støy ved spesielle vêrforhold, og det er rapportert om at rein vegrar seg for å krysse under leidningar frå andre stader. Vi er ikkje kjent med at reinen har problem med å krysse denne lina til no men ho går gjennom viktige vinterbeite og tilkomsten til slike. Ei ny kraftline vil ha langt større dimensjonar og høgare spenning, og vil kome i eit nytt område etter alternativ a). Ein får auka risiko for at reinen kan vegre seg for å krysse lina for å bruke områda ved Skamsarkampen og på Liafjellet. Viktige vinterbeiteområde kan bli mindre nytta / gå ut av bruk. Ferdsel i samband med vedlikehald og tilsyn kan gje meir tilfeldig forstyrring.
Konfliktnivå - no:	Moderat.
-framtidig:	Stort, før evt. konsekvensutgreiningar syner noko anna.
Nødvendige tiltak:	Unngå rutinemessig ferdsel på sårbare tidspunkt, i dette tilfellet når rein beiter i området om vinteren. Vurdere konsekvensane av ny line, og evt. finne eit miljømessig akseptabelt alternativ.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Opplandskraft. Kommunane. Jaktrettshavarane skaffar data om beitebruken til reinen.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige tiltak og informasjon. Søkknadsbehandling etter energilova. Kommuneplanar etter plan- og bygningslova § 20, bruk av naturvernlova §§ 3 - 6 og § 22, viltlova § 7.
Fristar:	Må tilpassast saksbehandlingsprosessane for kraftlinesøkknaden og verneplanarbeidet.

8.30. KRAFTUTBYGGING I ØVRE OTTA (reguleringar og kraftverk)

Kartreferanse:	MP 400 690 (Glitra kraftverk).
Kommune:	Skjåk.
Grunneigar:	Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Opplandskraft / Tafjord Kraft.
Kva kan bli gjort?	Delar av Ottavassdraget er søkt utbygd til kraftforsyning. Det er planlagt inntak frå 1020 m.o.h. og lågare; og tunneloverføring av vassdraga frå Føysa i nordaust via Breiddalsvatnet til og med Rauddalsvatnet i sørvest. Vatnet skal først gjennom eitt eller to kraftverk. Det vert bygd mellombelse anleggsveggar og etablert masse-tippar, men det vert ingen nye magasin i fjellet.
Verknad for villrein:	Mellombels forstyrning av anleggsdrift kan føre til redusert bruk av nærområda til tunnelanlegg og kraftlinetrasé.
Konfliktnivå - no:	–
-framtidig:	Vesentleg, særleg i evt. anleggsperiode.
Nødvendige tiltak:	Anleggsveggar må fjernast etter evt. utbygging.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Energi- og miljøvernstyresmaktene, Skjåk Almenning, Skjåk kommune og lokalinteressentar.
Mogelege verkemiddel:	Konsesjonsbehandling etter vassdragsreguleringslova.
Fristar:	Tilpassa konsesjonsbehandling.
Eigne notat:	

8.31. KRAFTUTBYGGING I TAFJORDFJELLA

Kartreferanse:	MP 200 900 (Fetvatnet, omlag midt i nedslagsfeltet).
Kommune:	Norrdal, Stranda og Skjåk kommunar.
Grunneigar:	Private i Norrdal og Stranda, Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Tafjord Kraftselskap A/S.
Kva er gjort?	Det er gjennomført omfattande vassdragsreguleringar i samband med bygging av 5 større kraftverk. Sytten vatn vert regulerte, og nokre av dei er demt saman ved høg regulert vasstand. Vassdraga nedstraums magasin og bekkeinntak har redusert vassføring. Det er ført fram kraftleidningar til Fetvatnet og Heimste Viavatnet. Vi viser elles til kapittel 6.5.
Kva kan bli gjort?	Drift og vedlikehald av anlegga fører til motorisert ferdsel og til dels noko anleggsverksemd i området.
Verknad for villrein:	Tafjordområdet er for tida berre brukt som sommarbeite av reinen. Lavrike vinterbeite finn ein først noko av i grenseområda mot Skjåk og sørover. Oppdemming og tapping av magasin vil fjerne vegetasjonen i reguleringssona, og dermed viktige beiteområde i strandsona. Neddemming av eid mellom vatn kan sperre trekkveggar, men ut frå topografien i området har dette betydd lite. Auka ferdsel i området kan generelt gje meir forstyrning.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Vesentleg. Moderat.
Nødvendige tiltak:	Unngå motor- og menneskeleg ferdsel i område og på tider der dette kan forstyrre rein.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Tafjord Kraftselskap.
Mogelege verkemiddel:	Informasjon og intern opplæring av personell.
Fristar:	Dette vert praktisert no.
Eigne notat:	

8.32. KRAFTLINER GJENNOM SLÅDALEN

Kartreferanse:	NP 010 630 - MP 980 830.
Kommune:	Vågå og Lesja.
Grunneigar:	Private.
Ansvarleg:	Eidefoss AS og Statnett SF.
Kva er gjort?	Det er bygd kraftliner frå Vågåmo opp Slådalen mot Lesja (320 kV og 132 kV) og mot Dombås (2 stk 66 kV).
Kva kan bli gjort?	Linene må ettersjåast og vedlikehaldast, og traséen kan vere aktuell dersom det skal byggast nye liner.
Verknad for villrein:	Reinen brukar området aust for linene/vegen lite(sjå punkt 8.19 om Slådalsvegen). Årsaka til dette er uklar. Ut frå generell kunnskap om rein og kraftliner veit ein at dyra kan reagere på linene under spesielle forhold, sjå kap. 2.
Konfliktnivå - no:	Stort.
-framtidig:	Stort.
Nødvendige tiltak:	Kartlegging av reinen sin aktivitet i forhold til linene/vegen. Skaffe ny kunnskap om villrein og kraftliner/andre inngrep.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Viltforvaltninga på ulike nivå. Jaktrettshavarane. Statnett SF og Eidefoss A/S.
Mogelege verkemiddel:	Frivilligheit. Tilskott til undersøkingar.
Fristar:	Løpande arbeid.
Eigne notat:	

8.33. HYTTER OG ANDRE AKTIVITETAR RUNDT AURSJOEN

Kartreferanse:	MP 590 685 (tettaste hyttekonsentrasjonen).
Kommune:	Skjåk.
Grunneigar:	Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Private hytteeigarar, Skjåk kommune, Skjåk Almenning.
Kva er gjort?	Det er bygd omlag 30 hytter/buer og ein del naust rundt Aursjoen. Aursjoen vert mykje brukt til fiske, og det er laga ein kultursti på 5,5 km innover Skamsarkampen.
Kva kan bli gjort?	Hyttene og kulturstien kan føre til større utfart i området, spesielt i frå midtsommars og utover.
Verknad for villrein:	Det går eit reinstrekk på sørsida av Aursjoen, og hyppig menneskeleg ferdsel i området kan forstyrre reinen så mykje at området vert mindre brukt.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Moderat. Vesentleg ved auke i bruken av området.
Nødvendige tiltak:	Unngå nybygging og tilbygg av hytter i området. Konsentrere menneskeleg aktivitet ved skånsam tilrettelegging av parkeringsplassar, og unngå tilfeldig parkering langs vegen. Unngå framskunding av sesongstart for bruken av området, sjå punkt 8.21.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Grunneigar, Skjåk kommune og statlege styresmakter.
Mogelege verkemiddel:	Plan- og bygningslova for omgjerung av byggeområdet ved Aursjoen til LNF-område med byggeforbod. Bruk av naturvernlova for å sikre området. Grunneigar sin rett til å styre byggetiltak. Frivillige tiltak for å konsentrere utfarten.
Fristar:	Neste revisjon av kommuneplanen, men kommune og grunneigar bør føre ein streng praksis heile tida. Verneplanprosessen etter naturvernlova starta i 1997. Tilrettelegging må sjåast i samanheng med vern.
Eigne notat:	

8.34. SKJÅK ALMENNING SINE HYTTER I FJELLET

Kartreferanse:	Sjå kartvedlegg.
Kommune:	Skjåk.
Grunneigar:	Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Skjåk Almenning.
Kva er gjort?	Skjåk Almenning har bygd 9 hytter spreidd i fjellet.
Kva kan bli gjort?	Hyttene vert i hovudsak brukt i reinsjakta, og dei står opne då. Elles i året står hyttene låste, men kan lånast ut etter avtale. Hyttene er plassert for å ha lett tilgang i viktige reinsområde i jakta, og såleis vil dette også vere område som er viktige for reinen til andre årstider. Nokre av hyttene ligg i og ved kalvingsområde.
Verknad for villrein:	Hyttene kan gje auka ferdsel i sårbare område på uheldige tidspunkt. Særleg Sottjørnhytta, Storhøytt, Sveinbu og Kvitberghytta ligg i eller nær viktige kalvingsområde. Ukyndig og uheldig framferd kan gje skadeleg forstyrning i kalvingstida.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Moderat. Stort dersom hyttene i og ved kalvingsområda blir brukte vår og forsommar, moderat ved tiltak.
Nødvendige tiltak:	Hyttene bør normalt ikkje brukast frå ettervinteren til forsommaren, og særleg ikkje dei som ligg i viktige reinområde.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Skjåk Almenning.
Mogelege verkemiddel:	Frivilligheit.
Fristar:	Kan skje frå no av.
Eigne notat:	

8.35. PRIVATE HYTTER OG BUER VED LUNDADALSVATNET

Kartreferanse:	MP 500 498.
Kommune:	Skjåk.
Grunneigar:	Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Privatpersonar i Skjåk.
Kva er gjort?	Det er bygd 5–6 fiskebuer i austenden av Lundadalsvatnet.
Kva kan bli gjort?	Bruken av hyttene kan auke.
Verknad for villrein:	Auka ferdsel og generell forstyrning i området.
Konfliktnivå - no:	Moderat.
-framtidig:	Kan bli vesentleg ved meir bruk av hyttene eller bygging av nye.
Nødvendige tiltak:	Unngå utviding av hytter og bygging av nye.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Skjåk kommune og Skjåk Almenning.
Mogelege verkemiddel:	Bruke plan- og bygningslova for å unngå inngrep. Grunneigar kan nekte/setje vilkår for å gje løyve til bygging.
Fristar:	Kan skje frå no av.
Eigne notat:	

8.36. HYTTEFELT GROTLI OG HEIMDALEN, SKJÅK

Kartreferanse:	MP 283 755 OG MP 315 760.
Kommune:	Skjåk.
Grunneigar:	Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Skjåk Almenning
Kva er gjort?	Det er etablert eit større hyttefelt på Grotli og avsett nytt hyttefelt i Heimdalen i kommuneplanen.
Kva kan bli gjort?	Hyttefelte kan bli bygd ut etter planane.
Verknad for villrein:	Hyttefeltet på Grotli ligg i overgangen fjell/bjørkeskog i eit område der reinen kan krysse dalen. Menneskeleg aktivitet knytt til hyttene kan gje forstyrringar som reduserer beitebruken i nærliggande område og kan hindre trekk på delar av austsida av Langvasseggi. Utfart frå hyttene her og evt. hytter i Heimdalen kan gje forstyrring i viktige beite- og kalvingsområde i Mårådalen og Hamsedalen.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Stort. Kan bli svært stort ved auka bygging og større aktivitet ved hyttene.
Nødvendige tiltak:	Unngå utviding/fortetting av feltet på Grotli, ikkje bygge hytter i Heimdalen. Informasjon om villrein og menneskeleg ferdsel. Ferdelsrestriksjonar i Hamsedalen og Mårådalen.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Skjåk kommune og Skjåk Almenning kan stoppe vidare utbygging. Jaktrettshavarane og viltforvaltninga kan lage og distribuere informasjon. Statlege viltstyresmakter kan innføre ferdselsrestriksjonar.
Mogelege verkemiddel:	Endre kommuneplanen ved rullering av kommuneplanen i medhald av plan- og bygningslova § 20. Trekke attende ubrukte byggeløyve etter plan- og bygningslova § 96. Frivillige avtalar og informasjon. Ferdelsrestriksjonar etter viltlova §§ 7 og 8.
Fristar:	Kommuneplanen skal normalt rullerast kvar kommunestyreperiode, og endringar kan gjennomførast då. Ubruke byggeløyve kan trekkast attende etter 3 år utan oppstart eller 2 års opphald i bygging. Informasjonstiltak kan startast opp i 1998. Ferdelsrestriksjonar kan evt. innførast i år 2000.
Eigne notat:	

8.37. HYTTEFELT BREIDABLIKK, SKJÅK

Kartreferanse:	MP 220 780.
Kommune:	Skjåk.
Grunneigar:	Skjåk kommune.
Ansvarleg:	Skjåk kommune.
Kva er gjort?	Skjåk kommune har etablert eit større hyttefelt i Breiddalen.
Kva kan bli gjort?	Det kan bli bygd inntil 30 nye hytter pga. at det er sett av nye hyttepunkt(fortetting) i kommuneplanen.
Verknad for villrein:	Hyttefeltet har fjerna beiteområde og ligg også inntil trekket på nord-sida av Breiddalen. Menneskeleg aktivitet knytt til hyttene legg beslag på større areal enn sjølv bygeområdet. Utfart frå hyttene kan gje forstyrning i viktige beite- og kalvingsområde.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Stort. Kan bli svært stort ved vekst i hyttefeltet og større utfart i dei sårbare områda.
Nødvendige tiltak:	Stoppe utviding / fortetting av feltet. Informasjon om villrein og menneskeleg ferdsel. Organisere hytteeigarane, t.d. i ei velforening. Vurdere ferdselsrestriksjonar i Hamsedalen.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Skjåk kommune kan stoppe vidare utbygging. Jaktrettshavarane og viltforvaltninga kan lage og distribuere informasjon. Kommunen kan stimulere til å få danna ei hytteeigarforeining. Statlege viltstyresmakter kan innføre ferdselsrestriksjonar.
Mogelege verkemiddel:	Endre kommuneplanen ved rullering av kommuneplanen i medhald av plan- og bygningslova § 20. Trekke attende ubrukte byggeløyve etter plan- og bygningslova § 96. Makeskifte av ubrukte tomter med mindre konfliktfylte tomter andre stader. Frivillige avtalar og informasjon. Ferdselsrestriksjonar etter viltlova §§ 7 og 8.
Fristar:	Kommuneplanen skal normalt rullerast kvar kommunestyreperiode, og endringar kan gjennomførast då. Ubrukte byggeløyve kan trekkast attende etter 3 år utan oppstart eller 2 års opphald i bygging. Organisering og informasjon kan startast opp i 1998. Ferdselsrestriksjonar kan evt. innførast i år 2000.
Eigne notat:	

8.38. FJELLSTYRE- OG GRUNNEIGARLAGSHYTTER I LESJA

Kartreferanse:	Sjå kartvedlegg.
Kommune:	Lesja.
Grunneigar:	Lordalen statsallmenning, private.
Ansvarleg:	Lesja fjellstyre, private grunneigarar og grunneigarlag.
Kva er gjort?	Det er bygd kring 10 felleshytter og ein del naust i området.
Kva kan bli gjort?	Det er planar om nye naust og hytter, og bruken av hyttene kan auke/endre seg.
Verknad for villrein:	Hyttene gjev større utfart og kanaliserer utfarten til spesielle område. Kan gje meir generell forstyrning. Fleire av hyttene ligg nær viktige kalvingsområde i Grøndal-/ Asbjørnsdalområdet, og utfart frå hyttene på vårvinteren kan gje skadeleg forstyrning.
Konfliktnivå - no:	Moderat.
-framtidig:	Stort dersom hyttene i kalvingsområda blir brukte vår og forsommar, moderat ved tiltak.
Nødvendige tiltak:	Hyttene bør ikkje brukast på ettervinteren og våren. Unngå å bygge nye hytter, bør heller vurdere berre naust der omsynet til å utnytte fiskeressursane tilseier behov for garnfiske. Kommunen bør vere restriktiv med hyttebygging.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Grunneigar, byggesøkar og Lesja kommune. Miljøvernstyresmaktene.
Mogelege verkemiddel:	Frivillig avståing frå bruk av dei meste utsette hyttene om våren. Kommuneplanen og etterlevinga av denne. Verneplaner etter naturvernlova §§ 3–6 og § 22, og Viltlova §§ 7 og 8. Rikspolitiske retningsliner.
Fristar:	Løpande samarbeid. Tilpassa framdriftsplanane for revisjon av kommuneplanen og gjennomføring av verneplanarbeidet.
Eigne notat:	

8.39. HYTTER I FINNDALEN

Kartreferanse:	MP 770 635 (Honnsjøen).
Kommune:	Lom og Vågå.
Grunneigar:	Finndalen, Vårdalen og Nordherad statsallmenningar, private i Lom.
Ansvarleg:	Finndalen fjellstyre, ulike beitelag, andre private.
Kva er gjort?	Gjennom åra er det bygd fleire hytter ved Honnsjøen, Råkåvatnet og på Liafjellet
Kva kan bli gjort?	Det kan bli bygd nye hytter i området. Finndalen fjellstyre har hatt planar om ny hytte ved Råkåvatnet.
Verknad for villrein:	Hyttene kan gje meir utfart og forstyrring av villrein, spesielt utanom jakttida. Utfarten er svært liten no.
Konfliktnivå - no:	Moderat.
-framtidig:	Vesentleg ved auka utfart.
Nødvendige tiltak:	Unngå nye hytter i området. Kanaliserer trafikk ved å låse/opne hytter bevisst.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Ulike eigarar av felleshytter i samarbeid med kommune og jaktrettshavarar.
Mogelege verkemiddel:	Kommuneplanar. Vern etter naturvernlova og rikspolitiske retningslinjer. Naturvernlova §§ 3–6 og § 22. Viltlova §§ 7 og 8. Frivillige tiltak.
Fristar:	Tilpassa revisjon av kommuneplanane og verneplanprosessen for Reinheimenområdet.
Eigne notat:	

8.40. TRULSBU, DNT-HYTTE I LUNDADALEN, SKJÅK

Kartreferanse:	MP 439 457.
Kommune:	Skjåk.
Grunneigar:	Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Den Norske Turistforening.
Kva er gjort?	Det er bygd turistforeningshytte og sikringsbu med 12 senger i Lundadalen. Det er etablert turstiar ned Lundadalen og gjennom Vesledalen til Nørdestedalseter og Illvatnet.
Kva kan bli gjort?	Bruken av hytta kan auke.
Verknad for villrein:	Vesledalen er eit viktig vår- og haustbeite, spesielt for reinsbukkar. Området er så trangt at turvandrarar vil kome svært nær evt. rein i området, og dette gjev lett forstyrning. Reinen vil då lett trekke ut av dalen og høgare opp i terrenget. Beiteressursane i dalen vil ikkje bli godt nok utnytta. Frå lokalt hald vert det hevda at reinen brukar området merkbart mindre etter at hytta vart bygd i 1987/88.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Vesentleg. Vesentleg, kan bli moderat ved tiltak.
Nødvendige tiltak:	Redusere bruken av hytta i sårbare periodar, spesielt på forsommaren ved å unngå fellesturar då. Vurdere stenging av hytta i den mest sårbare tida.
Ansvarleg for gjennomføringa:	DNT i samarbeid med jaktrettshavarar.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige avtalar. Informasjon.
Fristar:	Nedtrapping av bruken på forsommaren kan skje for fullt frå 1999. Vurdering av sesongstenging kan skje i år 2001.
Eigne notat:	



Trulsbu – DNT-hytte inst i Lundadalen, Skjåk. (Foto: Ola Betten)

Storvatnbua til Lesja fjellstyre. (Foto: Ola Betten)



8.41. STIAR I LUNDADALEN.

Kartreferanse:	MP 440 457 - MP 553 515.
Kommune:	Skjåk.
Grunneigar:	Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Lokale brukarar av området, Den Norske Turistforening.
Kva er gjort?	Det er laga stiar på begge sider av dalen frå vestenden på Lundadalsvatnet til Kvilingan. Lokale folk brukar nordsida, medan DNT har merka sti på sørsida. DNT har bygd 2 bruer.
Verknad for villrein:	Lundadalen er eit viktig forsommarbeite for reinen, og dalen er så trang at turvandrarar og rein lett kan møtast. Dette resulterer i forstyrring av reinen, og området kan bli mindre brukt, jf. forrige punkt.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Vesentleg. Kan bli moderat ved tiltak.
Nødvendige tiltak:	Samordning av stiane ved at ein brukar berre eine sida av dalen, helst nordsida.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Lokalbefolkninga og DNT i samarbeid med jaktrettshavarane.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige ordningar. Grunneigar kan krevje merking og bruer fjerna.
Fristar:	Arbeidet bør starte i 1998.
Eigne notat:	

8.42. TURNETTET GROTLI - SPRONGDALSHYTTA

Kartreferanse:	MP 285 755 - MP 205 463.
Kommune:	I hovudsak Skjåk, litt inn på Stryn og Luster.
Grunneigar:	Skjåk Almenning, Jostedalsbreen statsallmenning, private i Stryn og Luster.
Ansvarleg:	Den Norske Turistforening.
Kva er gjort?	Det er etablert 3 sjølvbetjente turisthytter, og merka opp eit samanhengande turstinett frå Grotli og sørover til Jostedalen. Det går også sideruter til Nysætri og Pollfoss i Skjåk, og Sunndalen og Erdalen i Stryn. Det går ei vinterrute inn Mårådalen til Jostedalsbreen.
Kva kan bli gjort?	Det har vore planar om oppattmerking av rute frå Styggevatnet til Sprongdalshytta.
Verknad for villrein:	Generell forstyrning av menneske. Reinen er spesielt utsett i trange dalar på sommarbeite. Det er eit kalvingsområde på søraustsida av Mårådalen.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Moderat, men lokalt vesentleg. Bør bli moderat.
Nødvendige tiltak:	Generell informasjon om villrein og menneskeleg ferdsel. Ikkje marknadsføre denne ruta spesielt eller arrangere fellesturar mellom Grotli og Slæom. Ikkje utvide Skridulaupbu (4 sengeplassar) som er flaskehalsen for kapasiteten.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Den Norske Turistforening. Samarbeid med viltstyresmaktene og jaktrettshavarane om informasjon.
Mogelege verkemiddel:	Informasjon og frivilligheit. Viltlova §§ 7 og 8.
Fristar:	Kan startast så snart som råd.
Eigne notat:	

8.43. SOTA SÆTER MED TILGIGGANDE TURSTIAR

Kartreferanse:	MP 320 535 (Sota Sæter).
Kommune:	Skjåk og Luster kommunar.
Grunneigar:	Skjåk Almenning, Luster Austre Statsallmenning og private i Luster.
Ansvarleg:	Den Norske Turistforening.
Kva er gjort?	Det er etablert ei betjent turisthytte med om lag 60 senger. Det merka 2 turistruter mellom Sota Sæter og Nørdestedalsæter, og det går ruter frå Sota til Slæom og mot Sprongdalshytta.
Kva kan bli gjort?	Det er ønske om å lage dagsturruter og andre lokale tilbod rundt hytta.
Verknad for villrein:	Generell forstyrning, spesielt ved Sottjørnin og i Tverrådalen. Ved ekspansjon av rein sørover vil også Krossbakkane og Nørdestedalen vere eit utsett område.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Vesentleg konflikt. Kan bli stort ved auke i turisttrafikken og nye ruter inn i villrein-området.
Nødvendige tiltak:	Generell og spesiell informasjon. Stimulere til bruk av den vestlege ruta over breen ved forsvarlege vêr- og føreforhold. Unngå å etablere dagsturtilbod som går inn i sårbare område, men tilrettelegge i område som tåler trafikken. Vurdere omlegging av eksisterande ruter på sikt.
Ansvarleg for gjennomføringa:	DNT i samarbeid med viltstyresmakter og jaktrettshavarar.
Mogelege verkemiddel:	Informasjon og frivilligheit. Grunneigar kan krevje fjerning av merka ruter.
Fristar:	Informasjon kan utarbeidast f.o.m. 1998. Framtida til rutene kan vurderast i 1999.
Eigne notat:	

8.44. TURSTI GJENNOM HAMSEDALEN

Kartreferanse:	MP 245 791 - MP 182 944.
Kommune:	Norddal og Skjåk kommunar.
Grunneigar:	Private i Norddal og Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Ålesund-Sunnmøre Turistforening.
Kva er gjort?	Det er merka turiststi frå Hamsevika i Skjåk til Kaldhussæter i Norddal. Stien følger den gamle ferdselsruta mellom Grotli og Norddal kommune.
Kva kan bli gjort?	Ferdselen området kan auke pga. ny turisthytte og utviding av hyttefelt.
Verknad for villrein:	Nordsida av Hamsedalen er eit viktig kalvingsområde for den vestre delstammen. Turstien går gjennom dette området, og kan såleis føre til uønska forstyrring på eit svært sårbart tidspunkt. Hamsedalen og dalane framover frå denne vert brukt jamnt brukt av reinen vår, sommar og haust.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Stort. Bør bli moderat ved tiltak.
Nødvendige tiltak:	Turruta bør leggest ned eller leggest om. Ein kan lage ei hovudrute frå Grotli over eller på austsida av Helleggi (Hellstuguegga) til Danskehytta. Dette vil kunne kanalisere ferdselen bort frå Hamsedalen og nordsida av denne. Alternativt kan ein innføre ferdselsrestriksjonar i området i den mest sårbare tida.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Ålesund-Sunnmøre Turistforening i samarbeid med grunneigarane når det gjeld ruteendringar, statlege viltstyresmakter når det gjeld innføring av ferdselsrestriksjonar.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige avtalar om ruteendringar. Presentasjon av gamleruta kan takast ut ved første revisjon av kart og turhandbok. Viltlova §§ 7 og 8 for innføring av evt. ferdselsrestriksjonar.
Fristar:	Omlegging av ruter kan skje først i 1999. Ferdselsrestriksjonar kan evt. innførast kring år 2000.
Eigne notat:	

8.45. TURSTI KOLBEINSVATNET - VIAVATNA

Kartreferanse:	MP 126 784 - MP 182 944.
Kommune:	Stranda, Skjåk og Norddal kommunar.
Grunneigar:	Private i Stranda og Norddal, Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Ålesund-Sunnmøre Turistforening. Tafjord Kraft.
Kva er gjort?	Det går ein anleggsveg frå RV 63 til Kolbeinsvatnet. Det er merka tursti frå Djupvatnet til Kaldhussæter. Stien vert presentert i «Til fots i fjellet» og på turkart.
Kva kan bli gjort?	Ferdselen langs ruta kan auke ved generell auke i turismen i området.
Verknad for villrein:	Turstien går gjennom eit viktig sommararbeiteområde. Kan gje uønska forstyrning.
Konfliktnivå - no:	Moderat.
-framtidig:	Moderat.
Nødvendige tiltak:	Unngå opprusting av anleggsvegen slik at det ikkje køyrer opp bilar frå RV 63. Generell informasjon. Vurdere framtida til ruta.
Ansvarleg for gjennomføringa:	DNT og grunneigarorganisasjonar, Tafjord Kraft, viltstyresmaktene.
Mogelege verkemiddel:	Informasjon og frivillige tiltak. Grunneigar kan krevje nedlegging av ruta.
Fristar:	Kan starte umiddelbart.
Eigne notat:	

8.46. TURSTI LANGFJELLDALEN OG TILFELDIG UTFART SLETTVIKANE

Kartreferanse:	MQ 290 210 - MQ 410 160.
Kommune:	Norrdal og Rauma.
Grunneigar:	Private i Valldal, Norrdal statsallmenning, Grytten statsallmenning.
Ansvarleg:	Molde og Romsdals Turistforening.
Kva er gjort?	Det er merka turistrute frå riksveg 63 i Valldal gjennom Langfjelldalen til Verma. Ruta blir presentert i DNT si bok «Til fots i fjellet».
Kva kan bli gjort?	Trafikken langs ruta kan auke.
Verknad for villrein:	Ruta går gjennom ein viktig sommarbeitedal for bukkar, og ein trekk-korridor for dyr som kan krysse Trollstigvegen. Langfjelldalen er så trang at menneske kan skremme rein ut av dalen, og bruken av området kan bli redusert.
Konfliktnivå - no:	Vesentleg.
-framtidig:	Kan bli stort ved auka bruk av ruta.
Nødvendige tiltak:	Nedlegging av ruta. Om ønskeleg bør ein sjå på ei alternativ rute.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Molde og Romsdals Turistforening i samarbeid med DNT. Tiltaket krev godkjenning hos nye grunneigarar.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige avtalar for begge tiltaka. Alternativt kan grunneigar pålegge fjerning av merking av turistruta.
Fristar:	Ruta kan leggest ned og evt. ny rute bli merka sommaren 1999. Presentasjon av ruta kan takast ut ved første revisjon av kart og turhandbok.
Eigne notat:	

8.47. TURSTI VESLELANGDALEN - VESLE HÅNÅDALEN

Kartreferanse:	MQ 265 180 - MQ 395 050.
Kommune:	Norrdal og Rauma kommunar.
Grunneigar:	Private i Norrdal og Rauma, Norrdal og Grytten statsallmenningar.
Ansvarleg:	Ålesund-Sunnmøre Turistforening (ÅST).
Kva er gjort?	Det er merka turistrute frå riksveg 63 i Valldal frå Øvstestøl til Vakkerstølen. Ruta blir presentert i DNT si bok «Til fots i fjellet».
Kva kan bli gjort?	Trafikken langs ruta kan auke.
Verknad for villrein:	Ruta går gjennom ein viktig sommarbeitedal for bukkar, og ein trekkkorridor for dyr som skal vestover. Trasèen forbi Bjørnebotvatnet, gjennom Hånådalsreset og forbi Hånådalsvatnet er så trang at menneske kan skremme rein ut av dalen, og bruken av området kan bli redusert.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Vesentleg. Stort ved auke i trafikken.
Nødvendige tiltak:	Legge ned ruta og ta bort merkinga. Marknadsføre parallellruta frå Grønningssæter til Ulvådalsvatnet som eit alternativ.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Ålesund-Sunnmøre Turistforening i samarbeid med DNT.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige avtalar. Alternativt kan grunneigar krevje merkinga fjerna.
Fristar:	Tiltaket kan gjennomførast i 1998. Presentasjon av ruta kan takast ut ved første revisjon av kart og turhandbok.
Eigne notat:	

8.48. TURSTI NORDRE GLUPEN

Kartreferanse:	MQ 453 016 - MP 399 885
Kommune:	Rauma og Skjåk kommunar.
Grunneigar:	Private i Rauma, Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Den Norske Turistforening.
Kva er gjort?	Det er merka turiststi frå Tunga i Rauma gjennom Nordre Glupen til Torsbu i Skjåk. Ruta er presentert i «Til fots i fjellet» og på turkart.
Kva kan bli gjort?	Bruken av ruta kan auke.
Verknad for villrein:	Botnane i dette området er viktige sommarbeite for reinsbukkar, og på sikt kan desse områda også bli brukte av simler og kalv. Terrenget er slik at passasjane vert svært trange, med fare for nær kontakt mellom turvandrarar og rein. Reinen kan difor lett bli jaga ut av området, og beitebruken ka bli redusert eller gå ut.
Konfliktnivå - no- -framtidig:	Moderat. Kan bli vesentleg med større trafikk eller ekspansjon av reinen vestover.
Nødvendige tiltak:	Ruta vert lagt ned, og skilting og marknadsføring opphøyrer. Ein kan evt. lage ein ny «snarveg» mellom eksisterande ruter i Pyttbudalen og Pyttbua–Torsvatnet.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Den Norske Turistforening i samarbeid med grunneigar ved evt. ruteomlegging.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige tiltak. Krav frå grunneigar. Naturvernlova §§ 3–6 og § 22.
Fristar:	Skilting kan fjernast i 1998, og presentasjon av ruta kan takast ut ved første revisjon av kart og turhandbok.
Eigne notat:	

8.49. PYTTBUA OG TURSTIAR I NÆROMRÅDET TIL DENNE

Kartreferanse:	MP 985 375 (Pyttbua).
Kommune:	Rauma.
Grunneigar:	Private.
Ansvarleg:	Ålesund-Sunnmøre Turistforening.
Kva er gjort?	Det er bygd ei sjølvbetjent turisthytte med anneks med til saman 53 sengeplassar. Ut frå hytta går det 5 ruter: – Over Tunga til Vakkerstøylen. – Inn Nordre Hånådalsbotn mot Reindalssæter. – Sørøver mot Veltdalshytta via Radiovatnet. – Sørøver mot Torsbu langs austsida av Torsvatnet. – Ned Puttbudalen til Brøste.
Kva kan bli gjort?	Det kan framleis bli stor og evt. aukande trafikk av fotturistar i området.
Verknad for villrein:	Generell stor menneskeleg aktivitet i eit tidlegare kalvingsområde. Mykje tilfeldig forstyrring i eit vår- og sommarbeite for bukkar.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Store konflikhtar. Framleis store konflikhtar knytt til turrutenettet.
Nødvendige tiltak:	Oppretthalde stenginga av Pyttbua i mai. Utarbeide spesiell informasjon om villreinen i området til bruk på turisthyttene. Generell informasjon om konflikt mellom villrein og turistar. Heile rute nettet og hyttestrukturen i området bør gjennomgåast.
Ansvarleg for gjennomføringa:	ÅST og DNT er ansvarleg for at hytta ikkje blir brukt i mai, og dei syter for at ulik informasjon er tilgjengeleg på hyttene og blir presentert i ulike medlemsblad. Jaktrettshavarane og den offentlege viltforvaltninga utarbeider informasjon til fotturistar og andre. Gjennomgangen av rute-nettet må skje i eit samarbeid mellom grunneigarar, turistforeiningar og plan- og miljøvernstyresmaktene. Turistforeiningane bør ta initiativet til eit slikt samarbeid.
Mogelege verkemiddel:	Frivillig samarbeid. Viltlova §§ 7 og 8, naturvernlova §§ 3–6 og § 22.
Fristar:	Gjennomgang av rutenettet starta opp i 1996. Bruk av viltlov og naturvernlov må tilpassast verneplanprosessen.

8.50. DANSKEHYTTA

Kartreferanse:	MP 231 868.
Kommune:	Norddal kommune.
Grunneigar:	Tafjord Kraftselskap.
Ansvarleg:	Ålesund-Sunnmøre Turistforening.
Kva er gjort?	Det er bygd ei ny turistforeiningshytte med 16 sengeplassar i 1994.
Kva kan bli gjort?	Bruken av hytta kan auke over tid.
Verknad for villrein:	Hytta ligg rett nord for eit viktig kalvings- og beiteområde for villrein. Etableringa kan gje større trafikk sørfrå gjennom området, og uheldig forstyrring. Trafikk langs eksisterande rutenett nord for hytta verkar lite konfliktfylt.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Vesentleg konflikt. Kan bli stor.
Nødvendige tiltak:	Stenging av hytta før og under kalvingstida. Omlegging av rutenettet sør for hytta. Vurdere ferdselsrestriksjonar sør for hytta i sårbare periodar.
Ansvarleg for gjennomføringa:	ÅST og Villreikutvalet kan organisere stenging av hytta i sårbare periodar. ÅST i samarbeid med grunneigar kan legge om rutenettet. Statlege viltstyresmakter kan innføre ferdselsrestriksjonar.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige avtalar. Viltlova §§ 7 og 8 kan brukast til å innføre ferdselsrestriksjonar.
Fristar:	Stenging av hytta vert gjennomført f.o.m. 1995. Ruteomleggingar kan gjennomførast frå 1998, presentasjon av gamleruta kan takast ut ved første revisjon av kart og turhandbok. Ferdselsrestriksjonar kan gjennomførast frå år 2000.
Eigne notat:	

8.51. SKITREKK OG OPPKØYRDE LØYPER VED GROTLI HØYFJELLSHOTEL

Kartreferanse:	MP 284 765 (Hotellet).
Kommune:	Skjåk.
Grunneigar:	Privat og Skjåk Almenning.
Ansvarleg:	Grotli Høyfjellshotel.
Kva er gjort?	Det er bygd skitrekke ved hotellet. Hotellet preparerer kortare skiløyper i Grotliområdet.
Kva kan bli gjort?	Utfarten i området kan auke.
Verknad for villrein:	Skitrekke kan gje auka utfart vidare innover i Hamsedalen i ein sårbar periode. Uheldig plasserte skiløyper kan også gje same effekt. Auka ferdsel kan forstyrre reinen.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Vesentleg. Bør bli moderat ved tiltak.
Nødvendige tiltak:	Plassere skiløyper i lite sårbare område, og ikkje legge til rette for at skiløparar kan ta av frå løypa og inn i sårbare område. Informasjon om effektar av forstyrning av villrein både på hotell og ved skitrekke. Ferdselsrestriksjonar i sårbare område.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Grotli Høyfjellshotel kan tilpasse løypenett og distribuere informasjon. Viltstyresmakter og jaktrettshavarar kan utarbeide tilpassa informasjon. Statlege viltstyresmakter kan innføre ferdsels restriksjonar.
Mogelege verkemiddel:	Frivillig samarbeid. Viltlova §§ 7 og 8 for ferdselsrestriksjonar.
Fristar:	Kan startast umiddelbart. Ferdselsrestriksjonar kan evt. innførast frå år 2000.
Eigne notat:	



Hyttefeltet på Breidablikk, Skjåk. (Foto: Ola Betten)

Grotli Høyfjellshotel – Lokalt viktig turistbedrift rett ved sårbare villreinområde. (Foto: Ola Betten)



8.52. UTFART LIAFJELLET - HONNSJØEN

Kartreferanse:	MP 860 620 (midt i området).
Kommune:	Lom.
Grunneigar:	Private i Lom, Finndalen statsalmenning.
Ansvarleg:	Lom Idrettslag, enkeltpersonar.
Kva er gjort?	Det vert køyrt opp skiløype i området Liasetra–Åslia. I tillegg er det ein del tilfeldig utfart i området, mellom anna til hyttene ved Honnsjøen.
Kva kan bli gjort?	Det har vore planar om organiserte turar i området.
Verknad for villrein:	Ferdselen kan gje tilfeldig forstyrring i eit viktig vinterbeiteområde. Passasjen ved Stortepplingsranden er svært viktig for rein som vil trekke inn på Liafjellet.
Konfliktnivå - no:	Moderat.
-framtidig:	Kan bli stort ved auka ferdsel.
Nødvendige tiltak:	Unngå at tilrettelegging aukar trafikken i dei viktige vinterbeite områda og tilkomstvegane til desse.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Lom kommune. Ulike brukarorganisasjonar.
Mogelege verkemiddel:	Frivilige avtalar. Motorferdsellova m/ forskrift. Naturvernlova §§ 3–6 og § 22. Viltlova §§ 7 og 8.
Fristar:	Løpande oppfølging. Tilpassa verneplanarbeidet.
Eigne notat:	

8.53. SKIUTFART FRÅ RÅNÅ TIL ASBJØRNSDALEN

Kartreferanse:	MQ 564 009 (utgangspunkt).
Kommune:	Lesja.
Grunneigar:	Private.
Ansvarleg:	Enkeltpersonar.
Kva er gjort?	Nedre del av Asbjørnsdalen har vorte eit populært skiutfartsområde på ettervinteren. Folk går på ski frå ein opparbeidd parkeringsplass på Rånå.
Kva kan bli gjort?	Bruken av området kan auke, spesielt seint om våren.
Verknad for villrein:	Asbjørnsdalen er eit mykje brukt kalvingsområde og vårbeiteområde. Mykje menneskeleg ferdsel i området kan gjere reinen utrygg, og simlene kan trekkje unna til andre kalvingsområde. Dette kan vere område med dårlegare beiteforhold, og i så fall kan det gje større belastning på simlene og lågare mjølkeproduksjon til kalvane.
Konfliktnivå - no:	Vesentleg.
-framtidig:	Kan bli stort utan tiltak, moderat med tiltak.
Nødvendige tiltak:	Redusere skiutfarten, spesielt etter påske. Kanalisere ferdsel til mindre sårbare stader. Evt. ferdselsrestriksjonar i sårbar tid.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Miljøvernforvaltninga, kommunen og jaktrettshavarane.
Mogelege verkemiddel:	Informasjon og frivillige tiltak. Meir tilrettelegging for bruk av mindre sårbare område, nedbygging av parkeringstilbod på Rånå. Alternativt kan ein regulere ferdsel i det mest sårbare området frå midten av april og ut mai i medhald av viltlova §§ 7 og 8 eller naturvernlova §§ 3–6 og § 22.
Fristar:	Informasjonstiltak kan setjast i verk f.o.m. 1998. Alternativ tilrettelegging vil kunne skje suksessivt frå og med 1999. Bruk av viltlova eller naturvernlova kan vurderast etter erfaringane t.o.m. 1999, og kan evt. innførast kring år 2000.
Eigne notat:	

8.54. OVERNATTING OG TILFELDIG UTFART FRÅ SLETTVIKANE

Kartreferanse:	MP 290 210.
Kommune:	Norrdal.
Grunneigar:	Private i Valldal, Norrdal statsallmenning.
Ansvarleg:	Norrdal kommune, Statens vegvesen.
Kva er gjort?	Stor trafikk fører til mykje tilfeldig parkering, rasting og overnatting langs RV 63. Tidlegare grustak fungerer som campingplass.
Kva kan bli gjort?	Bruken av plassen kan auke etterkvart som han blir kjent.
Verknad for villrein:	Reinsbukkar som vil beite på vestsida av Meiadalen må krysse Slettvikaneområdet. Aktivitet frå turistar kan hindre reinen i å bruke området nordvest for Trollstigvegen. Den største forstyrringa vil oppstå om rasteplassen vert brukt som utgangspunkt for korte turar inn dalen.
Konfliktnivå - no: -framtidig:	Moderat. Kan bli vesentleg på sikt.
Nødvendige tiltak:	Regulering av camping langs vegen. Grustaket bør avsluttast og nedkøyringa stengast.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Statens vegvesen. Norrdal kommune og grunneigarane. Miljøvernstyresmaktene.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige avtalar for å stenge grustaket. Tilrettelegging av mindre konfliktfylte rasteplassar. Bruk av plan- og bygningslova § 85, friluftsløva § 15 eller naturvernlova §§ 5-6 og § 22.
Fristar:	Grustaket bør avsluttast i 1998. Arbeidet med å avklare vern etter naturvernlova i Meiadalen vil vere ferdig kring år 2000.
Eigne notat:	

8.55. PLANLAGT RASTEPLASS PÅ RV 63 VED DJUPVATNET, STRANDA

Kartreferanse:	MP 120 788.
Kommune:	Stranda.
Grunneigar:	Private.
Ansvarleg:	Statens vegvesen.
Kva kan bli gjort?	Vegvesenet vurderer ein ny rasteplass i austenden av Djupvatnet. Han er prioritert som nr. 12 av 19 for utbygging.
Verknad for villrein:	Rasteplassen ligg i eit sommararbeiteområde for den vestlege delstammen. Dyra beiter langs dalsidene, og dei kryssar vassdrag og veg fleire stader, m.a. vest for Langvatnet. Ein rasteplass vert ei ekstra kjelde til forstyrring og hindring av kryssing, men i høgsesongen vil biltrafikken i seg sjølv vere så stor at kryssing vert vanskeleg. Den største forstyrringa vil oppstå om rasteplassen vert brukt som utgangspunkt for korte turar inn i området.
Konfliktnivå - no:	–
-framtidig:	Moderat
Nødvendige tiltak:	Ikkje bygge rasteplass her, men bruke alternative plassar. Det er ein eksisterande plass i Hamsevika 15 km austover, og det vert planlagt ein ny plass 7–8 km vest for denne. I tillegg er det eit turistanlegg 2 km vest for den den påtenkte plassen.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Statens vegvesen, Møre og Romsdal. Kommune, fylkeskommune og statlege fagstyresmakter i planprosessen
Mogelege verkemiddel:	Fagleg kontakt med Statens vegvesen, meir uformell påverknad. Faglege råd og motsegner etter plan- og bygningslova. Rikspolitiske bestemmelsar for områda omfatta av landsplanen for nasjonalparkar.
Fristar:	Saka kan takast opp umiddelbart.
Eigne notat:	

8.56. STRYN SOMMERSKI A/S

Kartreferanse:	MP 140 700.
Kommune:	Stryn.
Grunneigar:	Private i Stryn, Tystigbreen statsallmenning.
Ansvarleg:	Stryn Sommerski A/S.
Kva er gjort?	Det er etablert eit sommarskisenter med servicebygg og breskitrekk. Senteret preparerer alpinbakkar og langrennsløype opp på Tystigbreen.
Kva kan bli gjort?	Det er planar om utviding av aktiviteten, spesielt på servicesida. Det er laga reguleringsplan for dette området.
Verknad for villrein:	Generell forstyrning i Tystigområdet gjer dette uaktuelt som beite område etter at sommarskisenteret opnar. Tystigbreen er ikkje spesielt viktig for reinen.
Konfliktnivå - no:	Moderat.
-framtidig:	Moderat ved miljøomsyn.
Nødvendige tiltak:	Ein bør konsentrere evt. ny aktivitet til eksisterande anlegg og unngå å ta i bruk områda mot Langvasseggi. Ein må unngå tidlegare oppbrøyting av vegen frå aust.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Stryn Sommerski A/S. Stryn kommune og statlege fagstyresmakter.
Mogelege verkemiddel:	Faglege råd og frivillig tilpasning. Heile skisenterområdet må omfattast av planar etter plan- og bygningslova.
Fristar:	Oppstart av kommuneplanen.
Eigne notat:	

8.57. TAMREINDRIFT

Kartreferanse:	MP 630 500 (om lag midt inne i området).
Kommune:	Lom.
Grunneigar:	Private i Lom, Leir- og Bøverdalen statsallmenning.
Ansvarleg:	Lom Tamreinlag A/L.
Kva er gjort?	Det beiter ca. 2.200 tamrein i Lomseggiområdet i februar og mars. Dette er grenseområda mot villreinområdet.
Verknad for villrein:	Lomseggi er sommararbeiteområde for villrein frå sørstammen, og såleis skal det ikkje vere villrein og tamrein i fjellpartiet på same tid. Det er ein fare for at villrein kan blande seg med tamrein dersom villreinen skulle endre beitemønster. Evt. gjengåande villrein vil også kunne blande seg inn i tamreinflokken. Dette ville kunne tappe villreinstammen for dyr.
Konfliktnivå - no:	Moderat
-framtidig:	Moderat.
Nødvendige tiltak:	Ein må fortsetje noverande gjensidige varslingsordning mellom Lom Tamreinlag A/L og Skjåk Almenning. Felt tamrein eller verdien av denne må attendeførast til vedkomande tamreinlag. Umerka dyr i tamreinflokken skal omsetjast til fordel for statskassa.
Ansvarleg for gjennomføringa:	Lom Tamreinlag, Skjåk Almenning og villreinutvalet.
Mogelege verkemiddel:	Frivillige avtalar. Informasjon til jegrar og tamreingjetarar. Reindriftslova § 16.
Fristar:	Slike tiltak er alt i gang.
Eigne notat:	

9. Konklusjonar og vidare arbeidsoppgåver

Utfordringar

Denne gjennomgangen har stadfesta at Ottadalsområdet har etter måten få og små fysiske inngrep. Forstyrningar av menneske og ulike fartøy er totalt sett moderat, men det er enkelte område der slik aktivitet er så stor at vi meiner det har negative følgjer for reinen.

Mønsteret i området er at dei mange små inngrepa og forstyrningane kan verke uskuldelege kvar for seg, men samla sett utgjer dei ei vesentleg belastning. I så måte skiljer ikkje forvaltninga av areala i Ottadalsområdet seg særleg frå mange andre miljøvernutfordringar.

Det verkar som om området vert skåna for mange større naturinngrep i framtida. Gjennom verneplanane for vassdrag er dei aller fleste større vassdraga i området sikra, og det er berre ei utbygging av Øvre Otta med ny kraftline som verkar aktuelt dei første åra. Utbygginga av hovudvegsambanda i området ser også ut til å vere over, og så langt er det berre vage planar om ny veg gjennom Handspiken som kan dele opp villreinområdet ytterlegare.

Det er knytt større usikkerheit til korleis den menneskelege ferdsla i området vil utvikle seg. Langtidstendensane har vore at bruken av turisthytter og -ruter har auka dei siste åra, og fleire av rutene i området går gjennom viktige område for reinen. Også meir tilfeldig utfart frå private hytter, turistanlegg og naturlege tilkomstpunkt rundt området har auka. Frå lokalt hald i området har fleire uttrykt stor skepsis til at eit evt. vern av delar av området, særleg som nasjonalpark, kan føre til meir menneskeleg ferdsel og skadeleg forstyrning av reinen. Dette momentet må ligge heilt i botnen av verne vurderingane, og ein må ikkje kome i den paradoksale situasjonen at slike sideverknader skadar den naturressursen som er noko av hovudmotivet for vernet.

Den tradisjonelle bruken av fjellområda må også føregå med omtanke. Det er grundig dokumentert at reinsjakta kan vere den mest stressande perioden i året for dyra, og det må vere ei prioritert oppgåve for jaktrettshavarar og forvaltninga å gjere desse problema så små som råd.

I tida ligg det også endringar i bruken av utmarka. Ein ser ei utvikling mot ein meir tilrettelagt bruk av fjellområda, der det kommersielle momentet får meir å seie. Reiseliv og turisme er nasjonale satsingsområde, og nye produkt innan «villmarksturisme» og «grønt reiseliv» vert presenterte. Utgangspunktet for å styre slike nye aktivitetar bør vere godt dersom viljen er til stades, sjølv om ein manglar ein del verkemiddel og praksis for dette.

Motorferdsel i utmark av ulikt slag bør gje små problem for reinen i området, dersom ein brukar dei aktuelle verkemidla.

Dessverre har ikkje alle kommunar skaffa seg det naudsynte styringsverktøyet for å forvalte areala i området. Stryn har ikkje kommuneplan endå, og uønskte, uheldige inngrep kan skje i mellomtida. Også dei andre kommunane bør føre ein løpande debatt om korleis dei best skal sikre områda. Ein må framleis unngå at ein lemfeldig dispensasjonspraksis utholar planar med gode og gjennomtenkte målsettingar.

Verkemiddel

Vi legg stor vekt på å utvikle godt samarbeid og utveksle informasjon mellom forvaltarar og brukarar av området. Det er mange interesser knytt til området med eit like mangfaldig saman-

sett person- og organisasjonsregister. Frivillige tiltak vil gjerne vere dei raskaste og mest effektive å gjennomføre, og gjensidig kontakt og respekt er då heilt nødvendig.

Vi tilrår ei tett oppfølging av nye aktivitetar i området ut frå eit føre var-prinsipp.

Om mogleg må ein styre og kanalisere inngrep og aktivitetar som menneskeleg ferdsel vekk frå sårbare område og tider på året. Det er viktig å sjå heile villreinområdet og tilgrensande areal i samanheng, og arealplanlegging etter plan- og bygningslova er eit viktig verktøy.

Ein kan også bruke anna lovverk for å hindre inngrep og forstyrningar. Her har Statskog SF/ fjellstyra og styret for Skjåk Almenning lovverk som grunneigarar og bruksrettforvaltarar. Dei statlege og kommunale styresmaktene forvaltar lovverk som naturvernlova, viltlova og friluftsløva.

Det let seg vanskeleg gjere å nemne alle som bør engasjere seg i alle saker. Lista må difor ikkje sjåast på som uttømmende. Det er både ønskeleg og nødvendig at alle som er opptekne av villreinen i Ottadalsområdet følgjer med i framdrifta av dei aktuelle sakene, og yter den innsatsen dei kan gjere for å nå måla.

Evaluering

I ettertid må ein kartlegge kor mange av dei foreslåtte tiltaka som er sett i gang, og kva effekt dette har hatt. I kapittel 8 har vi tilrådd at ein prøver å regulere ferdsel gjennom informasjon og friviljuge tiltak i første omgang, men vurderer å innføre ferdselsrestriksjonar dersom dette ikkje verkar. Vi tykkjer det er naturleg å følgje utviklinga i eit par sesongar før ein kan konkludere noko meir. Eit naturleg tidspunkt å ta opp att dette er difor kring år 2000.

Ein bør foreta ein total gjennomgang av tilstanden etter 5–7 år.

Ansvarlege for å starte dette arbeidet bør vere ansvarleg fylkesmann og villreinnemnda.



Vil villreinen og menneska gå i samme fotspor i framtida....

*...eller vil reinen i kommunevåpnet til Vågå bli den siste så langt aust som her ved Slådalsvegen?
(Begge foto: Ola Betten)*



10. Kjelder

Brukt litteratur:

- Bye, K., 1987: Abomasal nematodes from three Norwegian wild reindeer populations. *Can. J. Zool.* 65, s. 677–680.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1994: Mål og retningslinjer for stier og løyper i fjellet. DN-notat 1994–10.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1994: Vern og forvaltning av naturvernområder. DN-håndbok 7 (førebels utgåve).
- Direktoratet for naturforvaltning, 1995: Forvaltning av hjortevilt mot år 2000. Handlingsplan. DN-rapport 1995–1.
- Direktoratet for naturforvaltning, 1996: Forslag til revidert handlingsplan for friluftsliv mot år 2000. DN-rapport 1996–5.
- Erikstad, L. m.fl. 1993: Vassdragsundersøkelser i Øvre Otta, friluftsliv og naturfag. NINA utredning 049.
- Forsvarsdepartementet, 1992: Stortingsmelding nr. 21 (1992–93) Handlingsplan for miljøvern i Forsvaret.
- Fylkesmannen i Buskerud, 1986: Inngrep og forstyrrelser i Buskeruds villreinområder. Rapport 1/86.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1993: Naturfaglige konsesjonsvilkår knyttet til vasskraftutbygging i Møre og Romsdal. En oversikt over regulerte vassdrag.
- Fylkesmannen i Oppland, 1984: Nord-Ottadalen og Tafjordfjella. Naturverdier og vernebehov. Rapport 1/84.
- »—————, 1985: Villrein og inngrep i Rondane.
- »—————, 1987: Villrein og inngrep i Snøhetta. Rapport 15/87.
- Fylkesmannen i Rogaland, 1994: Inngrep og forstyringar i sentrale deler av Setesdal-Ryfylke villreinområde. Rapport 4/94.
- Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, 1993: Villreinen i Knutshø. Rapport 3/93.
- Fylkesmannen i Telemark, 1989: Villreinens arealbruk, inngrep og forstyrrelser i Telemarks del av Hardangervidda villreinområde. Rapport 24/89.
- Gausemel, S., 1989: Er det beitekonkurrans mellom rein og sau? *Villreinen* 1989, 48–53.
- Grøvan, B., 1987: Aktivitet – Forstyrrelser – Kondisjon. Sammenligning av villreinstammer med ulik næringstilgang. *Villreinen* 1987, 31–35.

- Hage, T. m.fl., 1990: Forslag til mål og retningslinjer for Norsk sti- og løypeplan. Del 1.
- Hagen, P., & Tørresdal, E., 1993: Brukerinteresser i Reinheimen. Rapport Senter for Bygdeturisme.
- Hedmark og Oppland fylkeskommunar, 1991: Fylkesdelplan Rondane. Mål: Bevaring av villreinstammen.
- Helberg, C. (red.), 1991: På ski i fjellet. Beskrivelse av skiruter i fjellet. Den Norske Turistforening.
- Helberg, C. (red.), 1993: Til fots i fjellet. Beskrivelse av merkede fotturruter i Norge. Den Norske Turistforening.
- Jordhøy, P., 1995: Planlagt 300 kV-ledning Øyberget-Vågåmo. Vurdering av konsekvensene for villreinen. Betenkning NINA-NIKU.
- Kaltenborn, B., 1988: Ferdsel i Arktis. Del 1: Konsekvenser for miljøet.
- Kaltenborn, B., & Persen, E. 1988: Ferdsel i Arktis. Del 2: Registrering av luftferdsel på Svalbard.
- Kommuneforlaget AS, 1996: Kommunenøkkelen 96–97.
- Kraftlaget Opplandskraft m.fl. udatert frå 1996. Glitra Øyberget i Øvre Otta. Informasjon om planane for Kraftutbygging.
- »—————: Verknader av Glitra-Øyberget utbygginga.
- Miljøverndepartementet, 1987: Stortingsmelding nr. 40 (1986–87) Om friluftsliv.
- Miljøverndepartementet, 1990: Øvre Otta. Videreføringsrapport for 005 – Øvre Otta (II-B2b). Vassdragsrapport Samlet Plan for vassdrag.
- Miljøverndepartementet, 1997: Stortingsmelding nr. 29 (1996–97) Regional planlegg og arealpolitikk.
- Miljøverndepartementet, 1997: Stortingsmelding nr. 58 (1996–97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling.
- Monsen, M. (red.), 1993: Nye nasjonalparker. Fjell og Vidde nr. 8/93.
- Mølmen, Ø.(red.), 1991: Ottadalsreinen. Bare en liten del av vidda er reinbeite. Fagnytt naturforvaltning nr 4 1995.
- Norges Jeger- og Fiskerforbund, 1995: Fremtidig forvaltning av hjortevilt. Rapport nr. 5 – 1995.

- Reimers, E. 1984: Virkninger av menneskelig aktivitet på rein og caribou. VN-rapport nr. 9. NVE-Vassdragsdirektoratet.
- Reimers, E. & Kolle, K. 1988: Jaktens betydning for villreinenens aktivitetsbudsjett og konsekvenser for dyrenes vekst og kroppsstørrelse. Villreinen 1988, 5–6.
- Reimers, E. m.fl., 1994: Frykt og fluktadferd hos villreinen i Sør-Norge. Villreinen 1994, 54–57.
- Reimers, E. 1994: Villreinstammen i Rondane Nord – struktur og kalvetilvekst 1983–1992 – ingen målbar effekt av Tsjernobylykken. Villreinen 1994, 28–30.
- Skogland, T. 1991: Bestandsfragmentering av villreinen i Rondane pga. naturinngrep og turisme. Villreinen 1991, 66–72.
- Skogland, T. 1994: Villrein. Fra urinnvåner til miljøbarometer.
- Statens vegvesen og Dir. for naturforvaltning, 1994: Veg og natur.
- Styringsgruppa for fleirbruksplan Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene, 1993 (a): Fleirbruksplan Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. Hovudprosjektet – sluttrapport.
- »————— 1993 (b): Fleirbruksplan for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. Fagleg prosjektgruppe ferdslø (inkl. kart).
- Villreintrådet, 1993: Tiltaksplan for norske villreinområder 1993–1999. Notat.
- Villreirutvalget i Ottadalsområdet, 1994: Driftsplan for Ottadalen villreinområde 1994–1998.
- Vittersø, J. m.fl. 1994: Nasjonalparker og reiseliv – En litteraturstudie om policy, potensialer og problemer. NINA utredning 061.
- Vorkinn, M. & Aas, Ø. 1992: Effekten av kraftutbygging i Jostedalsvassdraget for friluftslivet. Del I – Endringer i bruk under utbyggingsperioden. NINA utredning 032.
- Warren, J. T. & Mysterud, I. 1995: Sau, villrein og ressursbruk på Hardangervidda i tidlige tid og nå.

Munnlege kjelder.

Gunnar Aspehjell
 Frode Bakken, Stryn
 Torvald Bakken, Luster
 Lars Arne Bay
 Steinar Belsby
 Peik Bendixen, Trondheim
 Jens Berge, Stranda
 Jon Berge, Oppstryn
 Are Bergheim, Grotli
 Olav P. Berild, Innfjorden
 Tone Bjerkestrand
 Finn Bjormyr, Lillehammer
 Olav Bjørnflaten
 Elling Bollestad, Luster
 Jo Sturla Bondal
 Jo Nordahl Bottheim
 Ingbjørn Bredeli, Molde
 Torbjørn Bruaset, Måndalen
 Olav Brøste, Verma
 Hans Olav Bråtå, Oslo
 Dagfinn Claudius, Lillehammer
 Erling Dagsgard
 Per Dagsgard
 Lisbeth Dahle
 Oddbjørn Dahl, Geiranger
 Bjørn Dalen, Skjåk
 Johan Danielsen, Trondheim
 Oddvin Drageset, Innvik
 Tom Dybwad, Hermannsverk
 Fridjon Døving, Valldal
 Odd Engen, Vågå
 Torfinn Evensen
 Berit Fiksdal, Dombås
 Arne Flisnes, Ålesund
 Are Fortun, Stranda
 Einar Fortun, Høyheimsvik
 Atle Frantzen, Molde
 Svein Fredriksen, Åndalsnes
 Kjell Garbekken, Oslo
 Lars Gjerdet, Skjåk
 Eilev Graffer, Lom
 Trond Grøna, Lom
 Ole Grønning, Valldal
 David Grøvdal
 Morten Gundersen
 Jan Hageland, Aust-Torpa
 Åge Hamang
 Arild Haugen, Isfjorden
 Tore Haugen, Skjåk
 Norddal viltneimnd
 Dagl. leiar Stryn Sommarski A/S
 Leiar i interimstyret for Handspikvegen
 Villreinnemnda Setesdal Vesthei-Ryfylke
 Tekn. etat, Stranda kommune
 Førstekonsulent Direktoratet for naturforvaltning Jens
 Villreinnemnda
 Villreinnemnda
 Dagl. leiar Grotli Høyfjellshotel
 Formann Voll fjellstyre
 Luftfartsverket
 Førstekonsulent, tidl. miljøvernleiar i Lesja
 Major, Forsvarets Overkommando
 Miljøvernleiar i Luster
 Tidl. jordbrukssjef i Rauma
 Ordførar Lesja kommune
 Tidl. miljøvernleiar i Rauma
 Ordførar Rauma kommune
 Oppsyn, sauegjetar, kjentmann
 Norsk inst. for By- og Regionforskning
 Naturforvaltar, Fylkesmannen i Oppland
 Landbrukskontoret, Skjåk kommune
 Teknisk sjef, Skjåk kommune
 Friluftts- og naturvernkonsulent, Fylkesmannen i SF
 Grunneigar, jeger
 Miljø- og kulturkonsulent i Skjåk kommune.
 Førstekonsulent Direktoratet for naturforvaltning
 Ordførar Stryn kommune
 Nasjonalparkforvaltar Jostedalsbreen
 Øvstestøl seterlag
 Villreinnemnda
 Prosjektmedarbeidar, DNT
 Miljøvernleiar Dovre
 Sekretær Ålesund-Sunnmøre Turistforening
 Tidl. miljøvernleiar Stranda kommune
 Oppsyn i Luster fjellstyre
 Tidl. leiar Molde og Romsdals Turistforening
 Tidl. dir. Rauma Energi A/S
 Statens vegvesen, Vegdirektoratet
 Tidl. oppsynsmann Skjåk Almenning
 Formann Lom tamreinlag
 Oppsyn
 Oppsyn, kjentmann
 Teknisk hovudutval, Rauma kommune
 Førstekonsulent Miljøverndepartementet
 Sekretær Villreinnrådet i Norge
 Oberst, Generalinspektøren for Luftforsvaret
 Teknisk etat, Rauma kommune
 Oppsyn/kjentmann

Olaf Heitkøtter, Lesjaskog
 Bjørg Hellem, Kristiansand
 Harald Hellenes, Fortun
 Arne Hol
 Lars B. Holmøyvik
 Gullak Hovland, Gaupne
 Gudbrand Hyrve
 Vemund Jaren, Trondheim
 Bjørn Åge Jenssen, Lom
 Per Jordhøy, Trondheim
 Morten Kielland
 Thorer Kjos, Åndalsnes
 Normann Kjærvi, Gaupne
 Per Aksel Knudsen, Geilo
 Hans Krogstad, Skjåk
 Halvar Kvesetberg, Dovre
 Kjartan Kvien, Skjolden
 Svein Larsen, Lillehammer
 Bjørn Larsson
 Siri Legernes, Oslo
 Oddbjørn Lianes, Stordal
 Margit Grimstad Lien
 Stein Lier-Hansen, Trondheim
 Anne Lise Lunde
 Håkon Lundestad
 Stein Løkken, Lesja
 Olav Mathisen
 Erling Mork, Vågåmo
 Per Ivar Mork, Lillehammer
 Arne Mortensen, Lillehammer
 Kjell Mulelid, Norddal
 Øystein Mølmen, Lora / Eidsvoll
 Eirik Nesse
 Sverre Nordal, Isfjorden
 Ole Nordsteien, Trondheim
 Harald Onsumberg, Lom
 Ole Dan Os
 Fredrik Platou
 Eigil Reimers, Univ. i Oslo
 Gudmund Relling, Norddal
 Odd Repp, Lom
 Harald Risnes, Stryn
 Astrid Roen, Skjåk
 Nils Romestrand, Ørsta
 Randi Rust, Skjåk
 Melvin Rykhus, Dovre
 Per Erik Sigstadstø, Trondheim
 Christian Skaugen, Sel
 Jakup Skjedsvoll
 Steinulf Skjerdal, Høyheimsvik
 Terje Skogland, Trondheim (+)

Tidl. oppsyn, kjentmann
 Konsulent Vest-Agder Fylkeskommune
 Maskinbestyrar Hydro Energi A/S
 Norddal fjellstyre
 Stryn kommune
 Mørefly A/S
 Varaordfører / formann viltutvalet i Skjåk kommune
 Kontorsjef DN
 Natur Opplevingar A/S
 Forskar Norsk inst. for Naturforskning
 Planleggar Skjåk kommune
 Liaisonoffiser for utanlandske styrkar i Rauma
 Statkraft SF, region vest
 Villreinrådet i Norge
 Formann Villreinutvalet, ordfører i Skjåk
 Fagkonsulent jordbruk, Dovre kommune
 Villreinutvalet
 Skogforvaltar, Statskog Oppland
 Oberstløytnant, Forsvarskommando Sør-Norge
 Vegdirektoratet
 Tafjord Kraft
 Tidl. ordfører Skjåk
 Ass. dir. Direktoratet for naturforvaltning
 Ordfører Stranda kommune
 Firdafly A/S, Sandane
 Teknisk sjef, Lesja kommune
 Rådmann Lesja kommune
 Oppsyn, kjentmann
 Hytteeigarforeininga på Grotli
 Rovviltkonsulent, tidl. oppsyn Lesja fjellstyre
 Tidl.jordbrukssjef, Norddal kommune
 Jaktoppsyn / fornminnegranskar
 Inspektør, DNT
 Teknisk sjef, Rauma kommune
 Bergmester, Bergvesenet
 Hovudutval for natur og miljø, Lom kommune
 Rådmann Standa kommune
 Statskog Oppland
 Forskar
 Ordfører Norddal kommune
 Oppsyn, Lom fjellstyre
 Rådmann Stryn kommune
 Skjåk Almanning
 Tidl. formann Ålesund-Sunnmøre Turistforening
 Tidl. medlem av villreinnemnda
 Tidl. ordfører Dovre kommune
 Førstekonsulent DN
 Liaisonoffiser for utanlandske avd. i Ottadalen
 Jordbrukssjef Vågå kommune
 Villreinnemnda
 Tidl. seniorforskar Norsk inst. for Naturforskning

Erling Skurdal
 Bjørn Stene
 Kari Sveen, Lom
 Tore Wiste Sveen, Lillehammer
 Olav Svestad, Lom
 Elisabet Sætre, Lillehammer
 Per Oddmund Tafjord, Tafjord
 Ola Toftelien, Dovre
 Trond Toldnes, Dovre
 Svein Tengesdal, Bismo
 Geir Vagstein, Lillehammer
 Børre Vegsund, Ålesund
 Bjarne Venjum, Luster
 Steinar Vestnes, Molde
 Ernst Veum, Fortun
 Torun Løne Vinje, Aurland
 Per Arne Westavik, Kr. sund
 Oddvin Westerås, Geiranger
 Anne Britt Wolff
 Oddmund Ødegård, Valldal
 Knut Øyjordet, Vågåmo

Beitekonsulent, Norges sau- og geitealslag
 Opplandskraft A/S
 Miljøvernleiar Lom kommune
 Statens vegvesen, Oppland
 Jordbrukssjef
 Fylkesmannen i Oppland
 Tafjord Kraft
 Dovre vestsida grunneigarlag
 Fjelloppsyn Dovre fjellstyre
 Tidl. bestyrar Skjåk almenning
 Seksjonsleiar Fylkesmannen i Oppland
 Formann Ålesund-Sunnmøre Turistforening
 Rådmann Luster kommune
 Statens vegvesen, Møre og Romsdal
 Ordførar Luster
 Miljøvernleiar Aurland
 Reiselivssjef i Møre og Romsdal
 Kjentmann og grunneigar
 Norges Rytterforbund
 Rådmann Norddal kommune
 Tidl. miljøvernleiar Vågå

OTTADALEN VILLREIN OMRÅDE
 KONFLIKTAR MELLOM VILLREIN OG TEKNISKE INNGREP/FORSTYRRINGAR.

Parkeringsplassar	Regulerte vatn	
Turistforeningshytter	Viktige vinterbeite	Ekvidistans 100 meter
Andre tilgjengelege hytter (Fjellstyre, almenningar m.v.)	Høllårsbeite	UTM Sone 32
Område m/mange privathytter	Sommarbeite	
Sotegrønder	Kalvingsområde	
Hotell, turistanlegg	Vinterbeite, lite brukt.	
Militære øvingsområde	Tidlegare kalvingsområde	
Kraftlinjer	Viktige trekkvegar	
Konfliktfrita kraftlinjer	34 Konfliktnummer	
St		
Konflikt / ferdsoi		
Vinterstengt veg		

Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk, N250.
 Tillatelse: LDU 1003 - 0220.

